



MØTEINNKALLING KOMMUNESTYRET

Møtedato: 12.02.2018
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 11:00 - 17:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Sølvi Legård epost solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Det er open halvtime frå kl. 1100

Innbyggjarar som ønskjer å ta ordet i open halvtime må vere tilstades i kommunestyresalen kl. 1100

ORIENTERINGAR M.M.

- Repetisjon/opplæring i bruk av møteportal (i starten av møtet)
- Ny barne- og ungdomsskule på Dale – nærare presentasjon av bygget, inne- og uteområdet v/Rambøll
- Fast orientering frå rådmann og ordførar

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
01/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2018	GODKJENNING AV MØTEBOK
03/2018	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
04/2018	REFERATSAKER OG MELDINGAR
05/2018	SKJENKELØYVE BKK KURSSENTER - ENDRING AV STYRAR
06/2018	TILDELING AV MIDLAR FRÅ VAKSDAL LANDBRUKSFOND 2017
07/2018	LOKAL FORSKRIFT FOR REGULERING AV VANNSKUTERKØYRING
08/2018	SVAR TIL HØYRING, PLANPROGRAM FOR KOMMUNEPLANEN TIL VOSS HERAD
09/2018	KLAGE PÅ VEDTAK OM PÅLEGG FOR FJERNING AV FARTØY PÅ STAMNES
10/2018	TILDELING AV VIGSELSRETT TIL ANDRE ENN ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR
11/2018	VAL AV ÅRSMØTEREPRESENTANT TIL VEST BRANN- OG REDNINGSREGION



Vaksdal kommune

2. februar 2018

Sigmund Simmenes
Fung. ordfører



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
01/2018	Kommunestyret	PS	12.02.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	18/3

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
02/2018	Kommunestyret	PS	12.02.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	18/3

GODKJENNING AV MØTEBOK

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 18.12.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

Møtedato: 18.12.2017
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 11:00 - 17:10

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Anders Jin Risnes	AP	Medlem
Magne Hestad	AP	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Jan Hansen	AP	Medlem
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Varaordfører
Hege Eide Vik	SP	Medlem
Jarle Audestad	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Evelyn Boge	SV	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem
Anneli Vatle Lilletvedt	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Asbjørg Hesjedal	AP	Varamedlem
Odd Jøran Oldervik	SV	Varamedlem
Silje Stien	H	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Bjørn Roald	H	Silje Stien, H
Eirik Haga	AP	Asbjørg Hesjedal, AP
Kjartan Haugsnes	SV	Odd Jøran Oldervik, SV



Andre møtande:

Konst. rådmann Åse Elin Myking

Trine Pettersen Grønbech

Økonomisjef Truls Morten Kaland

Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad

Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum

Einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal

Politisk sekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
85/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
86/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
87/2017	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
88/2017	REFERATSAKER OG MELDINGAR
89/2017	VEDTAK AV REGULERINGSPLAN FOR VAKSDAL VASSVERK - PLAN-ID 2005001
90/2017	DIVERSE - ÅRSAVSLUTNING 2017
91/2017	HEIDER TIL VIKTIGE PERSONAR I VAKSDAL KOMMUNE
92/2017	VERTSKOMMUNESAMARBEID MED BERGEN BRANNVESEN
93/2017	INTERKOMMUNAL LEGEVAKT - BUDSJETT 2018
94/2017	BUDSJETT 2018 VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER KF
95/2017	RENOVASJONGSGBYR 2018
96/2017	FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2018



85/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 18.12.2017

Behandling:

Val av setjevaraordførar:

På vegner av AP, KRF, SP føreslo Arne Normann Heidi Rongved som setjevaraordførar for dette møtet og fram til Eirik Haga er tilbake. Dette vart Samrøystes vedteke

Saka vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 85/2017 Vedtak:

Heidi Rongved vart vald som setjevaraordførar for dette møtet og fram til Eirik Haga er tilbake. Innkalling og saksliste vart godkjent.

86/2017: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kommunestyret 18.12.2017

Behandling:

I møteboka, sak 82/2017, er det oppgitt feil parti på Bjørn Øivind Krogsrud, han bad om at dette vart retta opp i.

Med denne merknaden vart møteboka samrøystes godkjent.

KOM - sak 86/2017 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



87/2017: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Kommunestyret 18.12.2017

Behandling:

- Orientering om undersøking vedkomande mogeleg utfylling i sjø på Stanghelle v/Anne Birgitte Roe, Multiconsult Norge AS
- Orientering om prosjektstatus og prosessar ny skule på Dale:
 - Jan Erik Bernes Roe frå referansegruppa
 - Magnar Helland, einingsleiar Skule
 - Willy Andre Gjesdal, einingsleiar Samfunnsutvikling
- Fast orientering frå rådmann
Rådmannen si orientering vert lagt inn i Møteportalen under Informasjon

KOM - sak 87/2017 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

88/2017: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Kommunestyret 18.12.2017

Behandling:

Samrøystes vedtek.

KOM - sak 88/2017 Vedtak:

Referatsakene vart tatt til orientering.

89/2017: VEDTAK AV REGULERINGSPLAN FOR VAKSDAL VASSVERK - PLAN-ID 2005001

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal vedtek i medhald av Plan- og bygningslova §12-12 detaljregulering for Vaksdal vassverk, plannummer PlanID 2015001:

- Plankart, datert 03.11.2017



Vaksdal kommune

- Tilhøyande reguleringsføresegn, datert 07.11.2017
- Tilhøyande planskildring, datert 07.11.2017

Kommunestyret 18.12.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 89/2017 Vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal vedtek i medhald av Plan- og bygningslova §12-12 detaljregulering for Vaksdal vassverk, plannummer PlanID 2015001:

- Plankart, datert 03.11.2017
 - Tilhøyande reguleringsføresegn, datert 07.11.2017
 - Tilhøyande planskildring, datert 07.11.2017
-

90/2017: DIVERSE - ÅRSAVSLUTNING 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner følgjande justeringar i samband med rekneskapsavslutninga for 2017:

Driftsbudsjett:

	Bruk av midler	Beløp
Flyktningefond 2.561125	1940.2770.265	20.000

Eventuelt «overskot» av Integreringstilskot utover 1 mill vert sett av til fond 2.561125

Kapitalbudsjett:

	Bruk av midler	Beløp
Fond for avkastning av innskoten kapital 2.569900	3529.1190.172.K99000	1.254.678

Kommunestyret 18.12.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 90/2017 Vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner følgjande justeringar i samband med rekneskapsavslutninga for 2017:



Vaksdal kommune

Driftsbudsjett:

	Bruk av midler	Beløp
Flyktningefond 2.561125	1940.2770.265	20.000

Eventuelt «overskot» av Integreringstilskot utover 1 mill vert sett av til fond 2.561125

Kapitalbudsjett:

	Bruk av midler	Beløp
Fond for avkastning av innskoten kapital 2.569900	3529.1190.172.K99000	1.254.678

91/2017: HEIDER TIL VIKTIGE PERSONAR I VAKSDAL KOMMUNE

Heidersnemnda sitt framlegg til vedtak:

Desse personane frå Vaksdal kommune vert heidra:

- Peder L. Furubotn vert heidra med ein minnestein plassert i senterparken på Vaksdal
- Lavik-brødrene (Andres, Andreas og Johannes) vert heidra med ein samleplakett med alle navna på, plassert på ein sentral plass på Lavik, t.d. ved butikken
- Bjørn Wiik vert heida med ei minneplate i grendahuset på Eidsland

Kostnader med anskaffelse av heiderssymbol samt til arrangement i samband med avdukingane må innarbeidast i budsjettet for 2018.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 27.11.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 88/2017 Tilråding:

Desse personane frå Vaksdal kommune vert heidra:

- Peder L. Furubotn vert heidra med ein minnestein plassert i senterparken på Vaksdal
- Lavik-brødrene (Andres, Andreas og Johannes) vert heidra med ein samleplakett med alle navna på, plassert på ein sentral plass på Lavik, t.d. ved butikken
- Bjørn Wiik vert heida med ei minneplate i grendahuset på Eidsland

Kostnader med anskaffelse av heiderssymbol samt til arrangement i samband med avdukingane må innarbeidast i budsjettet for 2018.



Kommunestyret 18.12.2017

Behandling:

Endringsframlegg frå Evelyn Boge, SV:

Setningen

"Peder L. Furubotn vert heidra med ein minnestein plassert i senterparken på Vaksdal"

vert endra til:

"Peder L. Furubotn vert heidra med ein minnestein plassert i Synken-hagen" om mogleg.

Røysting

Det vart først røysta over formannskapet si tilråding som vart samrøystes vedteke.

Evelyn Boge sitt framlegg vart så samrøystes vedteke.

KOM - sak 91/2017 Vedtak:

Desse personane frå Vaksdal kommune vert heidra:

- Peder L. Furubotn vert heidra med ein minnestein plassert i Synken-hagen om mogleg.
- Lavik-brødrene (Andres, Andreas og Johannes) vert heidra med ein samleplakett med alle navna på, plassert på ein sentral plass på Lavik, t.d. ved butikken
- Bjørn Wiik vert heida med ei minneplate i grendahuset på Eidsland

Kostnader med anskaffelse av heiderssymbol samt til arrangement i samband med avdukingane må innarbeidast i budsjettet for 2018.

92/2017: VERTSKOMMUNESAMARBEID MED BERGEN BRANNVESEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune inngår administrativt vertskommunesamarbeid etter §28 b om brann og redningstenester med Bergen Brannvesen frå 2018 i samsvar med framdriftsplan. Samarbeidsavtalen vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret ber rådmannen om å delegere mynde som brannsjef til brannsjefen i Bergen kommune, jf:

- *Lov av 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon mv. (brannvernloven)*
- *Forskrift av 26. juni 2002 nr. 728. endret 22. august 2002 nr. 931 og 6. november 2003 nr. 1317, om brannforebyggende tiltak og tilsyn (forebyggende forskrift)*
- *Forskrift av 26. juni 2002 nr. 729 om organisering og dimensjonering av brannvesen (dimensjoneringsforskrifta)*

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 27.11.2017

Behandling:

Saka vart utsett til ekstraordinært møte i formannskapet 04.12.



FPØ - sak 92/2017 Vedtak:

Saka vart utsett til ekstraordinært møte i formannskapet 04.12.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.12.2017

Behandling:

Tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes, på vegner av SV og H:

Vertskommunesamarbeidet vert evaluert årleg. Evalueringa vert lagt fram for Vaksdal kommunestyre, første gong i desember 2018.

Kjartan Haugsnes ba rådmannen utarbeida eit oversyn over vertskommunesamarbeid og interkommunale samarbeid som kommunen er med i. Ordføraren opplyste om at dette vil komma i årsmeldinga

Røysting

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Kjartan Haugsnes sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 96/2017 Tilråding:

Vaksdal kommune inngår administrativt vertskommunesamarbeid etter §28 b om brann og redningstenester med Bergen Brannvesen frå 2018 i samsvar med framdriftsplan. Samarbeidsavtalen vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret ber rådmannen om å delegere mynde som brannsjef til brannsjefen i Bergen kommune, jf:

- *Lov av 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon mv. (brannvernloven)*
- *Forskrift av 26. juni 2002 nr. 728. endret 22. august 2002 nr. 931 og 6. november 2003 nr. 1317, om brannforebyggende tiltak og tilsyn (forebyggende forskrift)*
- *Forskrift av 26. juni 2002 nr. 729 om organisering og dimensjonering av brannvesen (dimensjoneringsforskrifta)*

Vertskommunesamarbeidet vert evaluert årleg. Evalueringa vert lagt fram for Vaksdal kommunestyre, første gong i desember 2018.

Kommunestyret 18.12.2017

Behandling:

I medhald av forvaltningslovens § 6 første ledd punkt b) vedtok kommunestyret samrøystes at Boris Groth er ugild i saka.

I medhald av forvaltningslovens § 6 andre ledd vedtok kommunestyret samrøystes at Magne Hestad er ugild i saka.

Samrøystes vedtak.



KOM - sak 92/2017 Vedtak:

Vaksdal kommune inngår administrativt vertskommunesamarbeid etter §28 b om brann og redningstenester med Bergen Brannvesen frå 2018 i samsvar med framdriftsplan. Samarbeidsavtalen vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret ber rådmannen om å delegere mynde som brannsjef til brannsjefen i Bergen kommune, jf:

- *Lov av 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon mv. (brannvernloven)*
- *Forskrift av 26. juni 2002 nr. 728. endret 22. august 2002 nr. 931 og 6. november 2003 nr. 1317, om brannforebyggende tiltak og tilsyn (forebyggende forskrift)*
- *Forskrift av 26. juni 2002 nr. 729 om organisering og dimensjonering av brannvesen (dimensjoneringsforskrifta)*

Vertskommunesamarbeidet vert evaluert årleg. Evalueringa vert lagt fram for Vaksdal kommunestyre, første gong i desember 2018.

93/2017: INTERKOMMUNAL LEGEVAKT - BUDSJETT 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet ber Voss kommune vurdere budsjettet for interkommunal legevakt på nytt og legge fram eit revidert budsjettframlegg innafor ei ramme på 5% vekst. Revidert framlegg må leggast fram i til kommunestyret si behandling i desember.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 27.11.2017

Behandling:

Rådmannen orienterte.

Tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Nytt punkt 2.

Formannskapet ber administrasjonen kontakte kommunane Bergen, Osterøy, Kvam og Samnanger om moglegheitene for å etablere ei felles interkommunal legevakt i Arna saman med Vaksdal kommune.

Framlegget vart i møtet endra til følgjande:

Formannskapet vil støtte opp prosessen med å få etablert ei felles legevaktordning saman med Samnanger, Osterøy og Kvam i Arna.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Kjartan Haugsnes vart samrøystes vedteke.



FPØ - sak 89/2017 Vedtak:

Formannskapet ber Voss kommune vurdere budsjettet for interkommunal legevakt på nytt og legge fram eit revidert budsjettframlegg innafor ei ramme på 5% vekst. Revidert framlegg må leggast fram i til kommunestyret si behandling i desember.

Formannskapet vil støtte opp prosessen med å få etablert ei felles legevaktordning saman med Samnanger, Osterøy og Kvam i Arna.

Kommunestyret 18.12.2017

Behandling:

Rådmannen orienterte.

Framlegg frå Boris Groth, FRP:

Vaksdal kommunestyre ber Voss kommune vurdere budsjettet for interkommunal legevakt på nytt og legge fram eit revidert budsjettframlegg innafor ei ramme på 5% vekst. Revidert framlegg må leggast fram i til kommunestyret si behandling i desember.

Vaksdal kommunestyre vil støtte opp prosessen med å få etablert ei felles legevaktordning saman med Samnanger, Osterøy og Kvam i Arna.

Framlegget vart seinare trekt og erstatta med følgjande framlegg:

Vaksdal kommunestyre ber Voss kommune vurdere budsjettet for interkommunal legevakt på nytt og legge fram eit revidert budsjettframlegg innafor ei ramme på 5% vekst. Revidert framlegg må leggast fram til kommunestyret snarast råd.

Vaksdal kommunestyre vil støtte opp prosessen med å få etablert ei felles legevaktordning saman med Samnanger, Osterøy og Kvam i Arna.

Framlegg frå Evelyn Boge, SV:

Kommunestyret vedtek budsjett for interkommunal legevakt 2018 på Voss i samsvar med vertskommuneavtalen punkt 17.4.

Framlegg frå Magne Hestad, AP:

Vaksdal komme gjer gjeldane punkt. 17.4 i samarbeidsavtalen. Vaksdal kommune arbeidar vidare med å få etablert ei legevakt i Arna.

På bakgrunn av framlegget frå Magne Hestad trekte Evelyn Boge sitt framlegg.

Det vart pause i drøftinga, og følgjande omforeinte framlegg frå Magne Hestad og Boris Groth vart lagt fram:

Vaksdal kommunestyre godkjenner ikkje framlagt budsjett for 2018 for interkommunal legevakt frå Voss kommune.

Vaksdal kommune gjer gjeldane punkt. 17.4 i samarbeidsavtalen om vertskommunesamarbeid for interkommunal legevakt.

Vaksdal kommune arbeidar vidare med å få etablert ei felles legevaktordning saman med Samnanger, Osterøy og Kvam i Arna.

Det omforeinte framlegget vart samrøystes vedteke.



KOM - sak 93/2017 Vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner ikkje framlagt budsjett for 2018 for interkommunal legevakt frå Voss kommune.

Vaksdal kommune gjer gjeldane punkt. 17.4 i samarbeidsavtalen om vertskommunesamarbeid for interkommunal legevakt.

Vaksdal kommune arbeidar vidare med å få etablert ei felles legevaktordning saman med Samnanger, Osterøy og Kvam i Arna.

94/2017: BUDSJETT 2018 VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER KF

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner budsjett 2018 for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter innafor ei samla ramme av kommunalt tilskotet på kr 1.886.320 Kr 1.571.325,- vert finansiert med ordinært tilskot og kr 314.995,- vert finansiert ved bruk av integreringstilskot.

Kommunestyret 18.12.2017

Behandling:

Samrøysstes vedtak.

KOM - sak 94/2017 Vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner budsjett 2018 for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter innafor ei samla ramme av kommunalt tilskotet på kr 1.886.320 Kr 1.571.325,- vert finansiert med ordinært tilskot og kr 314.995,- vert finansiert ved bruk av integreringstilskot.

95/2017: RENOVASJONGEBYR 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av renovasjonsgebyr på vegne av Vaksdal kommune, jfr. §12 i «Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning». Renovasjonsgebyret tilhøyrer Vaksdal kommune.
2. Prisen på renovasjonstenesta for 2018 vert redusert med 1 %, med unnatak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra.
Kommunalt påslag vert sett til kr.0,- for 2018.



Vaksdal kommune

Vaksdal kommune vedtek renovasjonsgebyr i medhald av vedlagte prismatrise.
Jmf. vedlegg: Renovasjonsgebyr 2018 Vaksdal kommune (Pristabell 2018).

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 27.11.2017

Behandling:

I medhald av forvaltningslovens § 6 e) punkt 2 vedtok formannskapet samrøystes at Heidi Rongved er ugild i saka.

Samrøystes vedteke.

FPØ - sak 90/2017 Tilråding:

1. Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av renovasjonsgebyr på veggen av Vaksdal kommune, Jfr. §12 i «Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning». Renovasjonsgebyret tilhøyrer Vaksdal kommune.
2. Prisen på renovasjonstenesta for 2018 vert redusert med 1 %, med unnatak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon.
Desse vert uendra.
Kommunalt påslag vert sett til kr.0,- for 2018.

Vaksdal kommune vedtek renovasjonsgebyr i medhald av vedlagte prismatrise.
Jmf. vedlegg: Renovasjonsgebyr 2018 Vaksdal kommune (Pristabell 2018).

Kommunestyret 18.12.2017

Behandling:

I medhald av forvaltningslovens § 6 e) punkt 2 vedtok kommunestyret samrøystes at Heidi Rongved er ugild i saka.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 95/2017 Vedtak:

1. Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av renovasjonsgebyr på veggen av Vaksdal kommune, Jfr. §12 i «Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning». Renovasjonsgebyret tilhøyrer Vaksdal kommune.
2. Prisen på renovasjonstenesta for 2018 vert redusert med 1 %, med unnatak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon.
Desse vert uendra.
Kommunalt påslag vert sett til kr. 0,- for 2018.

Vaksdal kommune vedtek renovasjonsgebyr i medhald av vedlagte prismatrise.
Jmf. vedlegg: Renovasjonsgebyr 2018 Vaksdal kommune (Pristabell 2018).



96/2017: FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2018 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Rådmannen får fullmakt til å fordele nettoramma innafør tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafør områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2018. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2018 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 5,5 promille. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn.

For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c.

Eigedomsskatten for 2018 forfell til betaling i 4 terminer saman med kommunale avgifter.

4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 94.950.000,-. Rådmann får fullmakt til å oppta nye lån innafør ei total låneramme på kr 52.646.563,-. I tillegg får rådmann fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2018. Rådmannen har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne mogeleg refinansiering av låna og lånevilkåra.
5. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjettdokument vert lagt fram for Formannskapet.
6. Gebyr og betalingssatsar etter «Vedlegg – betalingssatsar 2018» vert godkjent. Nye betalingssatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2018, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.
7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikelova § 32, eigarseksjonslova §§ 7, 14 og 15, ureiningslova § 52a, hamne- og farvasslova §§ 6 og 25 samt forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta ligg som vedlegg til Årsbudsjett 2018 og vert å kunngjere lokalt.
8. Feie- og tilsynsgebyr for 2018 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.
9. Vass- og avlaupsgebyr for 2018 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og



Vaksdal kommune

avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune.

10. Slamtømmegebyr for 2018 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26.

11. Fastsetjing av eigendel for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon for 2018 vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester. Rådmannen får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 27.11.2017

Behandling:

Rådmannen opplyste om at svar på tilleggsspørsmål frå Kjartan Haugsnes ligg i Møteportalen under Informasjon.

Endringsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Endringsforslag budsjett for Vaksdal kommune 2018

Inntekter		
Lågare rentefot (2,05%)	1,6 mill. kroner	
Ikkje til disp. fond	2,0 mill. kroner	
Driftsfinansierte investeringar	6,1 mill. kroner	
Reduksjon vikarbyrå/konsulent	2,0 mill. kroner	
Samla:	11,7 mill. kroner	

Utgifter/endra ramme	Drift	
Oppvekst – skule	· 2,5 mill. kroner	Auka lærartettleik
Oppvekst – skule *	· 1,25 mill. kroner	Drift i byggefase Skyss, lærar modulskule Stanghelle
Oppvekst – skule	· 150 000 kroner	10 delingstimar 1-2 klasse Vaksdal skule (Haust 2018)
Oppvekst - skule	· 300 000 kroner	Trygg skuleveg Vaksdal (Botnen)
Samfunnsutvikling Kultur – instrumentfond	· 100 000 kroner	Løyving fordelast på musikkorpsa i kommunen til innkjøp av instrument, noter Oa.
Pleie og omsorg – institusjonar	· 2 mill. kroner	Auka grunnbemanning
Pleie og omsorg – heimeteneste	· 2 mill. kroner	Auka grunnbemanning
Barne og ungdomsarbeidar	· 400 000 kroner	Tilsetting
Auke stillingsprosent legekantor 20 % til 100 %	· 100 000 kroner	Legekantor
Samfunnsutvikling	· 500 000 kroner	Meirkostnad modulskule
Samfunnsutvikling	· 500 000 kroner	Redusert arealkrav reinhald



Vaksdal kommune

Organisasjon	· 500 000 kroner	Aksjon sjukefråver 2018
Herfindalsvegen	· 250 000 kroner	Opprusting vår 2018
Vaksdal – senterparken	· 150 000 kroner	Ferdigstilling (Sjå og punkt under)
Samfunnsutvikling – Heider til Vaksdøler	· 100 000 kroner	Oppfølging av arbeidet med å synleggjera Vaksdøler i kommunen.
Sentrale postar – Likestillingsnemd	· 400 000 kroner	Fokus på likestillingsarbeid i kommunen, arbeid mot deltid Oa.
Folkehelse og familie – helsestasjon	· 500 000. kroner	Styrka helsestasjon med 1 stilling, informasjonsarbeid Oa. (Haust 2018)
Samla:	· 11,70 mill. kroner	

Andre postar:

Vaksdal SV vil legge ned Vaksdal næringssselskap. 1. million kroner vert overført AO senteret som midlar til omstilling og utvikling av varige arbeidsplassar i kommunen.

Bustader Jamne vert utsett til det føreligg plan for SFO på Vaksdal skule i byggeperioden. Dette gjer at ein kan redusere overføring frå drift til investering med 6,1 mill. kroner i 2018. Dette gjer det mogleg å få til ei forskotering trafikktryggleik Vaksdal – E 16 og opprusting veg og fortau rundt Stangehelle skule.

Investeringar	Endra ramme	
Bustader Jamne	· 13,5 millionar kroner	
Forskotering støyskjerming E 16 Jamna tunnelen – kryss Vaksdal fortau langs E16		1 mill. kroner
Investering infrastruktur Stanghelle, veg – fortau (Modulskule)*		1 mill. kroner
Herfindalsvegen (Investering)		500 000 kroner
Samla		2,5 mill. kroner

Nærare om:

Oppvekst

Det eksistera i dag ingen strategi for å auke grunnskulepoenga i Vaksdal. Difor vil SV foreslå tre grep:

- Auka lærartettleik/delingstimar med 2,65 mill. kroner.
- Auke ressurs hjå helsestasjon – helsesøster med hovudfokus på psykososialt arbeid i skulane.

I tillegg legg SV inn 1,25 millionar til meirutgifter drift for byggeperioden ny Barne og Ungdomsskule på Dale.

Pleie og omsorg

Auke grunnbemanning i sjukeheim og heimeteneste.



Reinhold

Vaksdal kommune ligg høgt i krav til kvadratmeter pr. time for reinholdarar. SV ønskjer tilsetjing av reinholdar og med dette senke kravet. Vi meiner dette kan på sikt gje lågare sjukefråver og betre arbeidsdagar for våre tilsette.

Aksjon sjukefråver

Fortsatt fokus i 2018 – SV set av 500 000 kroner til dette arbeidet.

Likestillingsnemnd.

Vaksdal kommune har ein særskilt kjønnsdelt arbeidsmarknad. Fleire kvinner arbeider deltid og vert utsett for «pensjonsfella» Vaksdal har og lågare bruk av barnehage enn landsgjennomsnittet. SV set av 400 000 kroner til likestillingsnemnd for eit systematisk arbeid med dette.

Herfindalsvegen

SV set av 250 000 kroner til opprusting av Herfindalsvegen i 2018 i drift og 500 000 i investering.

Oversendingsforslag.

Kommunestyret ber administrasjonen førebu sak til handsaming økonomiplan juni 2018 i høve mat i eigenregi på institusjon og til heimebuande eldre i Vaksdal kommune.

Endringsframlegg frå Heidi Rongved, på vegner av AP, SP, KRF:

Budsjett 2018 - Endringsframlegg - Driftsbudsjett

Kommunestyret vedtek rådmannens framlegg til budsjett med følgjande endringar:

Påplussingar - tenesteyting:

· Auka tal undervisningstimar i grunnskulen:	2,0 mill	
· Styrking av pleie i institusjonane:	1,0 mill	
· Styrking av pleie i heimetenestene:	1,0 mill	
· Auka overføring til KFR:	<u>0,2 mill</u>	
SUM PÅPLUSSINGAR		4,2 mill

Finansiering:

· Reduserte rentekostnader:	1,0 mill	
· Redusert netto driftsresultat til 1,75%:	2,3 mill	
· Bruk av disposisjonsfond:	<u>0,9 mill</u>	
SUM FINANSIERING		4,2 mill

Andre vedtak i budsjettet:

- Ny arbeidsmiljølov opnar opp for uttrekt bruk av mellombelse tilsetjingar. Vaksdal kommune skal ikkje nytta seg av denne utvidinga
- Heiltidskultur. Arbeidet med å auka talet på heile stillingar skal intensiverast. Rådmannen vert bedt om å koma tilbake til kommunestyret med ei sak der ein prøver ut heiltidskultur på ein av institusjonane (t.d. Vaksdal sjukeheim) der 80-100% av dei som arbeider på den institusjonen skal ha 100% stilling. Tilsette som ynskjer lågare stillingsprosent skal tilbys stilling innanfor andre avdelingar, t.d. i heimetenesta eller Daletunet. Forsøket skal sjølvstendig ikkje vera til hinder for å arbeida for ein heiltidskultur på andre avdelingar.

Budsjett 2018 - Endringsframlegg - Kapitalbudsjett

Endringar:

· Utleigebustader Jamne	-13,5 mill (utsett)
· Prosjektering av barnehage på Dale	+1,5 mill



Vaksdal kommune

· Trafikksikringstiltak	+0,2 mill	
· Andre møteplassar/grøntanlegg/nærmiljø	+0,2 mill	
· Opprusting uteområda barnehagar	+0,2 mill	
· Opprusting kaiar	-0,1 mill	
SUM ENDRINGAR		-11,5 mill

Bjørn Roald opplyste om at Høgre ikkje legg ikkje fram eige budsjettframlegg no, men vil koma tilbake til dette i kommunestyret.

Røysting:

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg, som vart samrøystes vedteke.

Endringsframlegget frå Heidi Rongved fekk 5 røyster (AP, SP, KRF)

Endringsframlegget frå Kjartan Haugsnes fekk 1 røyst (SV)

FPØ - sak 91/2017 Tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2018 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Rådmannen får fullmakt til å fordele nettorammanne innafor tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafor områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrivne ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2018. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2018 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 5,5 promille. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn.

For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c.

Eigedomsskatten for 2018 forfell til betaling i 4 terminer saman med kommunale avgifter.

4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 94.950.000,-. Rådmann får fullmakt til å oppta nye lån innafor ei total låneramme på kr 52.646.563,-. I tillegg får rådmann fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2018. Rådmannen har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne mogeleg refinansiering av låna og lånevilkåra.
5. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjettokument vert lagt fram for Formannskapet.
6. Gebyr og betalingssatsar etter «Vedlegg – betalingssatsar 2018» vert godkjent. Nye betalingssatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2018, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.



Vaksdal kommune

7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikkelova § 32, eigarseksjonslova §§ 7, 14 og 15, ureiningslova § 52a, hamne- og farvasslova §§ 6 og 25 samt forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta ligg som vedlegg til Årsbudsjett 2018 og vert å kunngjere lokalt.
8. Feie- og tilsynsgebyr for 2018 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.
9. Vass- og avlaupsgebyr for 2018 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune.
10. Slamtømmegebyr for 2018 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26.
11. Fastsetjing av eigendel for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon for 2018 vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Rådmannen får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

Endringsframlegg - Driftsbudsjett

Kommunestyret vedtek rådmannens framlegg til budsjett med følgjande endringar:

Påplussingar - tenesteyting:

· Auka tal undervisningstimar i grunnskulen:	2,0 mill	
· Styrking av pleie i institusjonane:	1,0 mill	
· Styrking av pleie i heimetenestene:	1,0 mill	
· Auka overføring til KFR:	<u>0,2 mill</u>	
SUM PÅPLUSSINGAR		4,2 mill

Finansiering:

· Reduserte rentekostnader:	1,0 mill	
· Redusert netto driftsresultat til 1,75%:	2,3 mill	
· Bruk av disposisjonsfond:	<u>0,9 mill</u>	
SUM FINANSIERING		4,2 mill

Andre vedtak i budsjettet:

- Ny arbeidsmiljølov opnar opp for utstrekt bruk av mellombelse tilsetjingar. Vaksdal kommune skal ikkje nytta seg av denne utvidinga
- Heiltidskultur. Arbeidet med å auka talet på heile stillingar skal intensiverast. Rådmannen vert bedt om å koma tilbake til kommunestyret med ei sak der ein prøver ut heiltidskultur på ein av institusjonane (t.d. Vaksdal sjukeheim) der 80-100% av dei som arbeider på den institusjonen skal ha 100% stilling. Tilsette som ynskjer lågare stillingsprosent skal tilbys stilling innanfor andre avdelingar, t.d. i heimetenesta eller Daletunet. Forsøket skal sjølv sagt ikkje vera til hinder for å arbeida for ein heiltidskultur på andre avdelingar.

Endringsframlegg - Kapitalbudsjett

Endringar:

· Utleigebustader Jamne	-13,5 mill (utsett)
· Prosjektering av barnehage på Dale	+1,5 mill
· Trafikksikringstiltak	+0,2 mill
· Andre møteplassar/grøntanlegg/nærmiljø	+0,2 mill



Vaksdal kommune

· Opprusting uteområda barnehagar	+0,2 mill	
· Opprusting kaiar	-0,1 mill	
SUM ENDRINGAR		-11,5 mill

Kommunestyret 18.12.2017

Behandling:

Endringsframlegg frå Evelyn Boge, SV:

SV fremmar sitt endringsforslag til budsjettet slik det vart lagt fram for FPØ på nytt, unntateke oversendingsforslaget gjeldande institusjonsmat.

Oversendingsforslag frå Evelyn Boge, SV:

Kommunestyret ber administrasjonen førebu sak til handsaming i økonomiplan juni 2018 i høve mat i eigenregi på institusjon og til heimebuande eldre i Vaksdal kommune.

Budsjettkommentar frå Anneli Vatle Lilletvedt, H:

Pleie-og omsorgstenesta har i mange år hatt store utfordringar med å halda sine budsjett.

I 2017 var det eit overforbruk på totalt 13 mill.

Levekårsutvalet oppmoda administrasjonen å utarbeida eit realistisk budsjett for eininga i komande år. Dette for å få meir forutsigleg økonomisk styring

Tilleggsframlegg frå Anneli Vatle Lilletvedt, H:

H fremja rådmannen sitt framlegg på nytt med følgjande forslag til endring i økonomiplan:

Det blir sett av øyremarka midlar relatert til næring og utvikling i samband med nye bustadar og næringsutvikling i kommunen. Pengane vert sett på fond og disponert etter vedtak i kommunestyret

Investeringar:

13,5 mill. til fond (investering på Jamne)

1,5 mill reduserte rentekostnader

15,0 mill totalt til fond

Tilleggsframlegg frå Magne Hestad, AP:

Ingen skal seiast opp som følge av omstillingar i 2018.

Tilleggsframlegg frå Heidi Rongved på vegner av AP, SP, KRF:

Rådmannen kjem tilbake med ei sak innan junimøtet 2018 der ein vurderer kva som kan gjerast med Herfindalsvegen:

· Kva må til for å stoppa ytterlegare forfall?

· Kva må til for å føra vegen opp i brukbar standard?

Kommunestyret set av kr. 250.000,- til punktutbetring av Herfindalsvegen. Dette vert dekka av Disposisjonsfondet.

Endringsframlegg frå Boris Groth, FRP:

Punkt 3 - 2 ledd i tilrådinga vert endra til:

"Botnfrådrag for bustaddelen på eigedommar vert sett til kr 100000,- ."

-Inndekning vert å hente i reduserte rentekostnader og/eller reduksjon av driftsresultat, evt. bruk av disposisjonsfond.



Vaksdal kommune

Siste setning vart seinare endra til:

Inndekning vert å hente ved bruk av disposisjonsfond.

Budsjettframlegg frå Boris Groth, FRP:

Fremmar Rådmannen sitt forslag til driftsbudsjett med unntak av eit punkt under eigedomsskatt som er send inn i eige forslag.

Tillegg til vedtaksforslaget frå rådmannen:

FrP forutsett at rådmannen har lagt fram eit REALISTISK DRIFTSBUDSJETT for einingane, og at me får snarlige budsjettjusteringssaker i løpet av budsjettåret om det viser seg at budsjetta evt. ikkje er realistisk.

Det bør vere spesielt fokus på nok kapasitet i helse og omsorg, og gode undervisningsrammer for skulane i ei hektisk endringstid.

Evt. overskytande midlar gjennom året vert tilført disposisjonsfond og stilt til kommunestyret sin disposisjon for justeringar, og evt. endringar(T.d. vidareføring av sjukefråværsprosjektet i eige sak.).

Endringsframlegg - Kapitalbudsjett

Endringar:

- Utleigebustader Jamne -13,5 mill (utsett)
 - Prosjektering av barnehage på Dale +1,5 mill
 - Trafikksikringstiltak +0,2 mill
 - Andre møteplassar/grøntanlegg/nærmiljø +0,2 mill
 - Opprusting uteområda barnehagar +0,2 mill
- SUM ENDRINGAR -11,4 mill

Verbalframlegg frå Boris Groth, FrP:

Nr1:

Bunnfradrag i eigedomsskatt / Drøftingssak eigedomsskatt:

"-Kommunestyret ber om at det vert utarbeida ei sak i god tid før budsjettbehandling for 2019 om bunnfradrag i eiendomskatten

for private hus og fritidseiendommer for om mulig å skjerme/dempe belastninga for dei økonomisk svakaste gruppene av innbyggjarar i kommunen.

Dette er no meir aktuelt enn nokon gong pga. den høge eigedomsskattesatsen på 5,5 promille som kommunen no har!

Då ein no legg opp til retaksering i 2019 bør dette temaet også kunne vere deltema for ei drøftingssak rundt heile eigedomskatten i løpet av 2018(som nemd av rådmannen tidligare i dag) , så kommunestyret kan drøfte ulike sider ved denne skatten i god tid før retakseringa vert vedtatt/starta!

NR2:

Ber om at det vert laga ei sak som vurderer å gjenopprette ei trafikksikringsnemd som kan jobbe med forslag til trafikksikringstiltak.

Saka bør framleggast kommunestyret i god tid før budsjettbehandlinga for 2019, så det evt. er mulig å tildele budsjett om ønskelig.

NR3:

Evaluering og evt. vidareføring av Sjukefråværsprosjektet som kommunestyret bevilga 500000,- til i 2017 budsjettet.

Ber om at det vert lagt fram ei sak med evaluering av bevilginga sine effekter snarast mogleg, og vurdering av evt. vidareføring av ordninga.

Det er viktig å oppretthalde fokus på sjukefråvær, og korleis ein kan redusere dette.



NR4:

Med bakgrunn i nylige store kommunale investeringssaker:

Det bør utarbeidast klare rutinar/retningslinjer for korleis store investeringssaker/prosjekter skal sakshandasmast, og korleis kommunen skal involvere innbyggjarane i prossessane fram mot slike vedtak.

Med utgangspunkt i nyleg vedtatt kommuneplan(samfunnsdel) ber Vaksdal kommunestyre om at det vert utarbeida sak som drøftar og gjer forslag til korleis desse rutinane/retningslinjene kan vere, som kommunestyret bør få til behandling innan 30.04.2017.

NR5:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd

Med bakgrunn i den store skilnaden på innmeldt behov frå VKF, og kva rammer kommunen har ressursar for å tildele for 2018.

Vaksdal kommunestyre ber om at det utarbeidast ei sak i innan siste kommunestyremøte før sommaren 2018 som tar opp i seg dialogen som er nemd i budsjettdokumentet drøftar rammebetingelsane og korleis ein ser for seg framtida.

Røysting

Det vart røysta i samsvar med kommunelova § 35 punkt 2, og i denne rekkefølga:

Høgre sitt budsjettframlegg fekk 2 røyster (H)

FRP sitt budsjettframlegg fekk 1 røyst (FRP)

SV sitt budsjettframlegg fekk 4 røyster (SV, MDG)

Formannskapet si tilråding fekk 14 røyster (AP, SP, KRF) og fekk dermed fleirtal i samsvar med kl § 35 punkt 2.

Tilleggsframlegga vart røysta over i denne rekkefølga:

Magne Hestad sitt framlegg vart vedteke mot 4 røyster (H, FRP, MDG)

Heidi Rongved sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Boris Groth sitt framlegg om botnframlegg fekk 4 røyser (H, FRP, MDG) og fall

Boris Groth sitt verbalframlegg vart røysta over punkt for punkt:

- Nr 1 fekk 7 røyster (SV, H, FRP, MDG) og fall
- Nr 2 vart vedteke mot 4 røyster (Hege Eide Vik og Line Eide Vik, SP og Asbjørg Hesjedal og Jan Hansen, AP)
- Nr 3 vart trekt under røystinga - dette ligg inne i økonomiplanen
- Nr 4 vart vedteke mot 5 røyster (SV, MDG, Magne Hestad (AP))
- Nr 5 vart vedteke mot 8 røyster (SV og Magne Hestad, Anne Christin Eide, Asbjørg Hesjedal, Heidi Rongved og Brita H. Lunde frå AP)

Oversendingsframlegget frå Evelyn Boge vart samrøystes vedteke.

Budsjettkommentaren frå Anneli Vatile Lilletvedt vart endra til protokollmerknad.



KOM - sak 96/2017 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2018 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Rådmannen får fullmakt til å fordele nettoramma innafor tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafor områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2018. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2018 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 5,5 promille. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn.

For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c.

Eigedomsskatten for 2018 forfell til betaling i 4 terminer saman med kommunale avgifter.

4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 94.950.000,-. Rådmann får fullmakt til å oppta nye lån innafor ei total låneramme på kr 52.646.563,-. I tillegg får rådmann fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2018. Rådmannen har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne mogeleg refinansiering av låna og lånevilkåra.
5. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjettdokument vert lagt fram for Formannskapet.
6. Gebyr og betalingssatsar etter «Vedlegg – betalingssatsar 2018» vert godkjent. Nye betalingssatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2018, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.
7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikellova § 32, eigarseksjonslova §§ 7, 14 og 15, ureiningslova § 52a, hamne- og farvasslova §§ 6 og 25 samt forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta ligg som vedlegg til Årsbudsjett 2018 og vert å kunngjere lokalt.
8. Feie- og tilsynsgebyr for 2018 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.
9. Vass- og avlaupsgebyr for 2018 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune.
10. Slamtømmegebyr for 2018 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26.



11. Fastsetjing av eigendel for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon for 2018 vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Rådmannen får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

Endring - Driftsbudsjett

Kommunestyret vedtek framlegg til budsjett med følgjande endringar:

Påplussingar - tenesteyting:

· Auka tal undervisningstimar i grunnskulen:	2,0 mill	
· Styrking av pleie i institusjonane:	1,0 mill	
· Styrking av pleie i heimetenestene:	1,0 mill	
· Auka overføring til KFR:	<u>0,2 mill</u>	
SUM PÅPLUSSINGAR		4,2 mill

Finansiering:

· Reduserte rentekostnader:	1,0 mill	
· Redusert netto driftsresultat til 1,75%:	2,3 mill	
· Bruk av disposisjonsfond:	<u>0,9 mill</u>	
SUM FINANSIERING		4,2 mill

Andre vedtak i budsjettet:

- Ny arbeidsmiljølov opnar opp for utstrekt bruk av mellombelse tilsetjingar. Vaksdal kommune skal ikkje nytta seg av denne utvidinga
- Heiltidskultur. Arbeidet med å auka talet på heile stillingar skal intensiverast. Rådmannen vert bedt om å koma tilbake til kommunestyret med ei sak der ein prøver ut heiltidskultur på ein av institusjonane (t.d. Vaksdal sjukeheim) der 80-100% av dei som arbeider på den institusjonen skal ha 100% stilling. Tilsette som ynskjer lågare stillingsprosent skal tilbys stilling innanfor andre avdelingar, t.d. i heimetenesta eller Daletunet. Forsøket skal sjølvstøtt ikkje vera til hinder for å arbeida for ein heiltidskultur på andre avdelingar.
- Ingen skal seiast opp som følge av omstillingar i 2018.
- Rådmannen kjem tilbake med ei sak innan junimøtet 2018 der ein vurderer kva som kan gjerast med Herfindalsvegen:
 - Kva må til for å stoppa ytterlegare forfall?
 - Kva må til for å føra vegen opp i brukbar standard?Kommunestyret set av kr. 250.000,- til punktutbetring av Herfindalsvegen. Dette vert dekkja av Disposisjonsfondet.
- Ber om at det vert laga ei sak som vurderer å gjenopprette ei trafikksikringsnemd som kan jobbe med forslag til trafikksikringstiltak. Saka bør framleggast kommunestyret i god tid før budsjettbehandlinga for 2019, så det evt. er mulig å tildele budsjett om ønskelig.
- Med bakgrunn i nylege store kommunale investeringssaker: Det bør utarbeidast klare rutinar/retningslinjer for korleis store investeringssaker/prosjekter skal sakshandast, og korleis kommunen skal involvere innbyggjarane i prosessane fram mot slike vedtak. Med utgangspunkt i nyleg vedtatt kommuneplan(samfunnsdel) ber Vaksdal kommunestyre om at det vert utarbeida sak som drøftar og gjer forslag til korleis desse rutine/retningslinjene kan vere, som kommunestyret bør få til behandling innan 30.04.2017.
- Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd Med bakgrunn i den store skilnaden på innmeldt behov frå VKF, og kva rammer kommunen har ressursar for å tildele for 2018.



Vaksdal kommune

Vaksdal kommunestyre ber om at det utarbeidast ei sak i innan siste kommunestyremøte før sommaren 2018 som tar opp i seg dialogen som er nemd i budsjettdokumentet drøftar rammebetingelsane og korleis ein ser for seg framtida.

Oversendingsforslag:

Kommunestyret ber administrasjonen førebu sak til handsaming i økonomiplan juni 2018 i høve mat i eigenregi på institusjon og til heimebuande eldre i Vaksdal kommune.

Endring - Kapitalbudsjett

Endringar:

· Utleigebustader Jamne	-13,5 mill (utsett)	
· Prosjektering av barnehage på Dale	+1,5 mill	
· Trafikksikringstiltak	+0,2 mill	
· Andre møteplassar/grøntanlegg/nærmiljø	+0,2 mill	
· Opprusting uteområda barnehagar	+0,2 mill	
· Opprusting kaiar	-0,1 mill	
SUM ENDRINGAR		-11,5 mill



I open halvtime hadde Eva Stanghelle Helgesen ordet:

Ho gav ros til heimesjukepleien i Vaksdal kommune og kom med kritikk til kommunen sine tilsette på gravplassane.

I tillegg ønskte ho at det vert sett opp skilt om forbod for hundar på gravplassane.

SPØRSMÅL

Anneli Vatle Lilletvedt

Om skule-/modulskulesaka. Ho la fram følgjande framlegg:

Forslag frå Vaksdal Høgre

Vaksdal kommunestyre ber administrasjonen sjå på plassering av ny barne-og ungdomskule og modulskule på nytt og innarbeida og konsekvensutgreia:

- *Elevtransporten på E16*
- *Rasproblematikken*
- *Hensyn til borna sitt beste*
- *Brukte modulskular*
- *Kostnadsrammene ved dei forskjellige alternativa*

Saka vert lagt fram på nytt i mars 2018.

Det vart røysta over om kommunestyret skulle ta saka opp til behandling. Dette fekk 4 røysar (H, FRP, MDG) og fall

Boris Groth

Ba om at skule-/modulskulesaka vart tatt opp igjen, jfr. framlegg frå Anneli Vatle Lilletvedt

Arne Normann

Vert stillinga som ungdomsleiar lyst ut i næraste framtid.

Rådmannen svarte

Tom Charles Johnsen

1. Om kraftutbygging i Vaksdal
2. Om BIR og kildesortering av avfall på skular
3. Om trailarar som sperra vegen i påvente av tilgang til Felleskjøpet

Rådmannen vil svara på spørsmåla i eit seinare møte

Jan Hansen

- Om den gamle barnehagen på Jamne og flytting av ventilasjonsanlegget
- Om tomme eldrebustader på Jamne

Rådmannen svarte

Magne Hestad

Ba ordføraren ta opp med lensmannskontoret kvifor møta i Vaksdal forliksråd vert haldne på Voss og ikkje i Vaksdal kommune

Ordførar svarte



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
03/2018	Kommunestyret	PS	12.02.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	18/3

DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR M.M.

- Repetisjon/opplæring i bruk av møteportal (i starten av møtet)
- Ny barne- og ungdomsskule på Dale – nærare presentasjon av bygget, inne- og uteområdet v/Rambøll
- Fast orientering frå rådmann og ordførar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
04/2018	Kommunestyret	PS	12.02.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	18/3

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
04/2018.1	Protokoll - Administrasjonsutvalet - 18.12.2017
04/2018.2	Protokoll - Formannskap/plan- og økonomiutvalet - 29.01.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



MØTEPROTOKOLL ADMINISTRASJONSUTVALET

Møtedato: 18.12.2017
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 09:00 - 09:40

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Sigmund Simmenes	SP	Nestleiar
Heidi Rongved	AP	Arbeidsgjevarrepr.
Anne Christin Eide	AP	Arbeidsgjevarrepr.
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Arbeidsgjevarrepr.
Thor Andersen		Arbeidstakarrepr.

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Magne Hestad	AP	Varamedlem
Anneli Vatle Lilletvedt	H	Varamedlem
Evelyn Boge	SV	Varamedlem
Lillian Seim		Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Bente K.T. Hesjedal		Lillian Seim
Bjørn Roald	H	Anneli Vatle Lilletvedt, H
Eirik Haga	AP	Magne Hestad, AP
Kjartan Haugsnes	SV	Evelyn Boge, SV
Tone Merethe Drevsjø		

Andre møtande:

Konst. rådmann Åse Elin Myking
Politisk sekretær Sølvi Legård



Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
03/2017	FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2018 - UTTALE FRÅ ADMINISTRASJONSUTVALET



01/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Administrasjonsutvalet 18.12.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

ADM - sak 01/2017 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

02/2017: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Administrasjonsutvalet 18.12.2017

Behandling:

Anneli Vatle Lilletvedt etterlyste administrasjonsutvalet på Innsyn.

Magne Hestad ønskjer at administrasjonsutvalet har møte oftare enn ein gong i året.

Samrøystes vedtak.

ADM - sak 02/2017 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

03/2017: FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2018 - UTTALE FRÅ ADMINISTRASJONSUTVALET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:



Administrasjonsutvalet 18.12.2017

Behandling:

Magne Hestad opplyste om at han vil fremja følgjande tillegg til saka i kommunestyret:
Ingen skal seiast opp som følgje av omstillingar.

Evelyn Boge etterlyste stillingsbudsjett.

ADM - sak 03/2017 Vedtak:

Administrasjonsutvalet tar budsjettet til orientering med følgjande tillegg:
Administrasjonsutvalet ber om å få budsjettet til uttale på eit tidlegare tidspunkt.



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 29.01.2018
Møtestad: Heradshuset Dale
Møtetid: 09:00 - 15:30

Program for dagen:

kl 0900 Behandling av sakene på sakslista
ca kl 1030 Temamøte om kommuneplanen sin arealdel

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Sigmund Simmenes	SP	Varaordfører
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Magne Hestad	AP	Varamedlem
Evelyn Boge	SV	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Eirik Haga	AP	Magne Hestad
Kjartan Haugsnes	SV	Evelyn Boge

Andre møtande:

Konst. rådmann Åse Elin Myking
Einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal
Trine Pettersen Grønbech
Kommuneplanleggjar Gjertrud Karevoll (under temamøtet)
Politisk sekretær Sølvi Legård



Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2018	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2018	REFERATSAKER OG MELDINGAR
04/2018	HØYRINGSSVAR TIL BYUTREDNING FOR BERGEN
05/2018	MOGELEGSTUDIE BERGSDALEN SLUTTRAPPORT - ORIENTERINGSSAK
06/2018	LOKAL FORSKRIFT FOR REGULERING AV VANNSKUTERKØYRING - DRØFTINGSSAK
07/2018	LØYVE TIL BRUK AV SNØSKUTER VED TELJING AV VILLREIN I VAKSDAL KOMMUNE SIN DEL AV NORDFJELLA VILLREINOMRÅDE
08/2018	VAKSDAL KOMMUNE SITT FOND FOR VILT, FISKE OG FRILUFTSLIV - MIDLAR TIL MØTE OG LOKAL VILT- OG FISKEFORVALTING
09/2018	VAKSDAL KOMMUNE SITT FOND FOR VILT, FISKE OG FRILUFTSLIV - TILSKOT TIL INNKJØP AV BÅT
10/2018	VAKSDAL KOMMUNE SITT FOND FOR VILT, FISKE OG FRILUFTSLIV - TILSKOT TIL UTSETTING AV BRUNAURE I KRAKSÅVATN
11/2018	TILDELING AV MIDLAR FRÅ VAKSDAL LANDBRUKSFOND 2017
12/2018	KLAGE PÅ VEDTAK OM PÅLEGG FOR FJERNING AV FARTØY PÅ STAMNES



01/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.01.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 01/2018 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

02/2018: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.01.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 02/2018 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

03/2018: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.01.2018

Behandling:

Einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte om referatsak 1.

Samrøystes vedtak.



FPØ - sak 03/2018 Vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

04/2018: HØYRINGSSVAR TIL BYUTREDNING FOR BERGEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sett i lys av komande satsing på ny E16 og jernbane Voss-Arna, er det viktig å peike på den åpenbare positive utviklinga langs traseen *Bergensbaneregionen*. Særleg er det viktig å nytte potensialet i transportkapasitet, og eit klima/miljøvenleg kollektivtilbod med destinasjon svært sentralt i Bergen sentrum. Dette potensialet vil på dei fleste område stø opp under måla i ein byvekstvtale, og slik også vere med i eit grunnlag for arbeidet med Nasjonal transportplan 2022-2033. Vaksdal kommune ynskjer å bidra til dette.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.01.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 04/2018 Vedtak:

Sett i lys av komande satsing på ny E16 og jernbane Voss-Arna, er det viktig å peike på den åpenbare positive utviklinga langs traseen *Bergensbaneregionen*. Særleg er det viktig å nytte potensialet i transportkapasitet, og eit klima/miljøvenleg kollektivtilbod med destinasjon svært sentralt i Bergen sentrum. Dette potensialet vil på dei fleste område stø opp under måla i ein byvekstvtale, og slik også vere med i eit grunnlag for arbeidet med Nasjonal transportplan 2022-2033. Vaksdal kommune ynskjer å bidra til dette.

05/2018: MOGELEGSTUDIE BERGSDALEN SLUTTRAPPORT - ORIENTERINGSSAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.01.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.



FPØ - sak 05/2018 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

06/2018: LOKAL FORSKRIFT FOR REGULERING AV VANNSKUTERKØYRING - DRØFTINGSSAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.01.2018

Behandling:

Framlegg til vedtak frå Sigmund Simmenes:

Arbeidet med lokal forskrift for å regulere vannskuterkjøring vert utsett til retningslinjene for lokal styring er klarlagt.

Framlegget samrøystes vedteke.

FPØ - sak 06/2018 Tilråding:

Arbeidet med lokal forskrift for å regulere vannskuterkjøring vert utsett til retningslinjene for lokal styring er klarlagt.

07/2018: LØYVE TIL BRUK AV SNØSKUTER VED TELJING AV VILLREIN I VAKSDAL KOMMUNE SIN DEL AV NORDFJELLA VILLREINOMRÅDE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i § 6 i Forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vatn, får Fjellheimen villreinutval, ved Hildegunn Mugås, løyve til å nytte snøskuter ved teljing av villrein i fjellområdet mellom Teigdalen, Nesheimfjellet, Eksingedalen, Stamnes, Bolstad og Evanger, jf. kartvedlegg til søknaden. Løyvet gjeld innafør Vaksdal kommune sine grenser for perioden 01.03.18 – 15.04.18.

I medhald av § 6 første ledd i forskrifta, vert det sett følgjande vilkår:

- Bruk av snøskuter ved teljing skal berre nyttast om det ikkje er mogeleg å få til ei god teljing frå fly.
- Løyvet gjeld berre for bruk av snøskuter i inntil tre dagar innafør godkjent tidsperiode.
- Det skal ikkje nyttast meir enn fire snøskuterar under teljing, der to og to køyrer i lag.
- Villreinutvalet må gje melding til kommunen om namn på førarar, tidspunkt for gjennomføring og aktuelle køyreruter før teljinga finn stad.



Løyvet skal takast med under transport og kunne visast fram til politi eller oppsyn ved førespurnad, jf. § 7 andre ledd i forskrifta.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.01.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 07/2018 Vedtak:

Med heimel i § 6 i Forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vatn, får Fjellheimen villreinutval, ved Hildegunn Mugås, løyve til å nytte snøskuter ved teljing av villrein i fjellområdet mellom Teigdalen, Nesheimfjellet, Eksingedalen, Stamnes, Bolstad og Evanger, jf. kartvedlegg til søknaden. Løyvet gjeld innafor Vaksdal kommune sine grenser for perioden 01.03.18 – 15.04.18.

I medhald av § 6 første ledd i forskrifta, vert det sett følgjande vilkår:

- Bruk av snøskuter ved teljing skal berre nyttast om det ikkje er mogeleg å få til ei god teljing frå fly.
- Løyvet gjeld berre for bruk av snøskuter i inntil tre dagar innafor godkjent tidsperiode.
- Det skal ikkje nyttast meir enn fire snøskuterar under teljing, der to og to køyrer i lag.
- Villreinutvalet må gje melding til kommunen om namn på førarar, tidspunkt for gjennomføring og aktuelle køyreruter før teljinga finn stad.

Løyvet skal takast med under transport og kunne visast fram til politi eller oppsyn ved førespurnad, jf. § 7 andre ledd i forskrifta.

08/2018: VAKSDAL KOMMUNE SITT FOND FOR VILT, FISKE OG FRILUFTSLIV - MIDLAR TIL MØTE OG LOKAL VILT- OG FISKEFORVALTING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune løyver inntil kr. 30 000,- til kommunal landbruksforvalting for å halde to temamøte om lokal forvalting av vilt- og fiskeressursane i løpet av 2018.

Tilskotet vert løyvd frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv, i medhald av §§ 4 og 5 i fondsvedtektene, jf. § 2. Midlane skal nyttast til gjennomføring av sjølvne møtet, ikkje til planlegging og administrasjon. Det er ikkje sett grense for finansieringsgrad ut frå av totale kostnader.

Landbruksforvaltinga i kommunen bør søkje samarbeid med lokale interesseorganisasjonar om arrangøransvaret.

Tilskotet vert betalt ut med bakgrunn i dokumenterte kostnader.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.01.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 08/2018 Vedtak:

Vaksdal kommune løyver inntil kr. 30 000,- til kommunal landbruksforvaltning for å halde to temamøte om lokal forvaltning av vilt- og fiskeressursane i løpet av 2018.

Tilskotet vert løyvd frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv, i medhald av §§ 4 og 5 i fondsvedtektene, jf. § 2. Midlane skal nyttast til gjennomføring av sjølve møtet, ikkje til planlegging og administrasjon. Det er ikkje sett grense for finansieringsgrad ut frå av totale kostnadar.

Landbruksforvaltninga i kommunen bør søkje samarbeid med lokale interesseorganisasjonar om arrangøransvaret.

Tilskotet vert betalt ut med bakgrunn i dokumenterte kostnadar.

09/2018: VAKSDAL KOMMUNE SITT FOND FOR VILT, FISKE OG FRILUFTSLIV - TILSKOT TIL INNKJØP AV BÅT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune løyver kr. 6 518,- til Vaksdal Fiskarlag for å dekkje dokumenterte utgifter ved innkjøp av båt til fiskefremjande tiltak i vaksdalsfjella. Tilskotet utgjør 100 % finansiering.

Tilskotet er løyvd frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv, i medhald av §§ 4 og 5 i fondsvedtektene, jf. § 2.

Tilskotet vert overført til Vaksdal Fiskarlag sitt kontonummer; 05303104544.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.01.2018

Behandling:

Anne Christin Eide og Evelyn Boge stilte spørsmål ved sin habilitet i saka.

I medhald av fvl § 6 1. ledd pkt b) vedtok formannskapet samrøystes at Anne Christin Eide er ugild i saka og i medhald av fvl § 6 2. ledd vedtok formannskapet samrøystes at Evelyn Boge er ugild i saka.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 09/2018 Vedtak:

Vaksdal kommune løyver kr. 6 518,- til Vaksdal Fiskarlag for å dekkje dokumenterte utgifter ved innkjøp av båt til fiskefremjande tiltak i vaksdalsfjella. Tilskotet utgjør 100 % finansiering.

Tilskotet er løyvd frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv, i medhald av §§ 4 og 5 i



fondsvedtektene, jf. § 2.

Tilskotet vert overført til Vaksdal Fiskarlag sitt kontonummer; 05303104544.

**10/2018: VAKSDAL KOMMUNE SITT FOND FOR VILT, FISKE OG FRILUFTSLIV - TILSKOT TIL
UTSETTING AV BRUNAURE I KRAKSÅVATN**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune løyver kr. 3 000,- til Dale-Vaksdal grunneigarlag for å dekkje kostnadar med utsetting av fisk i Kraksåvatn. Tilskotssummen tek utgangspunkt i kr. 1000,- i tilskot per år i treårsperioden 2018-2020.

Tilskotet vert løyvd frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv, i medhald av §§ 4 og 5 i fondsvedtektene, jf. § 2. Tilskotet utgjer 100 % finansiering.

Tilskotet vert betalt ut etter rapport om gjennomført tiltak, med kostnadsdokumentasjon.

Arbeidsfristen for tiltaket er sett til 31.12.2020, og tilskotet fell vekk etter dette.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.01.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 10/2018 Vedtak:

Vaksdal kommune løyver kr. 3 000,- til Dale-Vaksdal grunneigarlag for å dekkje kostnadar med utsetting av fisk i Kraksåvatn. Tilskotssummen tek utgangspunkt i kr. 1000,- i tilskot per år i treårsperioden 2018-2020.

Tilskotet vert løyvd frå Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv, i medhald av §§ 4 og 5 i fondsvedtektene, jf. § 2. Tilskotet utgjer 100 % finansiering.

Tilskotet vert betalt ut etter rapport om gjennomført tiltak, med kostnadsdokumentasjon.

Arbeidsfristen for tiltaket er sett til 31.12.2020, og tilskotet fell vekk etter dette.

11/2018: TILDELING AV MIDLAR FRÅ VAKSDAL LANDBRUKSFOND 2017

Styret i Vaksdal landbruksfond sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i §§ 2 og 5 i vedtektene for Vaksdal landbruksfond, vert det løyvd følgjande tilskot frå



fondet i 2017:

- Inntil kr. 7 500,- i tilskot til landbruksfest i regi av faglaga i landbruket i Vaksdal kommune, v/ Kristine Sæterdal. Tilskotet utgjer 15 % av dokumenterte kostnader.
- Inntil kr. 34 840,- i tilskot til kjøp av vedmaskin i regi av tre gardbrukarar i Eksingedalen, v/ Leif Kåre Ekse. Tilskotet utgjer 26 % av budsjetterte/dokumenterte kostnader.
- Inntil kr. 7 312,- i tilskot til kjøp av ny rotorharv i regi av Eidslandet Maskinring, v/ Jahn Olav Nordheim. Tilskotet utgjer 30 % av dokumenterte kostnader.

Administrasjonen i Vaksdal kommune gjennomfører utbetaling av tilskota i tråd med vedtaket.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.01.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 11/2018 Tilråding:

Med heimel i §§ 2 og 5 i vedtektene for Vaksdal landbruksfond, vert det løyvd følgjande tilskot frå fondet i 2017:

- Inntil kr. 7 500,- i tilskot til landbruksfest i regi av faglaga i landbruket i Vaksdal kommune, v/ Kristine Sæterdal. Tilskotet utgjer 15 % av dokumenterte kostnader.
- Inntil kr. 34 840,- i tilskot til kjøp av vedmaskin i regi av tre gardbrukarar i Eksingedalen, v/ Leif Kåre Ekse. Tilskotet utgjer 26 % av budsjetterte/dokumenterte kostnader.
- Inntil kr. 7 312,- i tilskot til kjøp av ny rotorharv i regi av Eidslandet Maskinring, v/ Jahn Olav Nordheim. Tilskotet utgjer 30 % av dokumenterte kostnader.

Administrasjonen i Vaksdal kommune gjennomfører utbetaling av tilskota i tråd med vedtaket.

12/2018: KLAGE PÅ VEDTAK OM PÅLEGG FOR FJERNING AV FARTØY PÅ STAMNES

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Klage av 29. desember 2017 frå Bjarne Olav Eidnes vert ikkje tatt til følgje.
2. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for vidare handsaming.
3. Det vert innleia forhandlingar med Bjarne Olav Eidnes med sikte på å kome fram til ein forpliktande avtale om opprydding på hans eigedom (gbnr 45/40 på Stamnes) og på sjøen utanfor.
4. Det vert gitt utsett iverksetting for Vaksdal kommune sitt pålegg av 1. desember 2017 inntil klagehandsaminga i saka er avslutta.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.01.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 12/2018 Tilråding:

1. Klage av 29. desember 2017 frå Bjarne Olav Eidnes vert ikkje tatt til følge.
 2. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for vidare handsaming.
 3. Det vert innleia forhandlingar med Bjarne Olav Eidnes med sikte på å kome fram til ein forpliktande avtale om opprydding på hans eigedom (gbnr 45/40 på Stamnes) og på sjøen utanfor.
 4. Det vert gitt utsett iverksetting for Vaksdal kommune sitt pålegg av 1. desember 2017 inntil klagehandsaminga i saka er avslutta.
-



SPØRSMÅL / ANDRE SAKER:

- **Forslag til uttale vedk. nedlegging av Bergen fengsel avd. Osterøy, lagt fram av Heidi Rongved:**

Formannskapet i Vaksdal ber om at Justis og beredskapsdepartementet gjer om beslutninga om å leggja ned Bergen fengsel avd. Osterøy.

Bergen fengsel avd. Osterøy har stort fokus på innhald i soninga og kan syna til gode resultat når det gjeld rehabilitering av innsette. Det er t.d. det fengselet/avdelinga som har flest gjennomførte eksamenar på vidaregåande- og høgskulenivå.

Ei av dei viktigaste årsakene til dei gode resultatane er naturgitte. Det at ein er på ei øy gir ein ro som hjelper dei innsette å ta tak i problema sine. Det kan ein ikkje overføra til ei anna avdeling på land.

Samarbeidet mellom skule og arbeidsdrift på avd. Osterøy er godt. Om til dømes skulen har ein elev som vil utdanna seg innan tømrarfaget finn arbeidsdrifta relevant praksisarbeid. Og har arbeidsdrift ein innsett som jobbar med drivhus og hage og ønskjer opplæring vert skuletilbodet tilpassa.

Bergen fengsel avdeling Osterøy har 100 % sysselsetjing – dette vert alle fengsel målt på, jfr. *«Straffegjennomføringsloven Kap.1 - §3 Innhold: Bl.a. har domsfelte aktivitetsplikt som kan bestå av arbeid, samfunnsnyttig teneste, opplæring, program eller andre tiltak som er egnet til å motvirke ny kriminalitet.»*

Formannskapet i Vaksdal kommune viser og til regjeringa si politiske plattform, der det mellom anna står:

«Regjeringa vil styrke det kriminalitetsforebyggende arbeidet og rehabilitering av straffedømte.»

Og vidare:

«Regjeringa vil arbeide for et mer rehabiliterende straffegjennomføringssystem ved at det legges større vekt på innhold i soningen.»

Når fengselet vart etablert i 1982 var det stor lokal motstand. I dag er det tvert om stor oppslutning om fengselet lokalt, både på Osterøy og Vaksdal kommunar. Dei siste åra har og det positive arbeidet i høve kultur og gardsdrift vore med på å integrera fengselet i lokalmiljøa.

Sjå døme her:

<http://www.kriminalomsorgen.no/premiere-paa-norghistoriens-foerste-fengselsopera.5932705-237613.html>

Formannskapet i Vaksdal meiner det at ei nedlegging av Bergen fengsel avd. Osterøy vil gjere det vanskelegare å oppfylle intensjonane i Straffegjennomføringsloven og regjeringa si eigen plattform på justisfeltet. Vi ber med dette om at Justis og beredskapsdepartementet arbeider for ei løysing for fortsett drift av fengselet og i åra framover.



Vaksdal kommune

Uttalen vart samrøystes vedteken, og vert å senda Justis- og beredskapsdepartementet, med kopi til justiskomiteen og til Hordalandsbenken samt til Osterøy kommune. Uttalen vert i tillegg sendt dei partia som ikkje er i formannskapet for å invitera dei til å slutta seg til.

- **Orientering om status i K5-prosjektet og tettstadutvikling Vaksdal v/einingsleiar Samfunnsutvikling**

- **Spørsmål**

Evelyn Boge

- Om skuleruta

Rådmannen svarte

- Om status med tanke på å arrangera villmarksleir i Bergsdalen

Rådmannen svarte

Jan Erik Bernes Roe

Om ungdomsarbeidarstillinga

Rådmannen svarte

- **Behandling av permisjonssøknad frå rådmannen i lukka møte**
Formannskapet vedtok samrøystes å godkjenna søknaden.
- **Temamøte om kommuneplanen sin arealdel**



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2018	Kommunestyret	PS	12.02.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Inge Olaf Herfindal	FA - U63	18/45

SKJENKELØYVE BKK KURSSENTER - ENDRING AV STYRAR

Vedlegg:

Søknad om godkjenning av endringar hjår bevilingshaver BKK AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner ny styrar for gjeldande skjenkeløyve for BKK AS for kurssetteret på Dale. Åse Hauge vert ny styrar. Det vert gitt fritak for stedfortredar ettersom BKK skal avvikle drifta ved kurssetteret innan kort tid.

Saksopplysningar:

BKK Kurssetter er innvilga skjenkeløyve fra 01.07.16 til og med 30.06.2020. Ifølge søknaden var Eirik Vinsjasen styrar for skjenkeløyve og Åse Hauge er stedfortreder. No søker Åse Hauge om å bli styrar for skjenkeløyve ettersom Vinsjasen har slutta i bedrifta.

Det framgår av søknaden at BKK kurssetter skal avvikle drifta av Kurssetteret seinast juni 2018 og at det i denne perioden vil vera begrensa skjenkeaktivitet og at det av den grunn ikkje vil vera behov for stedfortreder. Ny styrar for skjenkeløyvet, Åse Hauge, har bekrefta i søknaden at ho pliktar seg til å sørge for at bestemmelsene i alkohollova blir fulgt.

Vurdering

På bakgrunn av de faktiske forhold i søknaden vert det tilrådd at BKK kurssetter får behalde skjenkeløyve i samsvar med tidligare vedtak, men med ny styrar for skjenkeløyvet. Da drifta skal avviklast seinast juni 2018 vert det tilrådd fritak for å ha stedfortredar.

Skjenkebevilling (KF-423)



Referansenummer: WQQ4H4

Registrert

dato:11.01.2018

13:34:37

Innledning

Dersom driftsansvarlig foretak er et enkeltpersonforetak, skal foretakets eier søke om bevilling. Dersom driftsansvarlig foretak har en annen selskapsform enn enkeltpersonforetak, skal selskapet søke om bevilling.

Ved overtakelse av eksisterende virksomhet, kan virksomheten fortsette på den tidligere bevillingen i inntil tre måneder. Kommunen må være underrettet om dette, og det må søkes om ny bevilling senest innen 30 dager etter overdragelsen. Søker har mistet retten til å skjenke i overgangsperioden dersom 30-dagersfristen ikke overholdes.

Bevillingssøker/-haver er

Foretak/lag/forening

Henvendelsen gjelder

Godkjenning av endringer hos bevillingshaver

Bevillingssøker/-haver

Opplysninger om foretak/lag/forening

Organisasjonsnummer

880309021

Foretak/lag/forening

BKK AS

Adresse

Elvevegen 1

Postnummer

5722

Poststed

Dalekvam

Telefon

55127802

Telefaks

Opplysninger om kontaktperson

Fornavn

Åse

Etternavn

Hauge

Adresse

Eidslandsvegen 191

Postnummer

5722

Poststed

DALEKVAM

Telefon

40095693

E-post

ase.hauge@bkk.no

Har søker andre bevillinger med hjemmel i alkoholloven?

Nei

Endringer

Ved søknad om bevilning for ny alkoholgruppe, velg alternativet "Søknad om ny bevilning" på innledningssiden.

Endringen gjelder

Styrer/stedfortreder for skjenkebevilning

Styrer for skjenkebevillingen

Opplysninger om styrer

Fødselsnummer

Fornavn

Eirik

Etternavn

Vinsjansen

Adresse

Oterstadneset 8

Postnummer

5727

Poststed

STAMNES

Skattekommune

Vaksdal

Prøvebevis må følge søknaden dersom kunnskapsprøve er avlagt/bestått i en annen kommune enn kommunen søknaden sendes til.

Kunnskapsprøve

Har styrer avlagt kunnskapsprøve etter alkoholloven?

Ja

Hvilket år ble
kunnskapsprøven avlagt?

1999

[åååå]

I hvilken kommune ble prøven avlagt?

Vaksdal

Er det oppnevnt en stedfortreder?

Ja

Stedfortreder for skjenkebevillingen

Opplysninger om stedfortreder

Fødselsnummer

[11-siffer]

Fornavn

Åse

Etternavn Hauge	
Adresse Eidslandsvegen 191	
Postnummer 5722	Poststed DALEKVAM
Skattekommune Vaksdal	
Prøvebevis må følge søknaden dersom kunnskapsprøve er avlagt/bestått i en annen kommune enn kommunen søknaden sendes til.	
Kunnskapsprøve	
Har stedfortreder avlagt kunnskapsprøve etter alkoholloven?	
<input checked="" type="radio"/> Ja	
Hvilket år ble kunnskapsprøven avlagt? 1999	[åååå]
I hvilken kommune ble prøven avlagt? Vaksdal	

Styrer og stedfortreder for skjenkebevillingen (Endring)

Opplysninger om styrer	
Fødselsnummer	
Fornavn Åse	
Etternavn Hauge	
Adresse Eidslandsvegen 191	
Postnummer 5722	Poststed DALEKVAM
Skattekommune Vaksdal	
Er det oppnevnt en stedfortreder?	
<input checked="" type="radio"/> Nei	
Begrunnelse for manglende stedfortreder BKK vil avvikle driften av Kurssenteret senest juni 2018. I perioden frem til dette vil det være meget begrenset skjenkeaktivitet.	
Prøvebevis må følge søknaden dersom kunnskapsprøve er avlagt/bestått i en annen kommune enn kommunen søknaden sendes til.	

Egenerklæring

<input checked="" type="checkbox"/> Jeg bekrefter at avgitte opplysninger er riktige, og forplikter meg til å besørge at bestemmelser i alkoholloven blir
<input checked="" type="checkbox"/>

Jeg forplikter meg til å orientere kommunen om eventuelle endringer i driften eller varesortimentet.

Jeg forplikter meg til å sende kommunen årlig oppgave over forventet omsatt mengde alkoholvarer på utsalgsstedet.

Jeg samtykker i at det kan foretas en etterberegning av bevillingsgebyret dersom det foreligger et avvik mellom tidligere



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
11/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	29.01.2018
06/2018	Kommunestyret	PS	12.02.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE - 223, FA - V00	17/58

TILDELING AV MIDLAR FRÅ VAKSDAL LANDBRUKSFOND 2017

Vedlegg:

Søknad om tilskot frå Vaksdal landbruksfond til landbruksfest 2017

Søknad til Landbruksfondet om tilskudd til vedmaskin

Søknad om tilskot til kjøp av felles reiskap

FRAMLEGG TIL ENDRING AV VEDTEKTER FOR VAKSDAL LANDBRUKSFOND - JUSTERING AV GRUNNKAPITAL

Vedtekter landbruksfondet 03.05.2007

Styret i Vaksdal landbruksfond sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i §§ 2 og 5 i vedtektene for Vaksdal landbruksfond, vert det løyvd følgjande tilskot frå fondet i 2017:

- Inntil kr. 7 500,- i tilskot til landbruksfest i regi av faglaga i landbruket i Vaksdal kommune, v/ Kristine Sæterdal. Tilskotet utgjer 15 % av dokumenterte kostnader.
- Inntil kr. 34 840,- i tilskot til kjøp av vedmaskin i regi av tre gardbrukarar i Eksingedalen, v/ Leif Kåre Ekse. Tilskotet utgjer 26 % av budsjetterte/dokumenterte kostnader.
- Inntil kr. 7 312,- i tilskot til kjøp av ny rotorharv i regi av Eidslandet Maskinring, v/ Jahn Olav Nordheim. Tilskotet utgjer 30 % av dokumenterte kostnader.

Administrasjonen i Vaksdal kommune gjennomfører utbetaling av tilskota i tråd med vedtaket.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 11/2018

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding:

Med heimel i §§ 2 og 5 i vedtektene for Vaksdal landbruksfond, vert det løyvd følgjande tilskot frå fondet i 2017:

- Inntil kr. 7 500,- i tilskot til landbruksfest i regi av faglaga i landbruket i Vaksdal kommune, v/ Kristine Sæterdal. Tilskotet utgjer 15 % av dokumenterte kostnader.
- Inntil kr. 34 840,- i tilskot til kjøp av vedmaskin i regi av tre gardbrukarar i Eksingedalen, v/ Leif Kåre Ekse. Tilskotet utgjer 26 % av budsjetterte/dokumenterte kostnader.
- Inntil kr. 7 312,- i tilskot til kjøp av ny rotorharv i regi av Eidslandet Maskinring, v/ Jahn Olav Nordheim. Tilskotet utgjer 30 % av dokumenterte kostnader.

Administrasjonen i Vaksdal kommune gjennomfører utbetaling av tilskota i tråd med vedtaket.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Søknadsfristen for å søkje om tilskot frå Vaksdal landbruksfond er 1. desember kvart år. Fondsstyret skal gje innstilling til politisk vedtak i kommunestyret innan utgangen av januar påfølgjande år, jf. §§ 7 og 8 i vedtektene.

Det kom inn tre søknadar til landbruksfondet i 2017:

S-dato	Føremål	Søknadssum	Omsøkt finansiering	Søklar
27.02.17	Tilskot til landbruksfest	Kr 10 000,-	20 %	Faglaga i landbruket i Vaksdal kommune, v/ Kristine Sæterdal
24.10.17	Tilskot til kjøp av felles vedmaskin	Kr 40 200,-	30 %	Leif K. Ekse, Gaute Øvstedal, Lars B. Nesheim
20.10.17	Tilskot til kjøp av felles rotorharv	Kr 14 062,-	50 %	Eidslandet Maskinring, v/ Jahn Olav Nordheim

Saldoen til landbruksfondet per 31.12.2017, var kr. 1 849 217,- .

I følgje § 1 i vedteken til fondet, er kapital ut over bunden grunnkapital på kr. 1 800 000,- frie fondsmidlar. Dette gjev kr. 49 217,- i tilgjengelege kapital for mogeleg tildeling i 2017.

Vurdering

Styret i landbruksfondet handsama innkomne søknadar på møtet den 17.01.18. Saksframstilling og vurdering går fram av det følgjande:

- **SØKNAD OM TILSKOT TIL LANDBRUKSFEST**

Landbruksfesten vart halde på Verpelstad gard 10.02.17, og markerte at Jan Vaksdal slutta som veterinær etter over 30 års arbeid for god dyrevelferd i Vaksdal og Modalen kommunar. Festen var eit fellesarrangement for landbruksnæringa, og samla om lag 50 deltakarar frå heile kommunen.

Søknaden viser totale utgifter på kr. 50 035,-, og søknadsbeløpet på kr. 10 000,- utgjer 20 % av kostnadane.

Av § 5, punkt 2 i vedtektene til landbruksfondet, går det fram kva tiltak som kan – og ikkje kan –

få finansiering. Tiltaka som heimlar tilskot er av praktisk, produksjonsretta art. I dette høve vert felles arrangement som landbruksfest, vurdert å vere litt på sida av fondsføreåret. Gjeldande arrangement vert likevel sett på som positivt og samlande for næringa lokalt, og tek utgangspunkt i praktisk og næringsretta drift på garden. Fondsstyret går difor inn for å gje tilskot til landbruksfesten som eit unnatak, og finn på bakgrunn av tilgjengeleg fondskapital og ei samla vurdering av inkomne søknadar, grunnlag for å løyve kr. 7 500,- til tiltaket (15 % finansiering).

- **SØKNAD OM TILSKOT TIL KJØP AV FELLES VEDMASKIN**

Søklarane driv aktiv gardsdrift i Eksingedalen. Søknaden viser kr. 134 000,- eks. mva. i kostnad med innkjøp av vedmaskina. Omsøkt tilskot på kr. 40 200,- utgjør 30 % av total kostnad. Søknaden frå grunneigarane er i tråd med § 2 (føreåret) og § 5 (bruk) i vedtektene til landbruksfondet. Investeringa støttar kravet om fellestiltak ved tildeling av tilskot til maskinar og reiskap, og det kan løyvast inntil 35 % av dokumentert kostnad. Ut frå tilgjengeleg fondskapital og ei samla vurdering av inkomne søknadar, innstiller fondsstyret på kr. 34 840,- i tilskot til innkjøp av vedmaskina (26 % finansiering).

- **SØKNAD OM TILSKOT TIL KJØP AV NY ROTORHARV**

I følge søknaden har Eidslandet Maskinlag 8 aktive medlemmer, der gardbrukarane brukar felles reiskapar til jord- og åkerbruk. Nyleg innkjøpt rotorharv kosta kr. 28 125, eks. mva, og det vert søkt om kr. 14 062,- i tilskot frå fondet. Søknaden frå maskinlaget er i tråd med § 2 (føreåret) og § 5 (bruk) i vedtektene til landbruksfondet. Investeringa støttar kravet om fellestiltak ved tildeling av tilskot til maskinar og reiskap, og det kan gjevast inntil 35 % av dokumentert kostnad – ikkje 50 %, som det vert søkt om. Ut frå tilgjengeleg fondskapital og ei samla vurdering av inkomne søknadar, innstiller fondsstyret på kr. 7 312,- i tilskot til innkjøp av rotorharva (26 % finansiering).

Konklusjon

Fondsstyret går inn for å fordele alt av tilgjengeleg kapital i landbruksfondet mellom inkomne søknadar i 2017. Dette tydar at kapitalen i fondet må byggjast opp att, ut over bunden grunnkapital. Fondstyret vil i dette høve bruk sitt mandat til å vurdere alternativ plassering av fondskapitalen til bankinnskot, for å få høgare, årleg avkastning, jf. § 6 i fondsvedtektene (vedlagt sak/vedtekter)

Til Landbruksfondet i Vaksdal

Rødland 27.2.2017.

Frå Eksingedalen/ Vaksdal Bondelag. Modalen Bondelag
Vaksdal sau og geitalslag og Produsentlaget i Tine.

Søknad om tilskot.

Eg søkjer med dette på vegne av ovannemnde lag om tilskot til dekking av utgifter i forbindelse med avslutningsfest for veterinær Jan Vaksdal, som vart helden på Verpelstad 10.02.2017.

Me søkjer om tilskot stort kr.10 000. frå landbruksfondet i Vaksdal.

Rekneskap:

Gåvekort Jan Vaksdal	4 000.-
Blomehelsing Åshild Vaksdal	700.-
Bilde til Jan Vaksdal (Charles Lunde)	5 000.-
Kake	1 120.-
Musikk	6 000.-
Verpelstad middag/ dessert	32 215.-
Annonse Vaksdalposten	1 000.-
Totale utlegg.	50 035.-
Eigenandel (festbillett)	12 600.-
Rest	37 435.-

Fiansiering:

Landbruksfondet	10 000.-
Fordeling på ovannemnde lag	27 435.-

På vegne av faglaga i Vaksdal og Modalen.

Kjetil Rødland.

Søknad til Landbruksfondet om tilskudd til vedmaskin.

Søker med dette om tilskudd til kjøp av ved maskin.

Vedmaskina vert kjøpt in i felleskap mellom Leif Kåre Ekse, Gaute Øvstedal og Lars Bjarte Nesheim.

Har fått tilbud hos Eik Maskin på maskina til kr 134000 +mva

Søker med dette om tilskudd på 30% av kjøpssummen kr.40200.

Håper søknaden kan handsamast så raskt som mulig slik at ved maskina kan kjøpast inn allerede i høst.

Mvh

Leif Kåre Ekse

Eidsland Maskinring
v/Jahn Olav Nordheim
Nordheimsvegen 31
5728 Eidslandet

Eidsland 28.09.2017

Vaksdal kommune
Landbrukskontoret
Konsul Jepsensgate 16
5722 Dalekvam

Søknad om tilskot til kjøp av felles reiskap.

Eidsland Maskinring har i dag 8 aktive medlemmar. Dette er gardbrukarar/grunneigarar som i fellesskap eig ein del utstyr til jord- og åkerbruk, som plog, åkervals, gjødselspreiar, potetsetjar, mm.

Maskinringen har no kjøpt inn ei ny rotorharv, då den me hadde var fullstendig utslitt. Harva er førebels betalt av ein av medlemmane (sjå vedlagt dokumentasjon).

Då ingen av medlemmane er mva-pliktige er me så frie at me søker om å få dekkja 50% av bruttokostnaden med denne investeringa.

Fakturabeløp: kr 28 125,00

Søker med dette om å få dekkja kr 14 062,50

Eventuelt tilskot vert å betala til konto: 3500 07 05762

For Eidsland Maskinring



Jahn Olav Nordheim



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
71/2017	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	23.10.2017
78/2017	Kommunestyret	PS	13.11.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE - 242, FA - V00	17/1069

FRAMLEGG TIL ENDRING AV VEDTEKTER FOR VAKSDAL LANDBRUKSFOND - JUSTERING AV GRUNNKAPITAL

Vedlegg:

Vedtekter landbruksfondet 03.05.2007

Brev frå Landbruks- og matdepartementet 2007

Referat møte fondstyret september 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Etter innstilling frå styret i Vaksdal landbruksfond og med heimel i § 8 «Vedtektsendringar» i fondet sine vedtekter av 03.05.2007, endrar kommunestyret i Vaksdal kommune kravet til grunnkapital i landbruksfondet frå kr. 1 906 283, til kr. 1 800 000,-. Beløpet skal gjelde inntil vidare, med verknad frå 01.01.2018.

Ny ordlyd i § 1 i vedtektene vert som følgjer (endringa er merka med cursivskrift):

- **«§ 1 Heimel og kapital**

Heimelen for landbruksfondet er Kongeleg resolusjon av 25.02.1983 og gjeld Eksingedalsvassdraget/Leirovassdraget, Myster kraftverk.

Grunnkapitalen var kr 1 000 000,- ved oppretting av fondet i 1985, og vart endra til kr 1 906 283,- av kommunestyret i 2007, jf. sak i kommunalt vedtak av 008/07.

Frå og med 01.01.2018 skal grunnkapitalen setjast ned til kr. 1 800 000,-, og vere gjeldande inntil vidare.

Med bakgrunn i brev frå Landbruks- og matdepartementet av 15. mai 2007, om at framtidige vedtektsendringar ikkje treng godkjenning frå departemenet, vert følgjande setning i § 8 i landbruksfondet sine vedtekter fjerna:

- *«Vedtekten treng godkjenning av landbruksdepartementet».*

Det vert ikkje gjort andre endringar i vedtektene.

Dei nye vedtekten erstattar vedtektene av 03.05.2007

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 71/2017

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding:

Etter innstilling frå styret i Vaksdal landbruksfond og med heimel i § 8 «Vedtectsendingar» i fondet sine vedtekter av 03.05.2007, endrar kommunestyret i Vaksdal kommune kravet til grunnkapital i landbruksfondet frå kr. 1 906 283, til kr. 1 800 000.-. Beløpet skal gjelde inntil vidare, med verknad frå 01.01.2018.

Ny ordlyd i § 1 i vedtektene vert som følgjer (endringa er merka med cursivskrift):

- **«§ 1 Heimel og kapital**

Heimelen for landbruksfondet er Kongeleg resolusjon av 25.02.1983 og gjeld Eksingedalsvassdraget/Leirovassdraget, Myster kraftverk.

Grunnkapitalen var kr 1 000 000,- ved oppretting av fondet i 1985, og vart endra til kr 1 906 283,- av kommunestyret i 2007, jf. sak i kommunalt vedtak av 008/07.

Frå og med 01.01.2018 skal grunnkapitalen setjast ned til kr. 1 800 000,-, og vere gjeldande inntil vidare.

Med bakgrunn i brev frå Landbruks- og matdepartementet av 15. mai 2007, om at framtidige vedtectsendingar ikkje treng godkjenning frå departemenet, vert følgjande setning i § 8 i landbruksfondet sine vedtekter fjerna:

- *«Vedtekten treng godkjenning av landbruksdepartementet».*

Det vert ikkje gjort andre endringar i vedtektene.

Dei nye vedtekten erstattar vedtektene av 03.05.2007

Kommunestyret - Sak 78/2017

KOM - Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - Vedtak:

Etter innstilling frå styret i Vaksdal landbruksfond og med heimel i § 8 «Vedtectsendingar» i fondet sine vedtekter av 03.05.2007, endrar kommunestyret i Vaksdal kommune kravet til grunnkapital i landbruksfondet frå kr. 1 906 283, til kr. 1 800 000.-. Beløpet skal gjelde inntil vidare, med verknad frå 01.01.2018.

Ny ordlyd i § 1 i vedtektene vert som følgjer (endringa er merka med cursivskrift):

- **«§ 1 Heimel og kapital**

Heimelen for landbruksfondet er Kongeleg resolusjon av 25.02.1983 og gjeld Eksingedalsvassdraget/Leirovassdraget, Myster kraftverk.

Grunnkapitalen var kr 1 000 000,- ved oppretting av fondet i 1985, og vart endra til kr 1 906 283,-

av kommunestyret i 2007, jf. sak i kommunalt vedtak av 008/07.

Frå og med 01.01.2018 skal grunnkapitalen setjast ned til kr. 1 800 000,-, og vere gjeldande inntil vidare.

Med bakgrunn i brev frå Landbruks- og matdepartementet av 15. mai 2007, om at framtidige vedtektsendringar ikkje treng godkjenning frå departemenet, vert følgjande setning i § 8 i landbruksfondet sine vedtekter fjerna:

- «Vedtekten treng godkjenning av landbruksdepartementet».

Det vert ikkje gjort andre endringar i vedtektene.

Dei nye vedtekten erstattar vedtektene av 03.05.2007

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vaksdal landbruksfond er eit kommunalt fond for å fremje landbruket i Vaksdal kommune gjennom tilskot til investeringar, jf. 2 i fondsvedtekten. Heimelen for fondet er Kongeleg resolusjon av 25.02.1938, og gjeld Eksingedalsvassdraget/Leirovassdraget, Myster kraftverk.

Kommunestyret oppnemner eit fondsstyret på tre personar, med vararepresentasjon. Dagens fondsstyre er samansett slik:

- Jarle Audestad (politisk representant).
- Rune Nesheim (representant frå landbruksnæringa).
- Tore Henrik Øye (representant frå kommunal landbruksforvaltning).
- Arne Normann (politisk vararepresentant).

Fondsstyret skal handsame innkomne søknadar i tråd med vedtektene, med tilråding til kommunestyret som gjer vedtak, jf. § 4. i vedtektene. Formannskapet/plan- og økonomiutvalet har gjeve administrasjonen, ved rådmannen, mynde til å føreta løyvingar for totalt inntil kr. 100 000,- per år, jf. KOM-sak 052/12, *Reglar for kommunale tilskotsordningar for landbruket*. Kapital ut over grunnkapitalen er frie fondsmidlar som kan nyttast til tilskot etter søknad og kommunal handsaming

Vedtekten til fondet vart sist revidert av kommunestyret i møte av 23.04.2007, sak 008/07.

Her vart fondet sin grunnkapital sett opp til kr. 1 906 283,- for fem år, fram til 31.12.2011, med årleg auke tilsvarande konsumprisindeksen frå og med 01.01.2012. Grunngevinga var knapt med frie midlar, grunna lågt rentenivå. For å sikre eit landbruksfond til disposisjon, og ikkje tære for mykje på grunnkapitalen, vart difor kapitalen «låst» for femårsperioden.

Saldo for landbruksfondet per 31.08.2017 er kr. 1 849 217,-, inkludert kr. 57 065,- i udisponerte midlar.

Dagens saldo er kr. 57 066,- mindre enn kva vedtektene seier at grunnkapitalen skal vere (2011-nivå).

Styret i Vaksdal landbruksfond drøfta situasjonen på styremøtet den 21.september 2017. Styret si innstilling går fram av vurderinga under.

Vurdering

Årlege reknskapstal for fondet i perioden 2001-2017:

År	Bruk av fondsmidler (kr)	Renteinntekter	Saldo per 31.12
2001	165 000	167 370	2 277 891
2002	104 540	163 986	2 312 125
2003	112 081	112 011	2 312 056
2004	262 585	51 514	2 244 580
2005	225 621	60 408	2 149 021
2006	-	89 959	1 983 808
2007	-	87 959	2 071 767
2008	-	125 748	2 197 516
2009	-	57 048	2 254 564
2010	331 000	55 842	1 979 406
2011	-	56 262	2 035 668
2012	129 385	54 202	1 960 485
2013	54 202	57 454	1 963 737
2014	39 861	54 852	1 978 728
2015	70 122	31 864	1 940 470
2016	49 210	20 106	1 911 366
2017	0 – per sept	?	1 849 217

Oversynet for årsrekskapen, viser at det har kome inn mindre renteinntekter til fondet dei siste åra, grunna låg bankrente. Tabellen viser ein nedgang i desse inntektene frå og med 2009, og spesielt for 2015 og 2016. Det går vidare fram at tildeling av midlar dei siste 5 åra har vore høgare enn renteinntektene, med unntak av 2014. Men årleg bruk har også på det jamne gått ned over tid.

I følgje oversynet er 2017 det første året saldoen er under grunnkapitalen.

Søknadane til landbruksfondet viser at det er interesse og behov for finansiering frå fondet.

I dette høve vert midlane sett på som viktig tilskot for delfinansiering av investeringane det vert søkt om stønad til. Fondet er soleis med å realiserer mogelegheita for investering og utvikling innafor landbruksnæringa i kommunen, i tråd med intensjonen.

Styret i landbruksfondet meiner det vil vere avgjerande å sikre tilstrekkeleg grunnkapital i fondet, som grunnlag for langsiktig bruk og nytte. På same tid kan det vere tenleg å finne rammer som gjer at eit fond med kring 1,9 millionar i saldo, ikkje vert liggjande unytta, utan at det tærar for mykje grunnkapitalen. I dette høve er utfordringa å finne balansen mellom desse forholda.

Fondsstyret har kome med framlegg til følgjande verkemidlar:

- Fondssparing som alternativ til bankinnskot.
- Reduksjon av grunnkapitalen.

Ei eventuell flytting av delar av fondskapitalen kan gjerast innafor rammene av § 6 i fondsvedtektene, utan krav til vedtektsendring. Styret har i dette høve bede administrasjonen greie ut om – og kome med framlegg til – overføring av midlar frå bank til fondssparing, jf. vedlagt referat frå styremøtet.

Styret meiner ein bør vere varsam med nedsetjing av grunnkapitalen, ut frå eit ansvarleg og langsiktig forvaltingsperspektiv. Det er viktig å sikre føreseielege rammer og høg fondskapital over

tid. Avhengig av omfang vil ein reduksjon kunne byggje ned fondet, og berre gje kortsiktig verknad.

Innanfor denne vurderinga går styret inn for ein forsiktig reduksjon av fondskapitalen, jf. vedtak:

- * «Styret for Vaksdal landbruksfond gjer framlegg om å setje ned fondet sin bundne grunnkapital frå kr. 1 906 283,- til kr. 1 800 000,-, med verknad frå 01.01.2018. Styret ber administrasjonen, ved Rådmannen, leggje saka fram for kommunestyret til politisk handsaming».

Konklusjon

I tråd med innstillinga frå styret i Vaksdal landbruksfond går Rådmannen inn for å setje ned fondet sin grunnkapitalen frå kr. 1 906 283, til kr. 1 800 000.-, med verknad frå og med 01.01.2018. Storleiken på grunnkapitalen skal gjelde inntil vidare.

Framlegget vert lagt fram for kommunestyret i Vaksdal kommune for endeleg avgjerd i tråd med § 8 «Vedtektsendringar» i fondsvedtektene.

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Saksnr.: 01/01663-016
Arkivkode: V12
Avd/Saksh: LØ
Dykkar ref:

DALE 03.05.2007

MELDING OM VEDTAK - VEDTEKTER VAKSDAL LANDBRUKSFOND

Kommunestyret handsama i møte 23.04.2007 sak 0008/07.

Følgjande vedtak vart fatta:

Framlegg til reviderte Vedtekter for Vaksdal landbruksfond.

§ 1 Heimel og kapital

Heimelen for landbruksfondet er Kongeleg resolusjon av 25.02.1983 og gjeld Eksingedalsvassdraget/ Leirovassdraget Myster kraftverk.

Grunnkapitalen var 1 000 000,- ved oppretting av fondet i 1985. Pr 31.12.2006 var grunnkapitalen kr 1 906 283,- grunna årleg auke tilsvarende konsumprisindeksen. Dei fem neste åra, frå 01.01.2007 til 31.12.2011, skal grunnkapitalen haldast på 1 906 283,-. Frå og med 01.01.2012 skal grunnkapitalen aukast att årleg tilsvarende konsumprisindeksen.

Kapital ut over grunnkapitalen; frie fondsmidlar, kan delast ut som tilskot.

§ 2 Føremål

Fondet skal nyttast til fremjing av landbruket i kommunen. Alle næringsdrivande, lag og organisasjonar i landbruket kan få hjelp av fondet til investeringar.

§ 3 Budsjett og rekneskap

Budsjett og rekneskap for fondet, for inntekter av fondsmidlane og for bruk av fondet, vert lagt til det budsjett og den rekneskap som kommunen fører og skal vera i samsvar med føresegnene for dette.

Kvart år skal det leggjast fram for kommunestyret ei melding om fondet si verksemd.

§ 4 Fondsstyre

Kommunestyret oppnemner eit fondsstyre på 3 personer med 3 personlege vararepresentantar for 4 år om gongen. Det bør utnemnast:

- ein politisk representant
- ein representant frå landbruksnæringa
- ein representant frå den kommunale landbruksforvaltninga.

Fondsstyret skal handsama søknader som kjem inn under desse vedtektene, og skal koma med tilråding til kommunestyret som gjer vedtak.

§ 5 Bruk

1 Lån og garanti for lån

Av grunnkapitalen kan det i særlege høve ytast lån eller garanti for lån til felles utviklingstiltak innan landbruket.

2 Tilskot

Av fondet si avkastning kan det ytast tilskot til fellestiltak og einskildpersonar for:

- styrking av kommunale tilskot retta direkte mot landbruksnæringa.
- driftsbygningar i landbruket
- tilleggsnæringar knytt til landbruk, til foredling av varer med basis i landbruket og til andre investeringar som vil betre grunnlaget for landbruksdrift i kommunen.

Tilskot har slike avgrensingar og gjeld eigar/ søkjar sin netto dokumenterte kostnad:

	<u>Individuelle tiltak</u>	<u>Fellestiltak</u>
Driftsbygning	10 %	15 %
Maskiner og reiskap	0	35 % (maskinringar)
Tilleggsnæringar	10 %	20 %

Presiseringar:

Vilkår for å få tilskot er at det er/vert drift på bruket. Omsetninga frå produksjon eller foredling av landbruksvarer må vera/verta minst kr 30 000 pr. år.

Døme:

Ein bonde som oppfyller minstekravet til landbruksrelatert omsetning kan få tilskot til kva som helst tilleggsnæring, dersom det styrkjer grunnlaget for landbruksdrift på bruket eller i kommunen. (gjev inntekt)

Ein person som eig og bur på ein gard som ikkje har landbruksrelatert omsetning, kan berre få tilskot til investeringar som gjeld produksjon eller foredling av landbruksvarer.

Til driftsbygningar kan det berre gjevast tilskot til nyinvesteringar, ikkje til vedlikehald.

Som driftsbygning reknar ein husdyrrom, mjølkerom, fôrrom/fôrlager og gjødsellager.

Døme på tiltak som ikkje kan få tilskot:

- reiskapshus, garasjar, naust og andre lagerbygningar (unntak for maskinringar)
- nybygg av hytter til utleige eller opprusting av eldre bustadhus med formål utleige
- bygging av minikraftverk
- sagbruk

3 Forskottering

Frie fondsmidlar kan nyttast til forskottering av kapitalkrevjande tiltak som vert finansiert av offentlege tilskot.

§ 6 Forvaltning

Fondet sine midlar vert plassert på renteberande konto i bank, i pant- og ihendehavarobligasjonar eller på annan trygg måte.

Fondsstyret ser til at kapitalen gjev ei forsvarleg renteavkastning samstundes som naudsynt kapital må kunna nyttast på kort varsel.

Grunnkapitalen skal vera 1 906 283,- frå 01.01.2007 til 31.12.2011. Frå 01.01.2012 skal grunnkapitalen i fondet kvart år tilleggast den del av den årlege avkastinga som svarar til auken i konsumprisindeksen, slik denne er rekna ut av Statistisk sentralbyrå.

Renter og avdrag skal først attende til fondet.

Kommunekasseraren har arbeidet med rekneskapsføringa og gjev årleg oppgåve over storleiken av fondet og avkastinga.

§ 7 Handsaming av søknader til fondet

Søknadsfrist er 1. desember.

Fondsstyret med landbrukskontoret som sekretariat har det daglege arbeidet som vedkjem søknader m.m.

Fondsstyret gjev innstilling og kommunestyret gjer endeleg vedtak.

Innkome søknader skal handsamast innan utgangen av januar kvart år.

§ 8 Vedtektsendingar

Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret.

Vedtaket treng godkjenning av landbruksdepartementet.

Vedtektene vert å senda Fylkesmannen til orientering.

Dei reviderte vedtektene skal gjelda frå det tidspunktet dei er godkjend av departementet.

Rett utskrift:


Stig Gunnar Røthe
Rådmann

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga
✓ Fagkonsulent landbruk



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
06/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	29.01.2018
07/2018	Kommunestyret	PS	12.02.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll	FA - K01, TI - &00	17/1

LOKAL FORSKRIFT FOR REGULERING AV VANNSKUTERKØYRING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 06/2018

FPØ - Behandling:

Framlegg til vedtak frå Sigmund Simmenes:

Arbeidet med lokal forskrift for å regulere vannskuterkjøring vert utsett til retningslinjene for lokal styring er klarlagt.

Framlegget samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding:

Arbeidet med lokal forskrift for å regulere vannskuterkjøring vert utsett til retningslinjene for lokal styring er klarlagt.

Saksopplysningar:

I desember 2016 gjennomførte Klima- og miljødepartementet høyring for oppheving av vannscooterforskrifta. I høyringssvar var Vaksdal kommune tydeleg, og frarådde oppheving, mellom anna fordi dette vil skape meir vannskuterkjøring i høg fart nær land, noko som gir meir støy, større konfliktpotensial og tryggleiksproblem. Dette vil vere negativt for dei som brukar fjordane som rekreasjonsområde, og gå hardt ut over sårbare sjøfuglbestandar. Sjå også vedlagt høyringssvar.

19. mai 2017 oppheva Regjeringa vannscooterforskrifta. Vannskutere er no likestilt med fritidsbåtar, og det er opp til kvar enkelt kommune å innføre reglar for desse.

Etter dette har kommunestyret i Vaksdal gjort vedtak:

Kommunestyret - Sak 52/2017 KOM - Vedtak:

Rådmann bes utforme et forslag til regulering av vannscooterkjøring som prioriterer friluftsliv og miljø slik at vannscooterkjøring må foregå minst 400 meter fra land og at man på veien dit maks kan

holde fart på fem knop.

Aktuelle lover kommunane kan nytte er Havne- og farvannsloven, og innføre lokal forskrift for fartsregulering. Det er slik at denne må gjelde for alle, og kan ikkje berre gjelde for vannskuter. Havne- og farvannsloven gir i §34 eit forbud mot å volde fare, skade eller ulempe i farvannet; *Ingen må i farvann eller i havn bruke eller etterlate fartøy, kjøretøy eller andre gjenstander slik at det kan oppstå fare, skade eller ulempe for fremkommeligheten eller ferdselen i farvannet eller i havnen, eller for annen bruk av farvannet, med mindre noe annet følger av bestemmelse eller tillatelse gitt i eller i medhold av denne loven.* <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-04-17-19>

Havne- og farvannslova gir kommunen anledning til å innføre lokale forskrifter for fartsbegrensingar. Det gir berre meining dersom ein vil vere strengare enn formuleringane i lova.

Handheving av ei lokal fartsforskrift for Vaksdal vil vere politiet. I august 2017 gjennomførte KS eit seminar om lokale reguleringar etter oppheving av vannskuterforskrifta, og politiet uttrykte då store handhevingsutfordringar, både i forhold til mannskap og teknisk utstyr.

Ein stor avgrensing av område for ei fartsforskrift i Vaksdal gjeld farled og bifarled, som Kystverket (staten) regulerer. Kartet under syner dei farledene som kommunen ikkje kan nå med lokal forskrift.



Etter dette vil ei lokal fartsforskrift kunne gjelde Dalevågen, Eidsfjorden og del av Bolstadfjorden.

Samarbeid med Kystverket kan vere ei løysing, men så langt har dei uttalt at dette er for tidleg for dei

å vurdere felles forskrift i farled.

Det er nokre kommunar på Østlandet som har vedtatt fartsforskrifter, til dømes Nøtterøy og Tjøme. Det fungerer for dei som rår over «skjærgård» med mange øyar og holmar, sjølv om dei heller ikkje når farleder og bifarleder. Det er også fleire kommunar som har vedtatt forskrifter som er avvist av departementet.

Ingen av våre nabokommunar har igangsett arbeidet med lokale fartsforskrifter som «erstatning» for vannskuterforskrifta. Dette gir oss ingen hjelp og erfaring med juridiske avklaringar. Det kan vere naturleg å la «presskommunane» Os, Askøy og Lindås gå først.

Det er eit krav at vannskuter må vere CE-godkjent. Desse har høge støykrav, og kan ikkje samanliknast med 1.generasjons modellar. Jetski og andre nyare motoriserte «leiketøy» som går både over og under overflata er ikkje tillatt, verken å bruke, selje eller importere. Unntak er Jetski som blir brukt til konkurranse, trening, og på godkjent område for dette. Plan- og bygningslova gir anledning til å avsette område til «vannleik».

Vurdering

Det vil vere krevjande å vere første kommune i vår region som utarbeider forskrift for å regulere bruk av vannskuter. Ei slik forskrift vil og gjelde fritidsbåtar.

Ei lokal forskrift vert avrensa til Eidsfjorden, del av Bolstadfjorden og Dalevågen. For å nå heile sjøarealet vil det vere nødvendig å inngå eit samarbeid med Kystverket om ei felles forskrift, og dette vil verte aktualisert når dei opnar for dette.

Ei lokal forskrift som regulerar vannscooterkjøring som prioriterer friluftsliv og miljø slik at vannscooterkjøring må foregå minst 400 meter fra land og at man på veien dit maks kan holde fart på fem knop har både reguleringsutfordringar og handhevingsutfordringar som pr. i dag ikkje ligg til rette. Slik dei juridiske tilhøva er no, samt signal frå Kystverket, er det vanskeleg å oppfylle intensjonen i kommunestyret sitt vedtak.

Etter rådmann sitt syn er det grunnlag for å vurdere utsetting av arbeidet med ei lokal forskrift til overordna myndigheiter har klarlagt og tilrettelagt moglegheitene for lokal styring, slik føresett ved fjerning av vannskuterforskrifta. Det er dessverre pr. i dag ikkje førespegla tidshorisont for nærare avklaringar.

Rådmann legg saka fram for drøfting i formannskapet og mogeleg innstilling til kommunestyret.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
08/2018	Kommunestyret	PS	12.02.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll	FE - 141	14/1298

SVAR TIL HØYRING, PLANPROGRAM FOR KOMMUNEPLANEN TIL VOSS HERAD NYE VOSS 2020

Vedlegg:

KOMMUNEPLAN FOR VOSS HERAD 2020-2031 - Planprogrammet 15.12.2017.

Rådmannen sitt framlegg til høyringsfråsegn:

Vaksdal kommune ynskjer Voss og Granvin kommunar til lukke med å byggje den nye kommunen og ser fram til eit godt samarbeid til felles beste. Planprogrammet omtalar mellom anna folketalsvekst i regionen som ei utfordring for den nye kommunen, og med ny veg/bane Voss-Arna som middel for å oppnå dette. Både Voss/Granvin og Vaksdal er del av same bu- og arbeidsmarknad i Bergensregionen og har potensiale for vekst og utvikling i planperioden.

Særleg viktig i komande planperiode vert ny veg/bane Arna-Voss, og Vaksdal ynskjer å samarbeide om felles innsats som pådrivarar for oppstart av *statleg kommunedelplan* for Stanghelle-Voss så snart som mogleg. Det er svært viktig både for Voss og Vaksdal å få ei avklaring for trasè og tidshorisont for utbygging av ny E16 og dobbeltspor vidare frå Stanghelle til Voss. Vaksdal kommune ynskjer å ha denne felles pådrivarintensjonen i eigen kommuneplan (som er under rullering), og oppmodar Voss herad om å gjere det same.

Arealplanmessig har me mange felles interesser, også langs den felles grensa mellom kommunane våre. Vaksdal kommune har nyleg gjennomført eit moglegstudie for reiselivsutvikling i Bergsdalen. Med nærleik til Bergen har området ein særskilt attraktivitet, og Rødland-Holeberg-Hamlagrøsen peikar seg ut som eit område der felles utvikling kan vera aktuelt.

Klimatilpassing og beredskap er eit anna felles tema. Flaumsikring og val av løysingar for framtidig regulering av Vossovassdraget har stor betydning, også for Vaksdal kommune. Bolstadfjorden er trong, og særleg Straume og nedre Bolstadstraumen med områda Sanden, Stamnesfet og Leiren er sårbare og høgt skadepotensialet med auka vassføring. Ved flaumen i 2014 vart også Fv 569 stengt ved Dalseid, og områda Grunkavågen/Dalseid overfløymd, og fleire naust langs fjorden forsvann. I Bolstad- og Veafjorden er det også mange kulturminne særleg knytt til sjø, og som kan forringast ved framtidig høgare vasstand knytt til flaumar. Vaksdal vil peike på behovet for samarbeid om løysingar for Vossovassdraget som ivaretar samfunnstryggleik og beredskap i begge kommunar.


Saksopplysningar:

Bakgrunn

I samband med førebuing av nye Voss herad (frå 1. januar 2020, www.nyevoss.no) har kommunane Voss og Granvin starta arbeidet med ny felles kommuneplan, som styrande dokument for all anna planlegging. Planen skal ha ein langsiktig visjon og skal trekkja opp hovudlinjene for den vidare utviklinga i kommunen. Den skal gje mål og strategiar for å nå visjon og overordna målsetting.

Planprogrammet, som no er til høyring skal gjere greie for;

- føremålet med planarbeidet
- planprosessen med fristar, deltakarar og medverknad
- sentrale tema som planen vil ta opp
- trong for utgreiing og ev. konsekvensutgreiingar



I planprogrammet peikar nye Voss herad på særskilde tema som bør ha fokus ved denne kommuneplanen:

For samfunnsdelen:

- Overordna: Visjon, verdiar, identitet og kulturbygging.
- Sosioøkonomiske faktorar og utvikling: demografi, – Innvandring, næringsstruktur, arbeidsstruktur internt i kommunane, pendling internt i regionen til/frå Bergen
- Strategiske val for den kommunale tenesteproduksjonen i framtida. Sjå eiga utgreiing under punkt 9.4 tenesteproduksjonen.
- Folketalsutvikling i det nye heradet med utgangspunkt i forventa folkevekst i Bergensområdet. Tilrettelegging med tanke på auka tilflytting. Bustadbygging/bustadbehov spesielt i sentrumsområdet.
- Senterstruktur
- Næringsutvikling – lokalisering og type
- Klimatilpassing/ beredskap - m.a. flaum og handtering av overflatevatn.
- Legga tilrette for det grønne skiftet. Det vil sei at den nye kommunen skal legga til rette for vekst og samfunnsutvikling som er innafør naturen sine tålegrensar. Meir konkret betyr det å produsera varer og tenester som gjev færre negative konsekvensar for klima og miljø, enn det som er tilfellet i dag
- Digitalisering. Digitalisering handlar om å bruka ny teknologi til å fornya, forenkla og forbetra. Ny og betre teknologi må takst i bruk for å effektivisera, forenkla og gjera tenestene meir pålitelege. Det er viktig at brukaren står i sentrum. Digitaliseringa kan og legga til rette for innovasjon og vekst, og vera med å auka produktiviteten i både privat og offentleg sektor.

For arealdelen:

- Analyse av bustadbehov i sentrumsområdet.
- Senterstruktur

- Næringsareal
- Klimatilpassing/ beredskap - m.a. flaum og handtering av overflatevatn.
- Gjennomgang av gjeldande areal til bustad og fritidsbustader. Vurdera om areala framleis er aktuelle som areal i kommuneplanen.
- Gjennomgå areal til mottak av massar i samband med planlegging og oppstart av K5 ny bane/veg Arna-Voss.
- Kartleggja og verdisetja areal til friluftsområder.
- Samordning av kommunane sine føresegner og retningsliner.

Vurdering

Planprogrammet omtalar folketalsvekst i regionen som ei utfordring for den nye kommunen, og med ny veg/bane Voss-Arna som middel for å oppnå dette. Voss er eit regionsenter for kringliggande kommunar, og samarbeid på ulike arenaer er viktig. Både Voss/Granvin og Vaksdal er del av same bu- og arbeidsmarknad i Bergensregionen der det er potensiale for felles vekst og utvikling, sett i lys av den statlege satsinga på ny veg/bane Arna-Voss.

Asplan Viak og BI har laga ulike rapportar om potensialet for Bergensbaneregionen Bergen-Vaksdal-Voss med realisert K5. Asplan Viak gjennomførte eit moglegstudie med 30 000 nye innbyggjarar og 7500 nye arbeidsplassar lokalisert i stasjonsbyane i Voss og Vaksdal. I BI-rapporten står det at Voss kommune kan få ei auka verdiskaping på 1,3 mrd kroner årleg med noverande arbeidsstyrke i ein fullt integrert bustad- og arbeidsmarknad med Bergen.

Statens vegvesen og Bane NOR planlegg Arna-Stanghelle etter statleg reguleringsplan og mål om byggestart i 2021, trass i at prosjektet ikkje er prioritert i 1. del av NTP. Stanghelle-Voss er ikkje nemnt i NTP og konsept er heller ikkje valt, og i Statens vegvesen sitt Handlingsprogram 2018-2023 står det om K5: *Departementet er imidlertid åpen for at også andre løysningar kan vurderes på denne strekningen, basert på erfaringer og utvikling i prosjektet.* Det er viktig at Voss og Vaksdal står saman og ilag frontar dei felles interessene Voss og Vaksdal har i realiseringen av K5. Tryggleik, regularitet og redusert reisetid er viktig for samfunnsutviklinga. Det er svært viktig både for Voss og Vaksdal å få ei avklaring for trasè og tidshorison for utbygging av ny E16 og dobbeltspor vidare frå Stanghelle til Voss.

Arealplanmessig har me mange felles interesser, også langs den felles grensa mellom kommunane våre. Vaksdal kommune har nyleg gjennomført eit moglegstudie for reiselivsutvikling i Bergsdalen. Med nærleik til Bergen har området ein særskilt attraktivitet, og Rødland-Holeberg-Hamlagrøosen peikar seg ut som eit område der felles utvikling kan vera aktuelt.

Klimatilpassing og beredskap er eit anna felles tema. Flaumsikring og val av løysingar for framtidig regulering av Vossovassdraget har stor betydning, også for Vaksdal kommune. Bolstadfjorden er trong, og særleg Straume og nedre Bolstadstraumen med områda Sanden, Stamnesfet og Leiren er sårbare og skadepotensialet stort med auka vassføring. Ved flaumen i 2014 vart også Fv 569 stengt ved Dalseid, og områda Grunkavågen/Dalseid overfløymd, og fleire naust langs fjorden forsvann. I Bolstad- og Veafjorden er det også mange kulturminne særleg knytt til sjø, og som kan forringast ved framtidig høgare vasstand knytt til flaumar. Vaksdal vil peike på behovet for samarbeid om løysingar for Vossovassdraget som ivaretar samfunnstryggleik og beredskap i begge kommunar.

KOMMUNEPLAN FOR VOSS HERAD

2020-2031 – Planprogrammet



NYE VOSS 2020



Innhald:

1.0 Nye Voss	3
2.0 Planstrategi.....	3
3.0 Kommuneplanen	3
4.0 Planprogrammet	4
5.0 Gjeldande kommuneplanar for Voss og Granvin	4
6.0 Ny kommuneplan 2020-2031	4
6.1 Nasjonal politikk (dokument):	5
6.2 Regionale planar.....	5
7.0 Utfordringar for den nye kommunen.....	6
7.1 Granvin som lokalsamfunn	7
7.2 Voss som regionsenter	7
8.0 Folketalsutvikling og demografi	8
9.0 Særskilde tema som bør ha fokus ved denne kommuneplanen	10
9.1 Samfunnsdelen.....	10
9.2 Handlingsprogrammet.....	10
9.3 Arealdelen	11
9.4 Tenesteproduksjonen.....	11
9.4.1 Helse- og omsorg.....	11
9.4.2 Oppvekst.....	13
9.4.3 Kultur- og fritid	14
9.4.4 Teknisk tenester	16
10. Organisering og prosess	17
10.1 Fellesnemnda	17
10.2 Heradsstyra i dei to kommunane	18
10.3 Arbeidsgrupper for arbeidet med kommuneplanen 2020-2031.....	18
11. Framdriftsplan	21
12. Informasjon og medverknad	22
13. Vedlegg	23
13.1 Verdivurdering og konsekvensvurdering av nye tiltak i kommuneplanen 2020-2031.	23
13.2 Sjekkliste for nye tiltak i kommuneplanen 2020-2031.....	24
13.3 Opplegg for ROS- analyse	30
13.4 Planoversikt over gjeldande planar for Voss kommune	34
13.5 Planoversikt over gjeldande planar Granvin herad.....	35

1.0 Nye Voss

Nabokommunane Voss og Granvin er ein felles bu- og arbeidsregion, og har hatt samarbeid på fleire område over mange år. Voss kommune og Granvin herad vedtok å slå seg saman frå 1.1.2020, som del av den nasjonale kommunereforma. Den nye kommunen skal heita Voss herad. Kommunen vil ha eit folketal på ca. 15 700 innbyggjarar (SSB, 3.kvartal 2017).

Kommunen sitt samla areal vil bli på 2017,3 km². Vidare har fylkesmannen til handsaming ei sak om grensejustering for Oksenhalvøya. Det kan føra til at heile Oksenhalvøya vert ein del av Voss herad.

2.0 Planstrategi

I plan- og bygningslova § 10-1 er kommunal planstrategi omtalt. «Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.»

Den nye kommunen må innan eit år etter konstitueringa av det nye heradsstyret utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi. I styringsdokumentet og prosjektplanen for etableringa av «Nye Voss 2020», er det sagt at ein skal førebu ny planstrategi i prosjektperioden.

3.0 Kommuneplanen

Kommuneplanen er den overordna planen i kommunen og skal vera styrande for all anna planlegging. Planen skal ha ein langsiktig visjon og skal trekkja opp hovudlinene for den vidare utviklinga i kommunen. Den skal gje mål og strategiar for å nå visjon og overordna målsetning.

Arealdelen (plankartet) skal avklara arealbruken i kommunen i planperioden. I tillegg kan det utarbeidast temakart etter behov. I arbeidet med å rullere planen er det eit mål å få til ein betre samanheng mellom arealdelen og samfunnsdelen. Tilsvarande er det viktig å få ei god kopling mellom handlingsprogrammet og økonomiplanen.

I plan- og bygningslova (PBL) § 11-1 heiter det m.a. ;

«Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen.»


4.0 Planprogrammet

I plan- og bygningslova (PBL) § 11-13 heiter det m.a. ;

For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn senest samtidig med varsel om oppstart.

Planprogrammet skal gjera greie for;

- føremålet med planarbeidet
- planprosessen med fristar, deltakarar og medverknad
- sentrale tema som planen vil ta opp
- trong for utgreiing og ev. konsekvensutgreiingar



5.0 Gjeldande kommuneplanar for Voss og Granvin

Voss kommunestyre vedtok gjeldande kommuneplan 2015-2027 i 2015. Granvin herad sin samfunnsdel av kommuneplanen vart vedteken i 2005, for perioden 2005-2017. Arealdelen til kommuneplanen i Granvin herad vart vedteken i 2015. Voss sin kommuneplan ligg på www.voss.kommune.no/planar/kommuneplan. Granvin herad sin kommuneplan ligg på www.granvin.kommune.no/planar.

6.0 Ny kommuneplan 2020-2031

Voss herad skal utarbeide samfunnsdel med handlingsprogram og arealdel til kommuneplanen. Nasjonale og regionale planar/ politikkdokument skal leggjast til grunn i planarbeidet:

6.1 Nasjonal politikk (dokument):

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

(Vedteke ved kongelig resolusjon 12.juni 2015)

Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging

(Vedteke ved kongeleg resolusjon.26.9.2014)

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga (T- 1/95)

Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag

(Vedteke ved kongeleg resolusjon 10.11.1994)

Meld st.18 (2015-2016): Friluftsliv – natur som kjelde til helse- og livskvalitet.

6.2 Regionale planar

- Fylkesplan for Hordaland (2005-2008)
- Premiss: Kultur. Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025)
- Regional plan for folkehelse – fleire gode leveår for alle (2014-2025)
- Fylkesdelplan for kulturminne (1999-2010)
- Regional næringsplan (2013-2017)
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel (2014)
- Fylkesprognose Hordaland 2016-2040: Bustadbehov.
- Regional plan for utdanning og arbeidskraft (2017)
- Regional transportplan Hordaland (2013-2024)
- Klimaplan for Hordaland (2014-2030)
- Fylkesdelplan for småkraftverk (2009/2013)
- Regionalt utviklingsprogram for Hordaland 2009
- Arealstrategi (fylkeslandbruksstyret)
- Regionale friluftsområde i Hordaland
- Fylkes-ros Hordaland 2009

Liste etter kva planar som er relevante for Nye Voss.

7.0 Utfordringar for den nye kommunen

Granvin herad

Granvin herad er ein liten kommune med 930 innbyggjarar. Heradet har om lag 130 tilsette. Granvin har halde på busetnaden i grendene, og det er fleire unge som etablerer seg i landbruket. Endringa i samferdselsstrukturen har vore til Granvin sin fordel. Hardangerbrua og vegutbetring gjennom tunellar til Voss talar for seg. Granvin er ein pendlarkommune, og vegutbetringane opnar for tilflytting og folketilvekst. Kommunen har tru på vekst, og det er viktig å oppretthalda eit fungerande næringsliv, samstundes som det er viktig å leggja til rette for trivselsfaktorar innanfor ungdomsarbeid og kultur.

Granvin vil ikkje lenger vera eige kommunesenter, og ein del arbeidsplassar vert flytta til Nye Voss. Folketalet ser likevel ut til å halde seg stabilt. Det er viktig å styrke Granvin som lokalsamfunn, og sikra vekst i folketalet framover.

Voss kommune

Voss er ein stor kommune med 14 500 innbyggjarar, og ca. 1200 tilsette. Voss er regionsenter for omliggande kommunar. Det er viktig å styrkja Voss om regionsenter. Voss har stort potensiale for vekst, og det er rom for langt fleire innbyggjarar i sentrum. Voss er eit viktig trafikalt knutepunkt, og den korte reiseavstanden til Bergen opnar opp for at arbeidsmarknaden i Bergen vert endå meir tilgjengeleg. Voss er elles ein kjend turistdestinasjon, og det skjer ei positiv utvikling innfor turisme og reiseliv.

Oksenhalvøya

Innbyggjarane på Oksenhalvøya som i dag er ein del av Ullensvang herad ynskjer å bli ein del av Nye Voss (Voss herad). Saka om grensejustering ligg hjå fylkesmannen. Med dette som utgangspunkt vil kommuneplanarbeidet ta høgde for at denne delen av Oksenhalvøya vert ein del av Nye Voss (Voss herad). Dette vil gjelda om lag 70 innbyggjarar.

Folketalsutvikling på landsbasis

Folketalet i Norge er forventa å auka sterkt dei neste åra ut frå SSB sitt hovudalternativ for framskriving av folketalet. Allereie i 2030 kan me passera 6 millionar innbyggjarar og 7 millionar innbyggjarar i 2060. Stadig større del av innbyggjarane er eldre. Men tala er usikre og det er teikn i tida på at innvandringa og fødselsraten går ned. Dette tek ikkje SSB høgde for i si framskriving gjennom hovudalternativet. Men levealderen vil auka. Andelen eldre over 80 år kan auka frå 4% i dag til 10% i 2060.

Folketalsvekst i Bergen

Folketalet i Bergen er forventa å auka monaleg fram mot 2040 jf oppdatert prognose. Bergen passerte i 2014 275 000 innbyggjarar, og dette talet er forventa å auka til 325 000 i 2030 og til 355 000 i 2040. Nye Voss vil med god tilrettelegging kunna ta del i denne veksten. Ny bane/veg Arna-Voss, og god tilgang på sentrumsnære tomter, vil leggja eit grunnlag for å ta

del i folkeveksten i Bergensområdet. Voss har eit godt omdøme som reisemål og turistdestinasjon, og dette grunnlaget må utnyttast i marknadsføringa av Voss som attraktiv kommune. Massane frå arbeidet med ny bane/veg Arna-Voss kan nyttast til tilrettelegging for bustadvekst i kommunesenteret Voss, og stasjonsbyane Bolstad og Evanger.

Nytt kommunesenter og gjennomgang av senterstrukturen

Det må leggjast til rette for at kommunesenteret Voss vert eit attraktivt område for bustader. Dersom veksten i bustader kjem i sentrum vil ein styrka kommunesenteret som eit urbant område. Ferdigstilling av Voss stasjon som knutepunkt vil også leggja grunnlaget for ei slik utvikling. Trafikkbelastninga vil bli redusert monaleg. Utfordringane med klimaendringane (både globalt og lokalt) gjer at ein må tenkja nytt, og eit av fokusområda i kommuneplanen er det grønne skiftet. Sentrum må stå fram som moderne og tidsretta, der miljøet er i fokus. Det må føra til ei kommunal planlegging som er heilskapleg, og som legg til rette for dei fleste funksjonane innafor ein avstand for gåande på 5-15 minuttar.

Senterstruktur er også tema i kommuneplanarbeidet. Ein tek sikte på å få gjennomført ein overordna analyse for sentra i den nye kommunen. Denne analysen vert eit grunnlag for å trekka grenser for lokalsentra og nær-sentra.

7.1 Granvin som lokalsamfunn

I kommuneplanen er det viktig å få trekt opp grensene for andre lokalsentra og nær-sentra. Særleg er dette viktig for Granvin sin del som no ikkje lenger vil vera eit kommunesenter. Kva servicefunksjonar skal liggja i Granvin? Dette er vurderingar som ein må gjera under denne delen av arbeidet med kommuneplanen. Granvin vil kunne stå fram som eit attraktivt nær-senter, der det er kort reisetid til kommunesenteret Voss. På sikt vil reiseavstanden frå Granvin til Bergen koma ned mot 1 time, noko som tilseier at ein kan bu i Granvin og ha jobb i Bergen. For nokon kan det å bu og leva i eit mindre lokalsamfunn vera mykje meir attraktiv enn det å bu i meir urbane strøk. Granvin har som mål å vera ei trivselsbygd der natur og kultur står i fokus. Det er grunnlaget for livskvalitet.

7.2 Voss som regionsenter

Voss er regionsenter for omliggjande nabokommunar. Voss, Vik og Aurland har eit formalisert samarbeid innan næringsutvikling, gjennom eit felles næringsfond. Voss samarbeider også med hardangerkommunane om felles renovasjonsselskap og felles legevakt. Det vart ikkje noko av eit kommunesamarbeid mellom Voss, Vik og Aurland. Uansett er Voss eit viktig regionsenter i vekst, noko som er også er sentralt for omliggjande kommunar som opplever nedgang i folketalet. Motsett kan også Voss dra vekslar på kvalitetane ein har i Sogn og i Hardanger, noko som tilseier at samarbeidet vil gå begge vegar.

8.0 Folketalsutvikling og demografi

Folketalet i Voss kommune har hatt ein relativt stabil auke dei siste 10 åra, frå 13 747 (3.kvartal 2007) til 14 572 (3.kvartal 2017). I Granvin har folketalet hatt ein liten nedgang frå 977 (3. kvartal 2007) til 930 (3.kvartal 2017). Samanlikna med fylket og landet har begge kommunane større prosentdel eldre over 80 år. Nye Voss vil likevel ikkje ha den same vekstraten i tal eldre over 80 år, som landet elles i perioden fram mot 2040.

Folketalsframskriving i Voss kommune, 2017-2040, basert på middels vekst (SSB 2016, MMMM)

Alder	2017	2018	2019	2020	2025	2030	2035	2040
0-5	991	982	977	989	1006	1012	1010	1015
6-12	1219	1244	1260	1268	1250	1279	1301	1300
13-15	566	557	550	535	579	557	568	578
16-19	748	757	757	767	717	764	753	778
20-29	1770	1786	1780	1764	1747	1730	1758	1768
30-39	1698	1760	1794	1819	1938	1933	1907	1913
40-49	1786	1768	1776	1751	1790	2019	2152	2166
50-59	1865	1852	1844	1867	1869	1784	1822	2035
60-69	1702	1736	1748	1767	1832	1807	1831	1763
70-79	1224	1254	1296	1336	1481	1576	1656	1648
80-89	738	731	737	732	751	941	1048	1156
90+	207	212	217	221	236	240	265	351
Totalt	14514	14639	14736	14816	15196	15642	16071	16471

Folketalet i Voss kommune viser ein jamn auke fram mot 2040. Den største auken i tal personar kjem i årsgruppa 70-79 år og 80-89 år.

Folketalsframskriving. Granvin herad, 2017-2040, basert på middels vekst (SSB 2016, MMMM)

Alder	2017	2018	2019	2020	2025	2030	2035	2040
0-5	48	51	57	57	55	51	49	48
6-12	57	51	55	58	68	70	68	65
13-15	33	35	29	24	25	31	31	30
16-19	48	48	47	47	32	36	42	41
20-29	121	115	105	98	93	80	77	86
30-39	90	91	106	116	113	96	93	87
40-49	90	89	83	84	100	116	119	107
50-59	128	127	131	127	104	89	101	117
60-69	145	145	136	137	133	127	103	89
70-79	92	92	99	103	116	118	114	114
80-89	50	51	50	46	54	70	82	87
90+	22	19	18	20	11	15	18	24
Totalt	924	914	916	917	904	899	897	895

Folketalet i Granvin herad viser ein relativt liten nedgang i perioden fram til 2040. Tendensen er at dei «yngre» årsgruppene har nedgang, medan det er ein auke i dei «eldste» årsgruppene.

Folketalsframskriving. «Nye Voss», 2017-2040, basert på middels vekst (SSB 2016, MMMM)

Alder	2017	2018	2019	2020	2025	2030	2035	2040
0-5	1039	1033	1034	1046	1061	1063	1059	1063
6-12	1276	1295	1315	1326	1318	1349	1369	1365
13-15	599	592	579	559	604	588	599	608
16-19	796	805	804	814	749	800	795	819
20-29	1891	1901	1885	1862	1840	1810	1835	1854
30-39	1788	1851	1900	1935	2051	2029	2000	2000
40-49	1876	1857	1859	1835	1890	2135	2271	2273
50-59	1993	1979	1975	1994	1973	1873	1923	2152
60-69	1847	1881	1884	1904	1965	1934	1934	1852
70-79	1316	1346	1395	1439	1597	1694	1770	1762
80-89	788	782	787	778	805	1011	1130	1243
90+	229	231	235	241	247	255	283	375
Totalt	15438	15553	15652	15733	16100	16541	16968	17366

Folketalet i «Nye Voss» viser ein jamn auke i perioden fram til 2040. Det er ein auke i dei fleste årsgruppene, rett nok med ein liten nedgang i årsgruppa 20-29 år. Den største auken i tal personar finn ein i årsgruppene 70-79 år, 80-89 år og 90+.


Flytting

Voss kommune har hatt positiv netto innflytting dei seinare åra. I Granvin svingar pendelen mellom positiv og negativ netto innflytting i same periode.

Kommune	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Voss kommune	65	7	76	104	160	46	108
Granvin herad	9	-9	-11	9	6	-7	5

Tabellen viser netto innflytting for dei to kommunane i perioden 2010-2016.

Folketilvekst i Bergen



Figur 1: Prognose for befolkningsvekst fram til 2040.

Figuren viser prognose for folketilveksten i Bergen kommune fram mot 2040. I Bergen kommune sin kommuneplan heiter det: «Vi må handtere veksten utan økende energibehov og ytterligere påvirkning på klima og miljø».

9.0 Særskilde tema som bør ha fokus ved denne kommuneplanen

9.1 Samfunnsdelen

Fokusområda i samfunnsdelen er lista opp i punkta under. Desse punkta skal vera utgangspunkt for ei nærare utgreiing i arbeidet med samfunnsdelen i kommuneplanen:

- Overordna: Visjon, verdiar, identitet og kulturbygging.
- Sosioøkonomiske faktorar og utvikling: demografi, – Innvandring, næringsstruktur, arbeidsstruktur internt i kommunane, pendling internt i regionen til/frå Bergen
- Strategiske val for den kommunale tenesteproduksjonen i framtida. Sjå eiga utgreiing under punkt 9.4 tenesteproduksjonen.
- Folketalsutvikling i det nye heradet med utgangspunkt i forventa folkevekst i Bergensområdet. Tilrettelegging med tanke på auka tilflytting. Bustadbygging/bustadbehov spesielt i sentrumsområdet.
- Senterstruktur
- Næringsutvikling – lokalisering og type
- Klimatilpassing/ beredskap - m.a. flaum og handtering av overflatevatn.
- Legga til rette for det grønne skiftet. Det vil sei at den nye kommunen skal legga til rette for vekst og samfunnsutvikling som er innafor naturen sine tålegrensar. Meir konkret betyr det å produsera varer og tenester som gjev færre negative konsekvensar for klima og miljø, enn det som er tilfellet i dag
- Digitalisering. Digitalisering handlar om å bruka ny teknologi til å fornya, forenkla og forbetra. Ny og betre teknologi må takst i bruk for å effektivisera, forenkla og gjera tenestene meir pålitelege. Det er viktig at brukaren står i sentrum. Digitaliseringa kan og legga til rette for innovasjon og vekst, og vera med å auka produktiviteten i både privat og offentleg sektor.

9.2 Handlingsprogrammet

Handlingsprogrammet (4 år) er ein del av samfunnsdelen (12 år) i kommuneplanen, og skal konkretisera målsetjingane i kommuneplanen. Handlingsprogrammet gjeld i 4 år, og skal rullerast kvart år. Voss herad vil bli ein kommune med om lag 15 700 innbyggjarar.

Kommunen vil forvalta over 1 milliard kroner til den kommunale tenesteproduksjonen. Om lag 90% av denne ressursen utgjer tenester innan oppvekst og helse- og omsorg. I arbeidet med handlingsprogrammet vert fokusområdet å vidareutvikla koplinga mellom dette og økonomiplan / årsbudsjett .

9.3 Arealdelen

Fokusområda i arealdelen er lista opp i punkta under. Desse punkta skal vera utgangspunkt for ei nærare utgreiing i arbeidet med arealdelen i kommuneplanen:

- Analyse av bustadbehov i sentrumsområdet.
- Senterstruktur
- Næringsareal
- Klimatilpassing/ beredskap - m.a. flaum og handtering av overflatevatn.
- Gjennomgang av gjeldande areal til bustad og fritidsbustader. Vurdera om areala framleis er aktuelle som areal i kommuneplanen.
- Gjennomgå areal til mottak av massar i samband med planlegging og oppstart av K5 ny bane/veg Arna-Voss.
- Kartleggja og verdisetja areal til friluftsområder.
- Samordning av kommunane sine føresegner og retningsliner.

9.4 Tenesteproduksjonen

Dei to samarbeidskommunane skal no samordna tenesteproduksjonen sin til det beste for innbyggjarane i Nye Voss. Kommuneplanen skal syna mål og strategiar for den framtidige tenesteproduksjonen.

9.4.1 Helse- og omsorg

Granvin herad

I dag har helse- og omsorg i Granvin samordna sine tenester innanfor institusjon og heimetenester. Granvin har *ein* sjukeheim med 14 plassar. Dei har eige institusjonskjøkken.

Heradet har 22 omsorgsbustader og får 6 nye i 2018. I heimetenesta er det om lag 40 brukarar. Det er kort veg mellom dei ulike tenestene, og at det er lett å ta kontakt når det er behov for hjelp. Det vert også jobba bra tverrfagleg. Utfordringane er at oppgåvene er fordelt på få ressursar. Tenestene er sårbare, og fagmiljøet er lite. Arbeid med psykisk helse burde vore prioritert høgare. Legeteneste vert kjøpt frå Voss. Barnevernstenester vert kjøpt hjå Odda kommune. Det er NAV-partnerskap mellom stat og herad.

Kvalitet på tenestene må ha eit hovudfokus framover. Helsetilbodet må utviklast, og gje rett hjelp på rett stad. Brukarane vil i framtida stilla høgare krav til tenestene innan helse- og omsorg. Det kan føra til gap mellom forventning og tilbod. Informasjonsarbeid vert viktig for å synleggjera kva tenestefang ein faktisk kan yta, etter vedtekne kriterium.

På lengre sikt må det førebyggjande arbeidet ha høg prioritet. I ein stram økonomi er dette viktig. Vidare er einsemd ei sentral utfordring. Folk bur lengre heime åleine, og det vert viktig å skapa sosiale arenaer der eldre kan ha samkvem. Friviljug arbeid er ein ressurs som må takast i bruk i helse- og omsorgssektoren. Ny omsorgsteknologi må takast i bruk, og ein må finna balansen mellom teknologi og menneskelege ressursar. Ein treng begge deler.

Også fleire «yngre eldre» kan ha eit samansett sjukdomsbilete, og treng difor særskild hjelp. Her er førebyggjande arbeid viktig. Sjukeheimen som vart bygd i 2000 vil etter kvart trenga oppussing/opprusting. Fleire eldre vil kunna føra til auka press på institusjonsplass eller omsorgsbustad. Jobbar ein førebyggjande kan ein motverka dette behovet, om fleire kan bu lengre heime i alderdomen.

Voss kommune

Helse og omsorg i Voss kommune har om lag 415 årsverk, fordelt på sju verksemdsområder i tillegg til tildelingskontor og stab. Avdelinga gir tenester til alle aldersgrupper som har behov for kommunale helse-, sosiale- eller omsorgstenester. Dei største einingane er område Vest, Aust, Nord og Hagahaugen som omfattar sjukeheim med langtids- og korttidsplassar, heimeteneste og dagtilbod. Godt over halvparten av årsverka vert utøvd her. Avdeling for menneske med nedsett funksjonsevne omfattar mellom anna avlasting, omsorgsbustad, bufelleskap, dagtilbod og støttekontakteneste. Dette er også ei relativ stor verksemd med over 80 årsverk. Vidare har kommunalavdelinga tilbod for personar som har psykiske lidingar eller rusproblem, legetenester, legevakt, dagavdeling og fysio- og ergoterapitenester. Nav gir sosialtenester og er organisert som eit samarbeid mellom stat og kommune. Dei bistår ulike grupper ytingsmottakarar, og jobbar aktivt til at fleire får mogelegheit til å vera i arbeid og delta i samfunnet. Denne avdelinga har ca.10 årsverk.

Her er styrkar/svakheimter og moglegheiter/trugsmål i høve tenestene:

Styrkar	Svakheiter
<ul style="list-style-type: none">• Høg fagkompetanse• Variert tenestetilbod• God dekningsgrad• Nær sjukehus• Friske og aktive innbyggjarar• Relativt god produktivitet• Kvardagsrehabilitering	<ul style="list-style-type: none">• Vanskelig å rekruttera sjukepleiarar• Samhandlar ikkje optimalt mellom einingane• Alle jobbar ikkje mot same mål• Store avstandar• Stram kommuneøkonomi• Jobbar for lite førebyggjande• Prioriterer institusjonsdrift
Muligheiter	Truslar
<ul style="list-style-type: none">• Regionsenter• Mange frivillige lag og org. Som kan bidra• Velferdsteknologi• Aktiv befolkning• Skape handlingsrom for utvikling gj.øk.styring• Leiarar som ynskjer å tenka nytt og forbetre• Kommunesamanslåing• Kortare reisetid til Bergen, auka rekrutteringsgrunnlag	<ul style="list-style-type: none">• Høge forventningar frå brukarar og pårørande• Aukande tal brukarar• Fleire og eldre ressurskrevjande brukarar• Færre som tar utdanning i helsefag i Norge• Nye oppgåver og ansvar til kommunane

Generelt er det høg snittalder på faglært personell. Rekruttering vil vera ei utfordring i framtida. Dette krev at ein må tenkja nytt i høve forvaltning av ressursane, og ein må jobba meir førebyggjande.

På kort sikt er det utfordringar i høve volumet på helse- og omsorgstenester. I dag brukar allereie ein stor del av befolkninga helse- og omsorgstenester. Talet «yngre eldre» (67-79 år) vil auka framover til

2023, medan personar over 80 år vil vera stabilt. Det er auka etterspurnad frå yngre brukarar med stort behov for bistand og psykiske lidingar. Førebyggjande arbeid vil vera sentralt for å takle dette. Meir komplekse oppgåver fører til krav om auka utgifter og kapasitet. I utkantstrøk er infrastrukturen for kommunikasjon dårleg (breiband, mobilnett). Det kan gjera implementering av omsorgsteknologi vanskeleg.

På lengre sikt vil Voss få fleire i gruppa 80-80 år, noko som krev førebygging av tenestebehovet. Brukarane vil stilla høgare krav til tenestene i framtida, noko som kan føra til eit gap mellom forventning og tilbod. Dersom den uformelle omsorgstenesta (frå pårørande) vert svekka, kan dette føra til større press på kommunen. Kommunen må jobba med å oppretthalda og auka innsatsen frå frivillige i framtida.

9.4.2 Oppvekst

Granvin herad

Granvin herad har *ein* barnehage med tre avdelingar. Barnehagen har 55 plassar og har f.t. 41 born. I alt har Tueteigen barnehage 10,6 årsverk inkludert styrar. Barnehagen har eigen kompetanseplan, og ein kompetanseplan felles med Ulvik og Eidfjord. Nasjonale satsingar vert følgde. Det er også utvikla ein plan for overgang mellom barnehage og skule. Barnehagen har særskilt fokus på sosial kompetanse, og har i år som hovudmål: Barnehagen skal fremja vennskap og fellesskap.

På kort sikt treng barnehagen ei opprusting alternativ bygging av ny barnehage. Granvin herad har jobba med å få til eit oppvekstsenter. Dette er no lagt på is. I staden vurderer ein politisk komité opprusting av ny barnehage, eller bygging av ny. Tueteigen barnehage er gamal og treng oppgradering ut frå arbeidsmiljømessige krav og pedagogiske krav. På kort sikt vil barnetalet auka noko ut frå framskrivinga.

Granvin har *ein* barne- og ungdomsskule. Skulen har symjebasseng og idrettsbane knytta til anlegget. Deler av skulen inkludert symjebassenget vart rehabilitert i 2012/2013. Uteområdet har fått eit løft det siste året. Det har vore svingingar i elevtalet dei siste åra. I dag er det 90 elevar. Skulen vart fådelt etter 2012/2013, og er i dag 7-delt. Dette skuldast krav om nedskjeringar, og redusert elevtalt.

Læringsmiljøet er godt. Satsingsområde har i år vore «Vurdering for læring». Skulen er ein av få skular i landet som praktiserer 30 minutt lærarstyrt fysisk aktivitet kvar dag. Eit anna satsingsområde har vore digital dugleik.

Skulen er ein sentral plass i Granvin for aktivitetar på fritida. Bygdafolket støttar opp om skulen, og det er stor deltaking på ulike arrangement. Lag/organisasjonar nyttar skulen til sine aktivitetar. Både gymsal og symjebasseng er mykje nytta.

Ved skulen er elevtalet stabilt fram til 2040. Små kull i einskilde årsklassar vil på kort sikt føra til redusert tal elevar i ungdomsskulen. Kompetanse er sårbart i ein liten organisasjon. Skulen har satsa på *kompetanse for kvalitet*, noko som også vert viktig framover jf. kravet om minst 60 studiepoeng for basisfaga. Spørsmålet framover er kva som vil skje med ungdomsskulen. På kort sikt vert det førre elevar. Det kan opna for fleire elevar frå Voss, eller det kan opna for ei samling av elevane på Voss, i ein stor felles ungdomsskule. Framover vert det viktig å oppretthalda skulen som sentral møteplass i Granvin. Når Granvin ikkje lenger vert eigen kommune er dette ekstra viktig.

Voss kommune

Oppvekst i Voss kommune har til saman 8 kommunale barnehagar, og det vert gjeve tilskot til 10 private barnehagar. Det er til saman 780 born i dei 18 barnehagane. Voss har eiga barnevernstenesta, og yter hjelpetiltak til familiar gjennom Voss familiesenter. Kommunen har to heimar for einslege mindreårige i alderen 15-18 år.

Vidare har kommunen 10 grunnskular, 8 barnestegskular (1-7), 1 barne- og ungdomsskule 1-10, 1 ungdomsskule 8-10. Alle barnestegskulane har skulefritidsordning og leirskuletilbod. Samla er det 1790 elevar i skulen på Voss. Voss ungdomsskule er størst med 500 elevar. Den minste skulen har 36 elevar.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta har helsesøster, lege, jordmor og psykolog. Tenesta jobbar førebyggjande. Vidare har oppvekst flyktningtenesta med ansvar for busetjing og introduksjonsordninga. Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) ligg til Voss kommune, og yter tenester etter opplæringslova. Andre kommunar kjøper tenesta hjå Voss kommune. Oppvekst har også ansvar for vaksenopplæringa etter opplæringslova til vaksne som har rett på slik opplæring. Oppvekst har i tillegg ein stab som sørvar eininga innafor personalfeltet og økonomiområde.

På kort sikt er utbetring av skulebygg nødvendig. I den nye læreplanen er digitale verkty eit viktig satsingsområde. Psykisk helse er ei utfordring for mange born og unge. Alle vaksne må ta ei oppdragar-og dannelsingsrolla som sikrar robuste unge, som kan takla liva sine til det beste for seg sjølv og samfunnet.

På lengre sikt vil det vera viktig å sikra rett kompetanse. Det kan bli vanskar med å rekruttera pedagogar både til skule og barnehage. Ein må sjå på barnehage – og skuleplassar i sentrum. Ny moderne ungdomsskule må vurderast. Vidare må modellar for samarbeid mellom det private og det offentlege vurderast. Det vert viktig å involvera seg i nærmiljøet kring barnehagar og skular.

9.4.3 Kultur- og fritid

Granvin herad

Dei siste åra har det vore arbeidd med fleire viktige saker for kulturlivet i Granvin. Kulturbanken er opna som folkebibliotek og lokale for lag og organisasjonar. Yrkeskulebygget er opna som aktivitetshus for ungdom, lag og organisasjonar. Granvin bygdemuseum har starta nye utbyggingsprosjekt, og det er utarbeidd vedlikehaldsplan for statleg sikra friluftsområde. Vidare vedtok heradet ny kulturminneplan i 2017.

I den nye kulturbanken i Granvin ligg heradet sitt hovudbibliotek. I tillegg er det eit skulebibliotek ved Granvin barne- og ungdomsskule. Kulturbanken er «mei rope». Granvin herad kjøper bibliotekkompetanse frå Ulvik herad tilsvarande 50%. I tillegg har Granvin herad eit eige bygdemuseum gjennom ein samarbeidsavtale med Hardanger og Voss museum Formannskapet er eigarstyre, og museet inneheld 12 bygningar og 6 forskjellige samlingar. Museet vert drifta saman med lag og organisasjonar i Granvin. Vidare er «Elektrofagskulen» i Granvin no blitt eit aktivitetssenter for born og unge. Der er det treningscenter og folkehelseaktivitetar. I tillegg er det klubblokale for idrettslaget og ungdomsklubben. Det er ulike rom for kulturaktivitetar, og det er kjøkken.

Granvin herad har ei 50% stilling innafor barne- og ungdomsarbeidet. Denne er sekretær for ungdomsrådet, driftar ungdomsklubben og driv oppsøkjande ungdomsarbeid.

Ungdomsklubben har eit tilbod 2 kveldar i veka. Av idrettsanlegg har Granvin herad ei kunstgrasbane ved barne- og ungdomsskulen. Anlegget er eigd og vert drifta av heradet. Vidare er det eit tur- og skisenter i Haugeåsen, som idrettslaget eig. Heradet betaler grunnleige og straum til anlegget. Granvin herad har og eit symjebasseng ved Granvin barne- og ungdomsskule. Anlegget er eigd og vert drifta av heradet. Granvin herad har to friluftsområde som er sikra med statlege midlar. Område rundt Granvin bygdemuseum og Grandane på Røystrand. Det er utarbeidd ein vedlikehaldsplan for områda som er til godkjenning hjå Hordaland fylkeskommune. Prioriterte tiltak er; Vedlikehald gangbru frå Eide, (HMS tiltak), ny skjellsand til badestranda og vegljøs.

Utfordringar framover og forventningar til nytt herad:

- Granvin herad ynskjer å sikra bibliotekenesta (kulturbanken) som har status som modellbibliotek. Ynskjer at avtalen om kjøp av kompetanse vert overført til Voss herad.
- Ynskjer å vidareføra Granvin ungdomsråd for å skapa aktivitet og interesse i eiga bygd. Organisering under Voss ungdomsråd.
- Ynskjer å behalda Granvin ungdomsklubb. Viktig tiltak for ungdomane i Granvin.
- Avtalen Granvin herad har i høve til aktivitetshuset «Elektrofagskulen» må overførast frå Granvin herad til Voss herad.
- Fornyng av plan for idrett og friluftsliv, samt utarbeiding av kulturplan.

Voss kommune

Kommunalavdeling kultur og fritid i Voss kommune er samansett av kulturhus, kulturskule, bibliotek, ungdomsarbeid, idrett og folkehelse. I tillegg er det ein eigen stab.

Kulturhuset har kinodrift, konsertar, arrangement og konferanseverksemd som sine hovudområde. Dei står som utleigar av rom til bibliotek, kulturskule og vaksenopplæring.

Kulturskulen har ansvar for om lag 300 elevar innafor musikk, visuelle kunstfag, teater, dans og andre uttrykk. Kulturskulen har også ansvar for distriktsmusikarane.

Biblioteket driftar bokbussen, i tillegg til biblioteket i kulturhuset. Bokbussen vitjar alle barnehagar og skular utanom sentrum. I tillegg til vanleg bibliotekdrift arrangerer biblioteket føredrag, debattar, konsertar, teater m.m. Fleire av arrangementa er i samarbeid med lag og organisasjonar.

Ungdomsarbeidet har ansvar for drift av ungdomshuset og Gryto, i tillegg til utekontakt og ungdomsråd. Avdelinga har i tillegg ansvar for samordning av lokale kriminalførebyggjande tiltak (SLT) og edruskapsvern (skjenkesaker). Ungdomshuset og Gryto har eige styre, og rettar aktivitetane sine mot born og unge. Saman med utekontaktane driv dei førebyggjande arbeid.

Idrett og folkehelse har ansvar for koordinering inn mot idrettslag og idrettsråd, og forvaltning av tilskotsordningar til desse. Folkehelsearbeidet består i å ha løpande og skriftleg oversikt over helsetilstand og utfordringar. Folkehelsearbeidet rettar seg mykje inn mot planarbeid, og mindre mot tiltak ute i avdelingane.

Stab har ansvar for forvaltninga av kulturmidlar og utvikling av planar innan avdelinga. Sakshandsaming og personal- og økonomiarbeid.

På kort sikt vil det vera naturleg å rullera temaplan for kultur i samband med kommunesamanslåinga. Denne planen er styrande for arbeidet framover. Innbyggjarane på Voss har relativt gode levekår viser oversikta over helsetilstanden. Psykisk helse for born og unge er ei nasjonal satsing som også er relevant for Voss jf ung-dataundersøkinga. I så måte er det viktig å leggja tilrette for gode møteplassar for innbyggjarane.

Voss ungdomsråd skal sjå nærare på om det er grunnlag for å starta opp ungdommens heradsstyre på Voss. Granvin har eit ungdomsråd som fungerer godt. Ei utfordring vert å bevare engasjementet hjå ungdommen når samanslåinga kjem.

På lengre sikt bør ein ha fokus på folkehelsa. Det syner seg at grønne lungar er svært viktig i høve folk si fysiske og psykiske helse. Det er difor viktig at det ved planlegging av fortetting i sentrum, vert lagt til rette for grønne område i sentrum.

9.4.4 Teknisk tenester

Granvin herad

Det er ein fordel for Granvin herad å bli ein del av ein større kommune. Då får ein ta del i stordriftsfordeler, betre sakshandsamingskapasitet, betre kompetanse og harmonisering av avgiftene.

I Granvin er planane for infrastruktur gamle, og det er trong for å utarbeida ein hovudplan for veg, vatn, avlaup og kloakk. Heradet samarbeider med Voss kommune om ein tilstandsrapport for kommunale bygg. Granvin har store utgifter til kommunale vegar. For tida er det god tilgang til kommunale tomter. Heradet har ikkje ein miljø- og energiplan.

Utfordringar på kort og lang sikt er at det er knappheit på næringsareal. Vidare kolliderer næringsaktiviteten i sentrum med andre interesser. Granvin må kartlegga bruken av dagens næringsareal, samt areal som kan nyttast til næring. Det er aktuelt å sjå på samordning av areal i den nye kommunen, særleg for arealkrevjande verksemd. Heradet har elles eit større utmarksareal (Kyrkjeteigen), der den framtidige bruken er uavklart.

Vidare er det ynskjeleg med kartlegging av areal til reiselivsverksemd. Granvin har definert kommunesenteret i arealdelen, og har i det siste hatt fokus på planlegging i sentrum gjennom detaljregulering på Eide. Granvin må vera eit attraktivt og levande lokalsamfunn, og tilboda i sentrum må styrkast.

Det er gjennomført omfattande flaumsikring langs Granvinselva, i tillegg til at vegnettet er rusta opp dei seinaste åra. Men det står att mykje sikringsarbeid langs vegane, mellom anna

på FV 7. Granvin vil få utfordringar framover med flaum, skred og rasfare pga. klimaendringane. Overvassproblematikk ved springflo på Eide er ei utfordring. På sikt er det også behov for ei oppdatert kartlegging av det verna Granvinsvassdraget. Vidare er Granvin eit trafikalt knutepunkt i Hardanger, og bør ha godt utbygde lademoglegheiter for el-bil.

Voss kommune

I Voss kommune har driftsavdelinga ansvar for infrastruktur innan veg, vatn og avløp. Det omfattar både investering og drift. Bygg og eigedom for alle kommunale eigedomar; både drift og investering. Næringsavdelinga driv hovudsakleg med landbruksforvaltning, men har i tillegg ansvar for etablerarservice i samarbeid med Næringshagen på Voss. Dei har også kontakt mot Innovasjon Norge. Plan, oppmåling og byggesak har ansvar for plan og byggesak etter plan- og bygningsloven, vedlikehald av matrikkelen og produksjon av eigne reguleringsplanar. Branntenesta har ansvaret for brann- og redningsarbeid, beredskap og førebygging (feiling og tilsyn).

På kort sikt er utfordringane å få ny sentrumsplan vedteken. Vidare må ein samkøyra drift og vedlikehald av infrastruktur og bygningsmasse i Voss og Granvin. Å effektivisera drifta vert viktig, samt å kunna rekruttera og behalda medarbeidarane. Det er det aktuelt å vurdere ny brannstasjon som ein del av eit nytt beredskapssenter i kommunen. Kommunen si rolle i Myrkdalen må avklarast m.o.t. anlegg for vatn og avløp. I tillegg er det behov for å sjå på ny reservevasskjelda for Bømoen. Det er også relevant med vidare utvikling av næringsparken på Istad.

Det er mange utfordringar for tekniske tenester i Vossasamfunnet. Utvikling og fortetting i sentrum står sentralt. Klimaendringar er ei stor utfordring. Det vil påverka drift og vedlikehald av veg, nye flaumgrenser og restriksjonar på bygging langsmed vassdrag og utsette område for ras. Spreidd bustadbygging er utgiftsdrivande i høve drift og vedlikehald. Planar, VVA, skular, barnehagar og beredskap. Vidare er vedlikehald av ein aldrande bygningsmasse og utvida park- og idrettsanlegg ei utfordring. Også handtering av jordtippar i samband med alle typar utbyggingsføremål er ei utfordring.

10. Organisering og prosess

10.1 Fellesnemnda

Fellesnemnda er styringsgruppe for arbeidet med kommuneplanen, og innstiller overfor nytt heradsstyre, som gjer endeleg vedtak om kommuneplanen i 2020. Det er viktig at arbeidet med kommuneplanen vert politisk forankra. Kommuneplanen er ein overordna plan som trekkjer opp dei lange linjene for kommunen, og som skal vera eit styringsverktøy for dei som skal gjennomføra tenesteproduksjonen. Fellesnemnda godkjenner planprogrammet og framlegg til kommuneplan 2020-2031, før den formelle handsaminga av kommuneplanen i 2020.

Fellesnemnda skal vera aktiv i planprosessen og haldast løpande orientert om framdrifta med kommuneplanen. Fellesnemnda skal ta del i dei prinsipielle spørsmåla, og elles koma

med avklaringar overfor arbeidsgruppene. I det daglege skal dei administrative gruppene stå for arbeidet. Oppsummeringa frå «Kafédialogen» i heradsstyra jf pkt. 10.2 skal vera fellesnemnda sitt politiske grunnlagsdokument for arbeidet.

10.2 Heradsstyra i dei to kommunane

Heradsstyra i dei to kommunane (saman med planutvala) skal gje uttale til planprogrammet, og framlegg til kommuneplan. Det vil skje i samband med den formelle høyringsprosessen for både planprogrammet og kommuneplanen. Etter at planprogrammet vert lagt ut på høyring, bør heradsstyra i begge samarbeidskommunane gjennomføra eit temamøte om kommuneplanen. Det kan gjennomførast som ein felles «kafédialog» for begge heradsstyra i eit dags-møte. Ein slik «kafédialog» er viktig for å forankra kommuneplanarbeidet politisk. Ein kan då ta utgangspunkt i dei fokusområda som planprogrammet trekkjer opp, og leggje desse til grunn for «kafédialogen». Dette arbeidet må summerast opp med eigne referat frå arbeidet med fokusområda. Denne oppsummeringa vil vera eit politisk grunnlagsdokument for arbeidet med kommuneplanen 2020-2031, og fellesnemnda vil fylgja opp dette nærare.

10.3 Arbeidsgrupper for arbeidet med kommuneplanen 2020-2031

Prosjektleder for Nye Voss må ha hovudansvaret for den administrative framdrifta av prosjektet med ny kommuneplan. I det daglege må kommuneplankoordinator leia arbeidet. Det er viktig at begge samarbeidskommunane opplever seg som likeverdige partar i arbeidet, sjølv om kommunane også er ulike i areal, folketal og utfordringar. Inndelinga i arbeidsgrupper bør ta utgangspunkt i samfunnsdelen, handlingsprogrammet og arealdelen.

Arbeidsgruppe 1: Samfunnsdelen (12 år)

Samfunnsdelen vert svært viktig sidan to samarbeidskommunar no går saman til ein ny kommune. Arbeidet med samfunnsdelen vert eit viktig fundament for Nye Voss. Arbeidsgruppa for samfunnsdelen har sitt mandat frå fellesnemnda gjennom planprogrammet, og det grunnlagsdokumentet heradsstyra har utarbeidd, etter «kafédialogen». Arbeidsgruppa må greia ut fokusområda vidare fram til eit endeleg utkast til samfunnsdelen i kommuneplanen. Denne arbeidsgruppa må starta først, slik at samfunnsdelen dannar grunnlaget for handlingsprogrammet og arealdelen. I samansetjinga av arbeidsgruppa har ein sett til arbeidsgruppene som er etablerte for «Nye Voss», med noko justering.

Samansetjing av arbeidsgruppa for samfunnsdelen:

Leiar for arbeidsgruppe arkiv/IKT Torbjørn Titlestad – Voss kommune.

Leiar for arbeidsgruppe oppvekst Else-Berit Kyte – Voss kommune.

Leiar for arbeidsgruppe helse- og omsorg Kjersti Nordanger – Voss kommune.

Leiar for arbeidsgruppe teknisk Torbjørg Austrud – Voss kommune.

Leiar for arbeidsgruppe kultur Olav Seim – Granvin herad.

Rådmann i Granvin herad

Rådmann i Voss kommune

Prosjektleder for Nye Voss (Voss herad)

Frå administrasjonen: Kommuneplankoordinator Nye Voss og planleggar Granvin herad.

Arbeidsgruppa sine oppgåver:

Utgjeia desse fokusområda med utgangspunkt i planprogrammet og heradsstyra sitt grunnlagsdokument jf punkta 10.1 og 10.2.

- Overordna: Visjon, verdiar, identitet og kulturbygging.
- Sosioøkonomiske faktorar og utvikling: demografi, – Innvandring, næringsstruktur, arbeidsstruktur internt i kommunane, pendling internt i regionen til/frå Bergen
- Strategiske val for den kommunale tenesteproduksjonen i framtida.
- Folketalsutvikling i det nye heradet med utgangspunkt i forventna folkevekst i Bergensområdet. Tilrettelegging med tanke på auka tilflytting. Bustadbygging/bustadbehov spesielt i sentrumsområdet.
- Senterstruktur
- Næringsutvikling – lokalisering og type
- Klimatilpassing/ beredskap - m.a. flaum og handtering av overflatevatn.
- Legga til rette for det grønne skiftet. Det vil sei at den nye kommunen skal legga til rette for vekst og samfunnsutvikling som er innafor naturen sine tålegrensar. Meir konkret betyr det å produsera varer og tenester som gjev færre negative konsekvensar for klima og miljø, enn det som er tilfellet i dag.
- Digitalisering. Digitalisering handlar om å bruka ny teknologi til å fornya, forenkla og forbetra. Ny og betre teknologi må takst i bruk for å effektivisera, forenkla og gjera tenestene meir pålitelege. Det er viktig at brukaren står i sentrum. Digitaliseringa kan og legga til rette for innovasjon og vekst, og vera med å auka produktiviteten i både privat og offentleg sektor.

Arbeidsgruppe 2: Handlingsprogrammet (4 år)

Arbeidsgruppa sine oppgåver:

Handlingsprogrammet er ein del av samfunnsdelen i kommuneplanen, og har eit 4 års perspektiv. Handlingsprogrammet skal konkretisera tiltaka i samfunnsdelen. Det er viktig at det er ei kopling mellom handlingsprogrammet og økonomiplanen med årsbudsjett. Det er viktig at arbeidsgruppa er samansett funksjonelt, og at god økonomikompetanse er sikra.

Samansetjing av arbeidsgruppa for handlingsprogrammet:

Rådmann – Voss kommune

Rådmann – Granvin herad

Økonomisjef- Granvin herad

Økonomisjef - Voss kommune

Prosjektleder Nye Voss (Voss herad)

Frå administrasjonen: Kommuneplankoordinator.

Arbeidsgruppe 3: Arealdelen (12 år)

Arbeidsgruppa sine oppgåver:

- Analyse av bustadbehov i sentrumsområdet.
- Senterstruktur
- Næringsareal
- Klimatilpassing/ beredskap - m.a. flaum og handtering av overflatevatn.
- Gjennomgang av gjeldande areal til bustad og fritidsbustader. Vurdera om areala framleis er aktuelle som areal i kommuneplanen.
- Gjennomgå areal til mottak av massar i samband med planlegging og start av K5 ny bane/veg Arna-Voss.
- Kartleggja og verdisetja areal til friluftsområder.
- Samordning av kommunane sine føresegner og retningslinjer.

Samansetjing av arbeidsgruppa for arealdelen:

Kommuneplankoordinator – representant administrasjon Nye Voss.

Plan- og miljøvernssjef - representant Voss kommune.

Kommunalsjef Voss kommune - representant Voss kommune

Planleggar Granvin herad - representant administrasjon Granvin herad

11. Framdriftsplan

Planprogrammet	Samfunnsdelen	Handlingsprogrammet	Arealdelen

Tiltak	Tidspunkt	Ansvar	
Planprogrammet vert lagt ut på høyring.	15.12.2017	Fellesnemnda.	
Høyringsperiode planprogrammet.	15.12.17-20.2.2018	Kommuneplankoordinator.	
Start for arbeidet med kommuneplan.	15.12.2017	Fellesnemnda.	
Opning for innspel til kommuneplanen.	02.01.2018	Kommuneplankoordinator.	
Start arbeidsgruppe samfunnsdelen	08.01.2018	Kommuneplankoordinator.	
«Kafédialog» for felles heradsstyremøte – samfunnsdelen.	15.01.2018	Ordførarane, kommuneplankoordinator.	
Uttale til planprogrammet i planutvala og heradsstyra i begge kommunar.	15.12.2017-15.2.2018	Ordførarane.	
Gjennomgang av innspel til planprogrammet.	15.2.2018-1.3.2018	Kommuneplankoordinator, plan- og miljøvernsjef Voss, og planleggar Granvin.	
Vedtak planprogrammet	Mars 2018	Fellesnemnda	
Arbeidsgruppa for samfunnsdelen held fram med sitt arbeid fram. Medverknad og dialog med relevante aktørar.	Januar – juni 2018	Arbeidsgruppa samfunnsdelen.	
Start for arbeidsgruppa for arealdelen	1.6 2018	Arbeidsgruppa arealdelen.	
Start for arbeidsgruppa for handlingsprogrammet.	15.8.2018	Arbeidsgruppa for handlingsprogrammet.	
Arbeid med handlingsprogram og arealdel held fram. Medverknad og dialog med relevante aktørar.	15.8-15.12.2018	Arbeidsgruppa for handlingsprogrammet og arealdelen.	
Opne kontordagar - kommuneplan. Ein dag i Granvin og ein dag på Voss.	30.8.2018 og 31.8.2018	Kommuneplankoordinator, planleggar Granvin.	

Møte i planforum	Mars 2019	Ordførarane, kommuneplankoordinator, plan- og miljøvernsjef Voss og planleggar Granvin.			
Framhald kommuneplan.	Mars 2019- juni 2019	Arbeidsgruppene			
Handsaming av framlegg til kommuneplan.	August 2019	Fellesnemnda.			
Høyring ny kommuneplan. Grenda-møter med presentasjon av planen.	1.9- 1.11.2019	Ordførarane, kommuneplankoordinator.			
Uttale til kommuneplan i planutvala og heradsstyra i begge kommunar.	1.9- 1.11.2019	Ordførarane.			
Ferdigstilling kommuneplan.	November 2019	Kommuneplankoordinator, plan- og miljøvernsjef Voss og planleggar Granvin.			
Handsaming av ny kommuneplan i fellesnemnda	Desember 2019	Fellesnemnda.			
Vedtak ny kommuneplan 2020-2031	Februar 2020	Voss heradsstyre			

12. Informasjon og medverknad

Det er lagt opp til å informera om arbeidet på heimsida til «Nye Voss» undervegs i prosessen. Også lokalmedia vil bli nytta i arbeidet. Det er også lagt opp til eigen kontordag om kommuneplanen, eventuelt fleire dagar om nødvendig.

Regionale myndigheiter vil bli nytta i arbeidet. Hordaland fylkeskommune og fylkesmannen er naturlege samarbeidspartnarar. Det vert møte med regionalt planforum undervegs i prosessen jf. framdriftsplan.

Ut over dette vil det vere dialog med innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv. Barn og unge må bli høyrd i planarbeidet. Ungdomsråda vert naturleg partar i arbeidet med kommuneplanen.

13. Vedlegg

13.1 Verdivurdering og konsekvensvurdering av nye tiltak i kommuneplanen 2020-2031.

Verdivurdering

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar og biologisk mangfald				
Friluftsliv /reiseliv				
Kulturminne og kulturmiljø				
Landskap				
Landbruk				

Konsekvensvurdering

Tema	Data-grunnlag	Verknad	Avbøtande tiltak, plankrav	Merknad
Ekstremvær				
Vind				
Flaum				
Grunnforhold				
Skred				
Ekspllosivlager				
Olje/gasslager				
Transport av farleg gods				
Brannfareområde				
El- lev.				
Telenett				
Skule/barnehage				
Institusjon /sjukehus				
Kulturminne				
Natur og kulturlandskap				
Friluftsliv				
Landbruk				
Veg og jernbane				
Trafikktryggleik				
Forurensing				
Område for totalforsvaret				
Damanlegg				
Flyplass				
Vassforsyning				
Politi, brann, ambulanse, lege				
Sivilforsvar m.fl.				
Kommunale tenester / økonomi.				

13.2 Sjekkliste for nye tiltak i kommuneplanen 2020-2031

1. Natur

1.1 Ekstremvær(nedbør)

Ved ekstremvær (mykje nedbør på kort / over lengre tid), er det fare for at tiltaket kan bli påverka av elvar og bekkar ?

Vil tiltaket vera med på å auka faren for flaumskadar i nærområdet og for utgliding av jordmassar?

Krev tiltaket at ein konsulterer geolog?

1.2 Vind

Vil tiltaket medføra at utbyggingsområdet eller nærområda vert meir utsett for vindpåverking?

1.3 Flaum

Vil tiltaket medføra fare for flaum?

Er det flaumsonekart for området med aktuelt tiltak?

Vert det nødvendig med oppdatering av eksisterande flaumsonekart?

1.4 Grunnforhold

Er tiltaket tenkt gjennomført i område med leire eller fylitt-grunn? Vil tiltaket i så fall vera i eit område som kan rasa ut?

Bør ein i forkant av tiltaket ha vore i kontakt med geolog?

Er det behov for radon måling før ein tillèt bygging innan tiltaksgrensene?

1.5 Skred

Vil tiltaket medføra ein auka fare for skred (stein-, jord- eller snøskred) i området?

Har ein sjekka tiltaket opp mot skredkart frå NGU?

Er det behov for at geolog vurderer tiltaket ?

2. Verksemder

2.1 Eksplosivlager

Vil tiltaket komma inn i områder der det er eksisterande eksplosivlager?

2.2 Olje- / gassanlegg

Vil tiltaket komma i konflikt med områder som er sett av til deponi / lager av oljeprodukt, petroleumsprodukt eller gass?

Vil tiltaket medføra ein auka fare for utslepp av olje, petroleum eller gass?

2.3 Transport av farleg gods

Vil tiltaket kunne medføra ein større sannsyn for uhell med transport av farleg gods på veg eller jernbane?

Vil tiltaket auka konsekvensane ved eit uhell med transport av farleg gods(m.o.t.. liv / helse, miljø eller økonomi)?

2.4 Brannfareområde

Vil tiltaket medføra ein auka brannfare / brannspreiing?

Har tiltaket tilrettelagt for tilkomstveggar for brannvesen samt sløkkevatn til dei?

2.5 El-leverandør

Krev tiltaket store endringar i kraftforsyningsnettet?

Er det fare for at eventuelle personar i tiltaksområde vert påverka av EMS¹?

2.6 Telenett

Krev tiltaket store utbyggingar innan telenettet²?

2.7 Skular / barnehagar

Vil tiltaket komma i konflikt med skuleveggar?

Er trafikktryggleiken ivaretatt ?

Vert uteområda til skulane / barnehagane verta råka av tiltaket?

Vil tiltaket kunne medføra at ein får konflikt mellom industri og skule / barnehage?

Har tiltaket lagt naudsynt vekt på universell utforming ?

2.8 Institusjonar / sjukehus

Vil tiltaket kunne føra til uheldige konsekvensar for institusjonane / sjukehuset?

2.9 Tilgang til elektrisk forsyning

Vil tiltaket medføra vanskar med framføring av elektrisk forsyning?

3. Objekt

3.1 Kulturminne

Vil tiltaket få konsekvensar for registrerte kultur- og fornminne?

Er det trong for nærare undersøkingar?

3.2 Natur og kulturlandskap

¹ Elektromagnetisk ståling, stråling frå kraftleidningar i luft eller bakke

² Her må ein ta hensyn til både fast huselefon og mobiltelefon

Vil tiltaket medføra vesentlege endringar i landskapsbiletet (gjeld og tettstader)?
Vil større "urørte" naturområde bli påverka?
Vil tiltaket medføra bruksendring av areal?
Er det utarbeida forslag til avbøtande tiltak?
Er alternative løysingar vurdert?

Verna område / spesielle naturfaglege område eller førekomstar.

Vil tiltaket få konsekvensar for verna område eller andre spesielle geologiske, botanisk eller zoologiske førekomstar?

Biologisk mangfald.

Vil tiltaket kunne få konsekvensar for ulike plante-, fugle- eller dyreartar ?
Vil tiltaket få konsekvensar for fisk ?

Vassdrag, strandsone.

Vil tiltaket medføra inngrep eller ureining i vassdraget eller strandsone.
Vil tiltaket medføra auka erosjon eller flaumfare?
Vil tiltaket medføra bruksendring?
Er tiltaket i samsvar med vassbruksplan og plan for differensiert forvaltning av vassdrag i Voss kommune?
Vil tiltaket påverka kvaliteten på badevatn?

Naturressursar.

Medfører tiltaket at naturressursar (mineral og miljøressursar) får ein kvalitetstilpassa, og miljømessigt forsvarleg bruk ?

3.3 Friluftsliv

Vil tiltaket ha konsekvensar for tilgang og kvalitet på ulike friluftsliv-aktivitetar (turveggar, bade plassar, utøving av jakt og fiske o.s.v.)?
Vil tiltaket ha direkte eller indirekte innverknad på folkehelsa?

Nærmiljø, leik og friområde.

Vil grøntområde eller tilkomst til grøntområde i bu- eller skulemiljø bli redusert eller få for-ringa kvalitet?
Vil tiltaket medføra bruksendring av areal?
Er tiltaket i samsvar med rikspolitiske retningsliner for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga?
Har tiltaket lagt naudsynt vekt på universell utforming ?
Vil tiltaket ha direkte eller indirekte innverknad på helsa?

3.4 Landbruk

Vil dyrka mark endra planstatus ?

Vil innmarksbeite el utmarksbeite endre planstatus ?

Vil skogbruksareal endra planstatus ?

Vil endra planstatus medføre driftsulemper for landbruket ?

Vil endra planstatus påverke landbruket sine moglegheiter til næringsutvikling ?

3.5 Veg og jernbane

Vil ny eller utvida arealbruk medføre auka trong for tilkomst på det eksisterande offentlige vegnettet eller auka bruk av eksisterande planovergang med jernbanen ?

Vil ny eller utvida arealbruk langs jernbanen medføre driftsproblem eller hindre vidare utvikling av denne ?

3.6 Trafikktryggleik

Vil tiltaket medføre auka fare for trafikkulukker ?

3.7 Forureining

Luft.

Vil tiltaket ha konsekvensar for luftkvalitet (auka utslepp av miljøskadelege gassar, støv)?

Vil tiltaket ha direkte eller indirekte innverknad på helsa?

Støy.

Vil tiltaket medføre periodevis eller konstant auka støy?

Vil gjeldande grenseverdier for støy verta overhaldne?

Vil tiltaket ha direkte eller indirekte innverknad på helsa?

Utslepp.

Vil tiltaket medføre utslepp av miljøskadelege stoff til luft, jord eller vassdrag?

Vil tiltaket ha direkte eller indirekte innverknad på helsa ?

Vil tiltaket liggja på ureina grunn ?

Stråling, elektromagnetiske felt.

Vil tiltaket medføre helseskadelege tilhøve i form av radioaktiv stråling, radon?

Vil tiltaket kunne medføre helseskadelege tilhøve ved at det oppstår elektromagnetiske felt (kraftleidningar)?

Avfall

Vil tiltaket medføre at det oppstår avfall og vil dette verta handtert etter gjeldande lover og forskrifter ?

Transportarbeid

Vil tiltaket medføra auka transportarbeid?

Kan deler av transportarbeidet overførast til kollektiv transport eller gang- og sykkelvegtransport ?

Er tiltaket i samsvar med rikspolitiske retningsliner for samordna areal og transportplanlegging ?

3.8 Område / objekt som er særleg viktig for totalforsvaret

Vil tiltaket medføra konsekvensar for interessene til totalforsvaret?

Er det trong for dialog med totalforsvaret?

4. Infrastruktur

4.1 Damanlegg

Vil tiltaket få innverknad på regulerte dammar og vassdrag?

Vil regulerte vassdrag sette avgrensingar for tiltaket?

4.2 Flyplass

Vil tiltaket få innverknaden på aktiviteten for flyplassen?

4.4 Veg

Vil tiltaket føre til at eksisterande avkøyrslar, gang- og sykkelveggar eller bilveggar vert meir utsett for ulukker?

Er det tilrettelagt for gode stiar el. gang og sykkelveggar frå utbyggingsområdet og til tilgrensande areal ?

4.5 Jernbane

Medfører tiltaket bruk av eksisterande planovergang og kva følger får dette ?

Ligg tiltaket nær jernbane og bør det setjast krav om reguleringsplan for å vurdere ev. konsekvensar ?

4.6.1 Vassforsyning

Vil tiltaket medføra ein auka sannsyn for forureining i drikkevasskjeldene?

Vil tiltaket ha konsekvensar for drikkevatt (grunnvatt, overflatevatt eller private brønner)?

Vil gjeldande grenseverdier for drikkevatt verte overhalde ?

5. Ressursar

5.1 Politi / brann / ambulanse / lege

Vil tiltaket medføra at utrykkings-etatane må endra sine prosedyrar for innsats og mannskapsstyrke?

5.2 Sivilforsvar / røde kors / mfl.

Vil tiltaket medføra meiroppgåver til desse ressursgruppene?

5.3 Kommunale tenester / økonomi

Vil tiltaket medføre auka trong for kommunale tenester og økonomi?

13.3 Opplegg for ROS- analyse

MAL ROS-ANALYSE for REGULERINGSPLANAR

Voss kommune sine akseptkriterium

Voss kommune definerer sitt akseptkriterium som fylgjande:

Dei analyseområda som fell inn under grøn risikoklasse, i ROS-analyse er å sjå på som akseptable.

Dei som vert raude er i utgangspunktet uakseptabel risiko og det må gjennomførast risikoreducerande tiltak i form av førebygging eller skadebøting.

Dei i gult område må gjennom ein kost- nyttevurdering før ein avgjer om risikoen er akseptabel.

Risiko verdi:

	Akseptabel
	Skal vurderast
	Uakseptabel risiko

LIV OG HELSE

s a n s y n	Særs sannsynleg <i>Skjer oftare enn kvart 20 år</i>						
	Mykje sannsynleg <i>Skjer ein gong kvart 20-100 år.</i>						
	Sannsynleg <i>Skjer ein gong kvart 100 -200 år.</i>						
	Mindre sannsynleg <i>Skjer ein gong kvart 200 -1000 år.</i>						
	Lite sannsynleg <i>Skjer ein gong kvart 1000 -5000 år.</i>						
	Usannsynleg <i>Skjer sjeldnare enn kvart 5000 år.</i>						
		Ubetydeleg <i>Personskader kan forekomme.</i>	Liten <i>Mindre skadar som trøng medisinsk handsaming.</i>	Ein viss fare <i>Fare for alvorlige personskadar, fleire mindre personskadar.</i>	Alvorleg <i>Inntil 1 død, og/eller fare for alvorlig skadde personar.</i>	Kritisk <i>1-5 døde, og/eller fleire alvorlig skadde / sjuke.</i>	Katastrofalt <i>Fleire enn 5 døde, og/eller fleire enn 10 alvorlig skadde/sjuke.</i>
konsekvens							

YTRE MILJØ

s a n s y n	Særs sannsynleg Skjer oftare enn kvart 20 år.						
	Mykje sannsynleg Skjer ein gong kvart 20-100 år.						
	Sannsynleg Skjer ein gong kvart 100-200 år.						
	Mindre sannsynleg Skjer ein gong kvart 200-1000 år.						
	Lite sannsynleg Skjer ein gong kvart 1000 -5000 år.						
	Usannsynleg Skjer sjeldnare enn kvart 5000 år.						
		Ubetydeleg Få eller ingen skade på miljø.	Liten Mindre skadar på miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort tid.	Ein viss fare Moderate skadar på miljø, eller skadar som krev mindre tiltak.	Alvorleg Store og alvorlege miljøskader som det vil ta tid å utbetre	Kritisk Omfattane langvarige miljøskadar som krev større tiltak.	Katastrofalt Varig skade på miljø av stort omfang
konsekvens							

MATERIELLE VERDIAR

s a n s y n	Særs sannsynleg Skjer oftare enn kvart 20 år.						
	Mykje sannsynleg Skjer ein gong kvart 20-100 år.						
	Sannsynleg Skjer ein gong kvart 100 -200 år.						
	Mindre sannsynleg Skjer ein gong kvart 200 -1000 år.						
	Lite sannsynleg Skjer ein gong kvart 1000 -5000 år.						
	Usannsynleg Skjer sjeldnare enn kvart 5000 år.						
		Ubetydeleg Skadar for inntil kr 100.000 Produksjonstans < 1 uke	Liten Skadar mellom kr 100.000 –1mill Produksjonstans < 1 mnd	Ein viss fare Skadar mellom kr 1 mill-10 mill. Produksjonstans >1 mnd	Alvorleg Skadar mellom kr 10mill-100mill Produksjonstas > 3 mnd	Kritisk Skadar mellom kr 100 mill-500mill. Produksjonstas > 1 år	Katastrofalt Skadar for meir enn kr 500 mill. Varig produksjonstans
konsekvens							

Naturbasert sårbarheit				
Uønska hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
	Menneske	Miljø	Økonomi	
Ekstremvær www.met.no				
Sterk vind				
Store nedbørmengder				
Store snømengder				
Anna				
Flaumfare www.nve.no				
Flaum i elvar / bekkar				
Flaum i vassdrag/ innsjøar				
Overvasshandtering				
Springflod / stormflod				
Historisk flomnivå				
Anna				
Skredfare www.skrednett.no				
Kvikkleireskred				
Lausmasseskred				
Is – og snøskred				
Steinras, steinsprang				
Historiske hendingar				
Anna				
Byggegrunn www.ngu.no				
Setningar				
Utglidningar				
Radon				
Anna				

Plante og dyreliv www.dinrat.no				
Planter				
Dyr				
Fuglar				
Anna				
Andre uønska hendingar				
Skog- og vegetasjonsbrann				
Jordskjelv				
Anna				

Verksemdsbasert sårbarheit				
Uønska hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
	Menneske	Miljø	Økonomi	
Brann/eksplosjon				
Brannfare				
Ekspløsjonsfare				
Anna				
Energitransport				
Høgspenn				
Lågspenn				
Gass				
Anna				
Forureina vatn				
Drikkevasskjelde				
Badevatn, fiskevatn, vassdrag o.l.				
Nedbørsfelt				
Grunnvassnivå				
Anna				

Forureining – grunn www.sft.no				
Kjemikalieutslepp				
Anna				
Forureining - luft				
Støv/partiklar/røyk				
Støy				
Lukt				
Anna				
Friluftsliv og tilgjenge til sjø www.hordaland.no				
Fri ferdsel langs sjø				
Friluftsliv				
Anna				
Andre uønska hendingar				
Anna				

Sårbarheit knytt til infrastruktur				
Uønska hending/ forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
	Menneske	Miljø	Økonomi	
Trafikkfare www.vegvesen.no				
Trafikkulykker på veg				
Anna				
Forureining www.sft.no				
Støv/partiklar				
Støy				
Lukt				
Utslepp/ kjemikalier				
Anna				

Ulukker på nærliggjande vegar/transportåre www.vegvesen.no				
Veg				
Sjø				
Luft				
Anna				
Andre uønska hendingar				
Anna				

13.4 Planoversikt over gjeldande planar for Voss kommune

(K= kommuneplan, T= temaplan.)

Plan	Plantype	Periode	Vedteken
Hovudplan for avløp og vassmiljø 2016-2026	T	2016-2025	2016
Strategi for helse og omsorg		2016- 2025	2015
Strategisk næringsplan for Voss kommune	T	2015-2018	2015
Økonomiplan		2018-2021	2017
Kommuneplanen, samfunn og arealdelen	K	2015-2026	2015
Plan for hovudvegnett for sykkel i Voss sentrum			2015
Kulturplan for Voss kommune	T	2015-2025	2015
Plan for idrett og friluftsliv	T	2014-2017	2014
Hovudplan for skogsvegar	T	2013-2025	2014
Utviklingsplan «den gode barnehage»	T	2014-2017	2014
Beredskapsplan for Voss kommune	T		2014 (adm.)
Utviklingsplan «Betre læringsmiljø for skulane»	T	2013-2016	2013
Fysioterapiplan	T		2013
Viltet i Voss	T		2013
Ruspolitisk handlingsplan	K	2012 - 2016	2012
Trafikksikringsplan for Voss	T	2012-2015	2012
Temaplan for omsorgstenestene	T		2011
Kommunedelplan for Myrkdalen	K		2010
Energi og klimaplan for Voss kommune	K	2018-2021	2017 (2018)
Kommunedelplan Bavallen	K		2007
Smittevernsplan for Voss	T		2005
Plan for helsemessig og sosial beredskap	T		2005
Kommunedelplan for kulturminne i Voss	K	2004-2007	2004
Handlingsplan for forvaltning av fiskeressursane	T	2004-2007	2004
Plan for Voss kulturskule	T	2002-2007	2001
Hovudplan for vassforsyning			2001

13.5 Planoversikt over gjeldande planar Granvin herad

Plan		Periode	Vedteken
Kommuneplan	K		
Kommuneplan samfunnsdel	K	2005-2017	2005
Kommuneplan arealdel	K	2015-2025	2015
Handlingsdel/økonomiplan	K	2017-2020	2017
Kommunedelplanar			
KDP Anlegg og område for idrett og friluftsliv	K	2010-2013	2010
KDP Næring	K	2007-2010	2006
KDP Miljø og energiplan	K	2009-2013	2009
KDP Trafikksikringsplan for Granvin herad	K	2002-2015	2002
KDP Hovudplan for vassforsyning	K	1999	
KDP for avfall	K	2006-2009	2005
KDP for kulturminne	K	2017-2027	2017
KDP for hytter i Olastølsområdet og Folkedalsfjellet	K	1999	1999
Temaplanar			
Hovudplan veg	T	2003	2003
Bustadplan	T	2012-2015	2012
Strategisk næringsplan	T	2000	2000
Landbruksplan for Granvin	T	2004-2008	2004
Lønspolitisk plan	T	2015	2015
Helse- og omsorg			
Pleie og omsorgsplan	T	2009-2013	2009
Rehabiliteringsplan	T	2014	2014
Alkoholpolitisk handlingsplan	T	2016-2020	2016
Ruspolitisk handlingsplan	T	2011-2015	2011
Opptrappingsplan for psykisk helse	T	2007-2010	2007

Smittevernsplan	T	2015-2018	2015
Plan for helsemessig og sosial beredskap i Ulvik og Granvin	T	2012	2012
Skule og barnehage			
Verksemdplan Skulen	T	2016-2017	2016
Plan for kompetanseutvikling i skulen	T	2013-2016	2013
Lokal læreplan for skulen	T		
Verksemdplan Barnehage	T	2013-2017	
System for kvalitet i grunnskulen		2016-2019	
Risiko, sårbarheit og beredskap			
Overordna Beredskapsplan og ROS	T	2017	2017
Flaumsikring, tiltaksplan - NVE	T	2009/2014	2014
Plan for kommunal kriseleing i Granvin	T	2012	



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
12/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	29.01.2018
09/2018	Kommunestyret	PS	12.02.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	Gbnr - 14/40,116	14/1743

KLAGE PÅ VEDTAK OM PÅLEGG FOR FJERNING AV FARTØY PÅ STAMNES

Vedlegg:

Gnr 14 bnr 40 - Pålegg om fjerning av skip
Brev Vaksdal 29.12.17
Trefartøy Stamnes VK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Klage av 29. desember 2017 frå Bjarne Olav Eidnes vert ikkje tatt til følge.
2. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for vidare handsaming.
3. Det vert innleia forhandlingar med Bjarne Olav Eidnes med sikte på å kome fram til ein forpliktande avtale om opprydding på hans eigedom (gbnr 45/40 på Stamnes) og på sjøen utanfor.
4. Det vert gitt utsett iverksetting for Vaksdal kommune sitt pålegg av 1. desember 2017 inntil klagehandsaminga i saka er avslutta.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 12/2018

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding:

1. Klage av 29. desember 2017 frå Bjarne Olav Eidnes vert ikkje tatt til følge.
2. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for vidare handsaming.
3. Det vert innleia forhandlingar med Bjarne Olav Eidnes med sikte på å kome fram til ein forpliktande avtale om opprydding på hans eigedom (gbnr 45/40 på Stamnes) og på sjøen

utanfor.

4. Det vert gitt utsett iverksetting for Vaksdal kommune sitt pålegg av 1. desember 2017 inntil klagehandsaminga i saka er avslutta.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vaksdal kommune har kome til at det no er grunnlag for å treffe vedtak om fleire pålegg knytt til fartøy i opplag på Stamnes. Pålegga er førehandsvarsla i brev av 21. november 2014. På grunn av den tid som har gått etter at dette førehandsvarselet vart sendt sendte Vaksdal kommune ut eit nytt førehandsvarsel etter forvaltningslovas § 16 i brev av 22. september 2017 om dei konkrete pålegg som nå vert vurdert vedteken.

Vedtaket i saka vart sendt til Eidnes 1. desember 2017. Vedtaket gir pålegg om fjerning av to skip som ligg utanfor eigedomen gbnr 45/40 på Stamnes.

7. desember 2017 vart det gitt pålegg om utarbeiding av plan for kva som skal gjerast med dei andre fartøya som ligg på sjø ved Stamnes. Det er berre det fyrste vedtaket frå 1. desember som er påklaga. Det andre vedtaket er ikkje påklaga, og innan fristen 15. januar kom attendemelding som gjaldt dei resterande båtane i opplag (vedlagt).

Vurdering

Klagen skal handsamast av kommunen etter § 33 i forvaltningslova. Etter andre ledd skal kommunen foreta dei «undersøkingar klagen gir grunn til». Kommunen kan «oppheve eller endre» det påklaga vedtak om klagen vert vurdert å vere grunngeven. Dersom kommunen meiner klagen ikkje bør gis medhald skal saka leggjast til rette og sendast vidare til Fylkesmannen som klageinstans.

Innleiingsvis peiker me på at dette er ein sak som det er arbeidd med i fleire år. Som kjent er det på Eidnes sin eigedom svært mykje rot og avfall på land, og det ligger eldre båtar og skip på land og på sjøen. Eit av fartøya Eidnes har hatt liggjande utanfor eigedommen, «Fjordbuen», sank 2. februar 2006 og ligg som skipsvrak utanfor eigedomen. Fartøyet «Anders», som er eitt av dei fartøya kommunen har kravd fjerna, vart redda av brannvesenet då det heldt på å havarere i desember 2016. Årsaka var ein open ventil til en ballasttank kombinert med et rør som hadde sprekt. Årsaka er utbetra etter nesten-havariet.

Vaksdal kommune sendte 21. november 2014 eit omfattande førehandsvarsel til Eidnes. Her vart han oppfordra til å rydde opp på eigedomen og i sjøen utanfor. Det vart også gitt ein framstilling av dei tvangsmidlar kommunen kunne nytte mot Eidnes om han ikkje frivillig rydda opp. Krav om fjerning av fartøy var eit av dei moglege tiltak som vart nemnd.

Frå 2014 og framover har det vore ein løpande handsaming av denne saken i kommunen. Det har vore fleire møte med Eidnes og han er både satt under press for å rydde opp og for å leggje fram opplysningar, mellom anna om tilstanden til de to aktuelle fartøya.

Eidnes har fått utarbeida tilstandsrapporter for dei to aktuelle fartøya, M/S Anders og M/S Eide Senior. Desse vart levert til kommunen 15. mai 2017. Rapportene skildrar fartøya som gamle, men ikkje som skipsvrak. I begge rapportane heiter det at det skal være mogleg å klasse skipa slik at dei igjen kan segle. Det er ingen opplysningar om kva som må gjerast med skipa for å få dei klassa.

22. september 2017 sendte Vaksdal kommune førehandsvarsel om at det vart vurdert å treffe vedtak med pålegg om å fjerne dei to skipa. 9. november 2017 sendte Eidnes en kommentar til førehandsvarslet. 1. desember 2017 treffe rådmannen vedtak i saka. Her vart det gitt tilsvaret til Eidnes sin kommentar til varslet, og det vart grunngeve kvifor kommunen meinte at det var naudsynt med pålegg om fjerning av fartøya til tross for innvendingane frå Eidnes.

Eit hovudpoeng i klagen av 29. desember 2017 er at Eidnes bestrider at fartøya er å rekne som avfall. Kommunen har kommentert spørsmålet om fartøya er avfall etter forureiningslova § 28 i vedtaket av 1. desember 2017. Kommunen meiner at fartøya må reknast som kasserte. Dei har lagt uverksame ved kai i fleire år, og det vil være svært kostnadskrevjande å få dei klassa slik at de igjen kan segle. Eidnes opplyser også at de to fartøya må ligge slik dei ligg for at fartøya som ligg utanfor skal få tilstrekkelig med vatn under kjølen. Dei to fartøya fungerer altså som en forlenging av kaia ut i sjøen. Dette er av kommunen oppfatta som eit tilhøve som underbygger at fartøya er å rekna som kasserte.

I klagen viser Eidnes fyrst til at fartøya ikkje er rekna som «avfall» i tilstandsrapportene han sjølv har fått utarbeidd. Det bør ikkje kommunen leggje vekt på. Det er ikkje tema for tilstandsrapportene.

Eidnes bestrider vidare at det er «avfall» fordi det er gjort mykje arbeid på fartøya. Dette arbeidet er ikkje dokumentert av Eidnes, og det er vidare funksjonen til fartøya, og ikkje det arbeid som eventuelt er utført, som avgjer om dei er kasserte som fartøy. Dei synspunkt som kjem fram i klagen gjev ikkje sakleg grunnlag for å endre kommunens konklusjon.

Det må også understrekast at forureiningsfaren ved å ha fartøya liggjande er eit sjølvstendig grunnlag for å krevje fjerning av fartøya etter forureiningsloven § 7. Det at eitt av Eidnes sine fartøy har sokke, og at det i tillegg var eit nesten-havari i desember 2016, er tungtvegande omsyn som gjer at kommunen kan og bør leggje til grunn at fartøya inneber ein reell og løpande risiko for ureining. Dette er ikkje kommentert av Eidnes, bortsett frå ein generell kommentar om at fartøya i dag ikkje inneber nokon risiko for ureining. Poenget er her at fartøya ikkje utgjer noen risiko for ureining under føresetnad av at Eidnes gjer det som er naudsynt for å sikre at slik risiko ikkje oppstår. Erfaringa er tvert i mot at Eidnes ikkje gjennomfører dei tiltak som er naudsynt for å førebygge ureining, og det kan kommunen legge til grunn for sitt vedtak i saken.

Kommunen bør difor oppretthalde sin konklusjon og ikkje gje medhald til klagen.

Eidnes har ikkje bedt om utsett iverksetting etter § 42 i forvaltningslova. Klagen inneheld ein argumentasjon knytt til tidspunktet for gjennomføringa av pålegget, og det er difor naturleg å oppfatte det slik at Eidnes har bedt om utsett iverksetting. Kommunen kan handame spørsmålet om utsatt iverksetting utan at klagar har bedt om det.

I denne saka er det to grunner til at ein bør gje utsett iverksetting. For det fyrste er dette eit inngripande vedtak som ein ikkje kan gjere om dersom det er gjennomført. For at Eidnes skal få ein reell overprøving av saken er det difor naudsynt med utsett iverksetting. For det andre har Eidnes i klagen tilbode ein avtale som inneber at han frivillig fjernar eitt av fartøya.

Attendemeldinga frå Eidnes om plan for dei resterende båtane dagsett 9. januar 2018 er mangelfull i høve pålegget. Dette vert følgt opp vidare, mellom anna for å få betre grunnlag for å vurdere om nokre av desse er avfall og om fartøy som ligg på land kan setjast på sjøen utan å innebere uakseptabel fare for forureining.

Rådmann meiner det vil vere ein stor fordel, også for kommunen, om man kan finne ei frivillig løysing i form av ein forpliktande avtale med Eidnes. Denne avtalen bør innebere ei full opprydding på

eigendommen, og i sjøen utanfor, slik at man kan oppnå ei heilskapleg løysing som er akseptabel for kommunen.

Det at kommunen forhandlar for å prøve å komme fram til ein avtale med Eidnes bør på den andre side ikkje medføre at klagen ikkje vert sendt til Fylkesmannen for vidare handsaming. Erfaringa i saka tilseier at det er ein moglegheit for at Eidnes har kome med tilbodet om avtale for å vinne tid. Man bør difor ikkje la moglegheita for å kome til ein avtale forsinke prosessen. Klagehandsaminga hjå Fylkesmannen vil også gje eit press for å komme fram til ein avtale. Eit slikt press er i ein situasjon som dette formålstenleg og akseptabelt i og med at det som kommunen ynskjer å oppnå er ein tilstand på Eidnes sin eigedom, og i sjøen utanfor, som er lovleg etter reglane i forureiningsloven.

Dersom Fylkesmannen treffer eit klagevedtak medan forhandlingane går føre kan kommunen eventuelt handtere ein forhandlingssituasjon i samband med handhevinga av vedtaket.



Bjarne Olav Eidnes
Kjelbjuvegen 41
5960 DALSFØYRA

Referanser:

Dykkar:
Vår: 14/1743 - 17/8378

Saksbehandlar:

Willy Andre Gjesdal
willy.andre.gjesdal@vaksdal.kommune.no

Dato:

01.12.2017

Gnr 14 bnr 40 - Pålegg om fjerning av skip

1. Innleiing

Det vert vist til førehandsvarsel av 22.09.2017 og saksfremstilling der. I brevet står det mellom anna:

«Med heimel i forureiningslovas § 37 jfr § 28 og § 7 fjerde ledd jfr fyrste og anna ledd vert det vurdert å gje tiltakshavarane pålegg om å fjerne fartøya Anders IMO 5016171 og Eide Senior IMO 6706395 frå Stamnes. Pålegget vert retta mot enkeltmannsføretaket Bjarne Olav Eidnes (org nr 958 468 423) og Hardangerfrakt AS (org nr 992 715 847).

Forureiningslovas § 28 er endra ved lov 9. desember 2016 nr 89, og det er ikkje lenger noko krav om at eit fartøy skal kunne reknast som eit vrak for å vurderast som avfall etter lova. Vaksdal kommune oppfattar at fartøya er avfall etter lovens § 27 då dei er kassert som fartøy og er i dårleg stand. Tiltakshavarane har hatt ein rekkje moglegheiter til å gjere greie for tilstanden til fartøya og vidare bruk. Mangelen på opplysning underbygger etter kommunens oppfatning at dette dreier seg om avfall. Det vert også lagt vekt på at fartøya er i ein tilstand som gjer at det er svært usannsynleg at fartøya igjen kan bli sertifisert. Ein slik prosess vil være meget kostnadskrevjande. Fartøya kan difor reknast og handsamast som avfall etter forureiningslova § 28. Slik fartøya ligg ved kai er de både skjemmande og til ulempe for miljøet. Endeleg er plasseringa av fartøya ein situasjon som skaper fare for ulovleg forureining i strid med forureiningslova § 7 fyrste ledd.

Me syner også til den vurdering som er gjort i vedlagte rapport etter tilsyn med vidare.

Fartøya kan etter dette krevjast fjerna av eigar etter regelen i forureiningslova § 37 andre ledd.

Forureiningslovas § 7 fjerde ledd jfr. andre ledd gjev også eit sjølvstendig grunnlag for å krevje fartøya fjerna. Pålegget vert grunngjeven med at fartøya i seg sjølv er ein forureining etter § 7 andre ledd. I tillegg kommer at fartøya er ein forureiningsrisiko ved utslepp eller havari, jfr forureiningslova § 7 fyrste ledd.»

Saman med dette førehandsvarslet vart det sendt ut rapport etter tilsyn 29. mai 2017.

I førehandsvarslet vart det sett uttalefrist til 9. oktober 2017. Ved brev av 19. oktober 2017 vart det gitt utsett frist til 9. november 2017.

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto

Org.nr. 961 821 967

I e-post av 9. november 2017 sendte Eidnes to brev med kommentarar til førehandsvarselet. I dette vedtaket vil kommunen kommentere desse innspela frå Eidnes som part i saken. Det er innspela knytt til spørsmålet om fjerning av fartøya MS Anders og MS Eide Senior som her vert kommentert. Samstundes vert vedtak om pålegg om fjerning av skip grunngeven.

2. Om kommunens myndighet

Vaksdal kommune er forureiningsmyndighet etter forureiningslova § 81 første ledd c. Det vert også vist til rundskriv T-5/98 frå Klima- og miljødepartementet der det går fram at pålegg om fjerning av skip er ein av dei oppgåver kommunane har etter loven.

3. Vurdering av synspunkt til partane

Det vert fyrst hevda at Eidnes og hans selskap har samarbeidd aktivt med kommunen for å finne løysingar på utfordringane knytt til oppbevaringa av avfall og eldre fartøy på og ved eigedommen på Stamnes. Dette er ikkje kommunen sin oppfatning. I denne saken som har gått over fleire år har eit hovudproblem for kommunen vore å få relevant informasjon frå Eidnes.

Breva av 9. november 2017 inneheld ein god del relevant informasjon, og kommunen vil her kommentere dei vesentlege saklege tilhøve.

På bakgrunn av den gjennomførte synfaringa og rapportane om MS Anders og MS Eide Senior kan det fastslås at dette ikkje er fartøy som står i fare for å forlise på grunn av tilstanden i dag. Dei kan haldast flytande om dei får forsvarleg jamleg tilsyn og vedlikehald. Kommunen har difor føretatt ein breiare vurdering for å avgjøre spørsmålet om fartøya er avfall som kan krevjast fjerna etter forureiningslova § 28. Dette er ikkje uttrykk for et endra syn på rettsreglane, men ein relevant sakshandsamingsprosess der gjennomgang av faktum gir eit riktig bilete som så vert nytta i sakshandsaminga.

Etter forureiningslova § 28 er det «avfall» som kan krevjast fjerna. Etter forureiningslovas § 27 er «avfall» blant anna ein lausauregjenstand som er «kassert» eller «overflødig». Det er dette kommunen har vurdert i dei refererte avsnitta over. Kommunen legg til grunn at Eidnes har eit ønskje om å få sertifisert fartøya og sette dei i drift igjen. Dette finn kommunen at ikkje er realistisk på grunn av kostnadene som er forbundet med dette. Kommunen har merka seg at Eidnes er usamd i dette, men finn ikkje at ein kan leggja stor vekt på at Eidnes i brev av 9. november 2017 står inne for at fartøya kan klassifiserast innanfor ein økonomisk ramme som gjev lønsam drift. Kommunen legg her blant anna vekt på at Eidnes faktisk har latt fartøya ligge i fleire år utan å ta initiativ til at dei kan klassifiserast. Samstundes legg ein vekt på at plasseringa av fartøya er skjemmande for miljøet.

I brev frå Eidnes av 9. november 2017 om «Klage på rapport etter tilsyn 29. mai 2017 ...» kjem det fram ein ny opplysning som er relevant for vurderinga av om fartøya er avfall. Det heiter:

«Fartøya må ligge der slik at det er djupne til dei større fartøya.»

Dette inneber altså at MS Anders og MS Eide Senior fungerer som ein «forlenging av kaien» slik at dei større fartøya som ligg lenger ute både har tilstrekkelig djupne under skroget og tilgang til land. Ein slik bruk av fartøya underbygger etter kommunens oppfatning at dette er avfall. Slik kommunen oppfattar det er

dette hovudfunksjonen til fartøya i dag. Det understreker at fartøya truleg ikkje vil komme i drift igjen og at dei er kasserte som fartøy. Ein bruk av fartøya som «forlenging av kaien» er også problematisk i høve til både hamnelovgivning og bygningslovgiving utan at kommunen i samband med dette finn det turvande å vurdere om denne lovgivinga gir sjølvstendig grunnlag for eit krav om fjerning av fartøya.

Eidnes opplyser i same brev at fartøya vert nytta «for oppbevaring av skipsteknisk utstyr, som igjen vert nytta av dei operative fartøya i rederiet». Kommunen kan ikkje sjå at det er naudsynt å nytte dei aktuelle fartøya som ein lagringsplass. Det er mellom anna lagringsplass på land.

Eidnes opplyser vidare at: «Fartøya representera ein vesentleg verdi som salgsobjekt eller bruk av utstyret om bord.» Det er ikkje noko vilkår etter loven at ein gjenstand må være verdiløst for at ein kan karakterisere denne som «avfall», og Eidnes står sjølvstendig fritt til å selje fartøya.

I kommunens førhandsvarsel er det også lagt vekt på at fartøya inneber ein risiko for forureining etter forureiningslova § 7. Dette er uansett ein konsekvens av at dei eldre fartøya vert liggjande over tid. Ein side av denne vurderinga er også Eidnes evne til å handsame fartøya forsvarleg. Dei alvorlige hendingane med Fjordbuen og Anders er etter kommunen sin vurdering relevante hendingar når denne evna skal vurderast. Hendingane ville ikkje skjedd om Eidnes hadde betre tilsyn med fartøya, og det underbygger at den oppbevaringa av fartøy som skjer ved Eidnes eigedom på Stamnes utgjør ein forureiningsrisiko.

Rapport frå uttrykingsleiar i Vaksdal brannvesen, Morten Svarstad, er lagt ved.

Etter en ny gjennomgang av saka opprettheld Vaksdal kommune, på bakgrunn av det som her er gjennomgått, konklusjonen i førehandsvarsel av 22. september 2017.

4. Krav om fjerning av fartøya

Med heimel i forureiningslovas § 37 jamfør § 28 og § 7 fjerde ledd, jamfør fyrste og anna ledd, gjev ein tiltakshavarane pålegg om å fjerne fartøya Anders IMO 5016171 og Eide Senior IMO 6706395 frå Stamnes.

Pålegget vert retta mot enkeltmannsføretaket Bjarne Olav Eidnes (org nr 958 468 423) og Hardangerfrakt AS (org nr 992 715 847).

Det vert vist til grunngjeving drøfta i punkt 1 over, og i brev av 22. september 2017 om «LÅGSTANDARD SKIP VED KAI PÅ GNR 14 BNR 40, 116 STAMNES».

Fartøya kan etter dette krevjast fjerna av eigar etter regelen i forureiningslova § 37 andre ledd.

Forureiningslovas § 7 fjerde ledd jfr. andre ledd gjev også eit sjølvstendig grunnlag for å krevje fartøya fjerna. Pålegget vert grunngjeven med at fartøya i seg sjølv er ein forureining etter § 7 andre ledd. I tillegg kommer at fartøya er ein forureiningsrisiko ved utslepp eller havari, jamfør forureiningslova § 7 fyrste ledd.

Frist for fjerning av fartøya vert sett settast til 1. mars 2018.

5. Vedtak om tvangsmulkt

For det tilfellet at fartøya ikkje er fjerna innan fristen 1. mars 2018 (brevets punkt 4) ilegg Vaksdal kommune en tvangsmulkt på kr. 200.000,-, jamfør forureiningsloven § 73.

Tiltakshavarane vil bli solidarisk ansvarlig for betalinga av tvangsmulkta.

6. Klagerett

Vedtaket kan påklagast til Vaksdal kommune innan 29. desember 2017. For utfyllande informasjon om klagerett vert det vist til vedlegg.

Med helsing

Åse Elin Myking
Konstituert rådmann

Willy-André Gjesdal
Einingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.


Vedlegg:

Havari MF Anders den 13.12.2016

Informasjon_om_klagerett_innsynsrett_og_rett_til_aa_faa_rettleiing_av_kommunen

Mottakarar:

Bjarne Olav Eidnes	Kjelbjuvegen 41	5960	DALSØYRA
Bjarne Olav Eidnes	Kjelbjuvegen 41	5960	DALSØYRA
Hardangerfrakt AS	Kjelbjuvegen 41	5960	DALSØYRA



Bjarne Olav Eidnes,
Kjelbjuvegen 41,
5960 Dalsøyra

29.12.2017

Vaksdal kommune
Dalekvam

BREV 01.12.17 ANGÅANDE FJERNING AV SKIP PÅ STAMNES

Viser også til klage frå meg datert 09.11.17. Her kommenterte jeg brev fra dere, datert 22.09.17 - angående rapport etter tilsyn 29.05.17.

Denne klagen står en fortsatt inne for, da en ikke har fått fullstendig svar. For meg er utarbeid tilstandsrapport om fartøyene helt avgjørende i saken. Så lenge den ikke er imøtekommet, med konkrete feil, ser en den som 100% gyldig.

Kan ikke se at rapporten konkluderer med at dette er «avfall», og at fartøyene er kasserte eller i dårlig stand. Derfor mener en at Vaksdal kommune (VK) trekke sin konklusjon på feil grunnlag. VK har tidligere nyttet ekstern rådgiving på områder for å kartlegge båtene sin tilstand. Nå er ikke dette tema lenger, da VK sin juridiske rådgiver, har funne lover/regler som kan nyttes i saken. En har lest lovtekstene og har tidligere nyttet uttrykket «vage», da paragrafene er generelle og vedkommer ikke fartøyene direkte. Dette er vi selvsagt uenige om. Skal saken løses juridisk, er dette tidkrevende og forbundet med store kostnader. En ser heller ikke gevinst for noen, da en etter juridisk vurdering føler at en har like store muligheter som VK å vinne frem i saken.

Jeg mener at det er fremlagt gode argument i saken når det gjelder å ivareta fartøyene, samt teknisk rapport som konkluderer med liten fare for forurensing. Dette står også VK inne for, då båtene ikke representere noe fare pga tilstanden per dags dato. Mener det er urimelig at en trekker konklusjon om at fartøyene skal fjernes på kort varsel, med trusler om 200.000kr i tvangsmulkt. En kan heller ikke se at det er et argument at fartøyene er mer «avfall» fordi de blir nyttet i driften. Kan opplyse om at fartøyene har vert godt vedlikeholdt da det gjelder teknisk utstyr. Det har siden 2014 vert utført ca. 1600 arbeidstimer på fartøyene, dette er gjort grunnet at fartøyene skal være klare til en eventuelle klassing. (Er vel ikke helt vanlig behandling av «avfall»).

Har tidligere redegjort for at fartøyene ligger med varme/tilsyn, dette for å ivareta tekniske installasjoner om bord. Frost vil kunne gjøre stor skade. En kan ikke fjerne fartøyene innen fristen, da en ikke har andre plasser og ivareta fartøyene på. På nye året skal en utføre vedlikeholds arbeid på de større fartøyene på Stamnes - dette lar seg ikke gjøre uten at det er dybde for de. Som her skissert, kan ikke fartøyene fjernes før avsluttet vedlikehold. En kan ikke godta tvangsmulkt for dette, da det vil være et direkte inngripen i rederiets drift.

For å komme VK i møte å prøve å få en avslutning på saken, har en følgende forslag som en håper VK ser positivt på:

- Fjerne ene stål båten på Stamnes innen utgangen av mai 2018.
- Påbegynne klassing av den andre innen September 2018. Dette grunnet det tar tid å skaffe dokumentasjon på fartøyet.

Som en har skrevet tidligere er en interessert i et møte, der en kan diskutere saken og der dette kan være en mulig løsning.

Mvh
Bjarne Olav Eidnes

Bjarne Olav Eidnes
Kjelbjuvegen 41,
5960 Dalsøyra

09.01.18

Vaksdal Kommune
Dalekvam

ANGÅANDE TREFARTØY VED STAMNES MOTORVERKSTAD

M/SK Rulten:

- Fritidsbåt, 40fot
- Eigar D.O. Eidnes
- Bygd 1958
- Ingen oljeprodukt om bord
- Ligg grunna motoroverhaling på land
- Botn fullstendig renoverert ved førre slippsetting
- Vil selge når motor er installert

M/SK Nesheim

- Strukturert fiskebåt, 49fot
- Eigar H. Eidnes
- Bygd 1965
- Botn sjekka, alle støytar dreva opp igjen ved slippsetjing 2012
- Skal bytte motor før salg

M/K Bjorholm

- Yrkjesfartøy, 73fot
- Ansvarleg B.O Eidnes
- Bygd 1948
- Ligg grunna peling av ny kai
- Botn totalrenoverert med nye kjølboltar + driving støytar 2011
- Delvis jarnskodd kjøll

M/SK Skombrus

- Strukturert fiskebåt, 63 fot
- Ansvarleg B.O Eidnes
- Rustfrie kjølboltar
- Bygd av eik på furuspannt i 1962
- Ligg grunna montering av nytt sjøvannsinntak

M/SK Ulvikfjord

- Yrkjesfartøy, 63fot
- Eigar B.O Eidnes
- Bygd 1948
- Står på slipp grunna utbedring kjøll + montering av stålskoning
- Håpar på sjøsetting til sommaren

Alle fartøya har minimale mengder oljeprodukt om bord. Alle båtane ligg med straum og varme.

Fartøya er ikkje vrak eller avfall!

Mvh
Bjarne Olav Eidnes



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
10/2018	Kommunestyret	PS	12.02.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Trine Pettersen Grønbech	FA - F82	16/1073

TILDELING AV VIGSELSRETT TIL ANDRE ENN ORDFØRER OG VARAORDFØRER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I tillegg til ordfører og varaordfører vert det tildelt vigselfrett til Ann Kristin Bolstad.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I K sak 80/2017 fatta kommunestyret følgjande vedtak:

«Kommunestyresalen vert tilbydd som seremonirom ved borgarleg vigsel i kommunen. Anna lokalitet kan avtalast.

I tillegg til ordfører og varaordfører vert det tildelt vigselfrett til ein som rådmannen peikar ut. Begge kjønn skal være representert blandt vigslarane.»

Vurdering

Formuleringa «I tillegg til ordfører og varaordfører vert det tildelt vigselfrett til ein som rådmannen peikar ut» er ikkje i samsvar med Ekteskapslova § 12 b, og sak om tildeling av mynde som vigslar i Vaksdal kommune kjem difor opp til handsaming på nytt.

Etter Ekteskapslova § 12 b heiter det at *«ordførere, varaordførere og kommunalt ansatte eller folkevalgte som kommunestyret selv gir slik myndighet.»*. Ordfører og varaordfører har etter ordlyden vigselfmynde direkte med heimel i lova. Men for andre må kommunestyret «selv» gje mynde. Rådmannen kan såleis ikkje få høve til å peike ut vigslar.

Det heiter i kommunestyret sitt vedtak at *«begge kjønn skal vere representert blant vigslarane»*. Rådmannen har spurt kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad. Ho er lokal og har sagt seg viljug til oppgåva.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
11/2018	Kommunestyret	PS	12.02.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FA - M70	17/548

VAL AV ÅRSMØTEREPRESENTANT TIL VEST BRANN- OG REDNINGSREGION

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

_____ er Vaksdal kommune sin årsmøterepresentant for gjeldande kommunevalperiode.

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok i møte 23.10.2017, sak 71/2017, å inngå som medlem i Vest brann- og redningsregion. Kommunestyret vedtok samtidig å utsetje val av årsmøterepresentant for å få avklart kven som kan veljast. Det vart reist spørsmål om det skal velgast politisk eller administrativ representant til årsmøtet. Blant kommunar som har valt årsmøterepresentant har fleire valt ordførar eller annen politisk representant.